Kommunen bør etter rådmannen sitt syn vurdere to hovudomsyn når det gjeld dette prosjektet. Det eine er rolla som vertskommune og interessa for at HVO er framtidsretta og konkurransedyktig. I kommuneplanen er det vedteke slik målsetting under temaet Volda i regionen: «Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar». Til dette målet er det vedteke slike strategiar:

- Vidareutvikle og styrke regionale funksjonar i området, og utvikle sentrum med urbane kvalitetar.
- Legge til rette for at Volda og Ørsta skal vere Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk.
- Styrke og vidareutvikle bu- og arbeidsregionen, og vidareutvikle samarbeidet med Ørsta.
- Styrke næringslivet med vekt på innovasjon og grunderverksemd, og vidareutvikle utdanningstilbodet i Volda-Ørsta.
- Styrka samarbeidet mellom kommunen, høgskulen og andre regionale funksjonar.

Det andre omsynet er om kommunen skal nytte høvet til å inngå i eit partnerskap og løyse eigne behov for kulturell infrastruktur. Det går eit tog no, og truleg kan det verte lenge til neste gong, om det i det heile teke vil oppstå ei slik sjanse seinare.

Inntil det ligg føre eit skisseprosjekt har ein ikkje klare tal på kva ei slik deltaking vil innebere økonomisk for Volda kommune. Statsbygg er ubyggar og HVO leigetakar. Statsbygg rår til at dersom kommunen deltek, så er det mest tenleg med framleigeavtale der HVO leiger ut ein andel ut frå timebruk til Volda kommune. Føresetnaden for å få gjennom ein slik modell hos Kunnskapsdepartementet er at det er HVO sin bruk av sambrukslokalet er det dominerande. Bakgrunnen er at statlege bygg i hovudsak skal førast opp til statleg formål. Det er likevel opning for eit samarbeid med andre partar når den andre parten sitt behov ikkje er det primære.

HVO har gjort ei grovkalkyle på husleige i to alternativ basert på arealmåla i programprosjektet frå januar 2016, jfr styresak den 28.04.16:

I Med fleirbrukssal	Husleige	II Utan fleirbrukssal	Husleige
Redusert husleige	6,00 mill	Redusert husleige	6,00 mill
Innsparing Ivar Aasen	1,00 mill	Innsparing Ivar Aasen	1,00 mill
Innsparing SfS	0,20 mill	Innsparing SfS	0,20 mill
Husleige kino	0,30 mill	Husleige kino	0,30 mill
Volda kommune husleige 910 m2	2,43 mill		
Sum	9,93 mill	Sum	7,50 mill
Auka husleige HVO	2,07 mill	Auka husleige HVO	2,70 mill
Totalt	12,00 mill		10,20 mill

Dette er førebelse kalkyler og basert på HVO sine skjønsmessige føresetnader om kommunal bruk/leige av fleirbrukssal og kino. Dette er forhold som må vurderast nærare etter forhandlingar, og der ein må leggje til grunn at HVO har den dominerande bruken. Ein kan førebels berre bruke desse tala som ein indikasjon på kva det kan dreie seg om av årlege

husleigeutgifter dersom Volda kommune skal gå inn i prosjektet. Vidare må Volda kommune ta høgde for utgifter med drifta. Erfaringar viser at mange kommunar som regel har netto driftsutgifter med kinodrift og kulturelle arrangement. Det kan vere aktuelt å organisere kulturelle arrangement gjennom eit driftsselskap, og at td Volda kommune og Studentsamskipnaden kunne etablere eit slikt selskap i lag. Det er ikkje usannsynleg at ei satsing saman med HVO på Campus kan representere ei årleg utgift for kommunen i storleiken 3 – 4 millionar i leige og drift. Dette er sjølvsagt heilt grove anslag, og nærare kostnadskalkyle må kome fram gjennom skisseprosjekt og planlegging av driftsopplegg. Basert på at HVO skal ha ferdig nybygg innan 2020, så er dette utgifter som ev vil verte utløyst frå og med 2021.

Dersom Volda kommune skal ha ei rolle i regionen slik intensjonen er kommuneplanen, så krevst det ei satsing. Dette føreset omprioriteringar i drifta, effektivisering av tenestestrukturen og ein svært bevisst investeringsplan i åra framover. For å kunne ivareta eit tilfredsstillande nivå på tenestene, så meiner rådmannen at Volda kommune er avhengig av eigedomsskatt. Dersom Volda kommune skal delta i kultursatsing og leige seg inn i eit fleirbruksbygg/nytt mediebygg på Høgskuleområdet, så må slike planar byggje på føresetnadene om at kommunen ikkje fjernar eigedomsskatten i 2019 slik intensjonen er frå kommunestyret. Det same gjeld også dersom ein skal arbeide fram ein ny idrettshall i Volda kommune. Dette må sjåast i lys av andre større investeringsbehov i Volda kommune, som t.d Volda ungdomsskule.

Rådmannen meiner at det er viktig for Volda som vertsstad for Høgskulen, samt for kommunen si rolle i regionen, at Volda kommune deltek vidare i samarbeidet med sikte på å få realisert eit mediebygg med fleirbruksfunksjonar som kan dekkje kommunen sitt behov for kino og kulturelle arrangement. Kommuneplanen peikar på Volda og Ørsta som eitt samfunn i strategiane som tilretteleggjar for urbane kvalitetar og høgskulesenter. Ideelt sett burde Volda og Ørsta gått saman om ei felles kultursatsing lokalisert til Campusområdet. Dette burde ein gjere uavhengig av om Volda og Ørsta ikkje vert samanslått dei første åra. Rådmannen meiner ein bør føre dialog med Ørsta kommune om ei slik felles utvikling.

Notatet vert lagt fram for formannskapet til orientering og ev politiske signal til administrasjonen og HVO for kva haldning Volda kommune skal ha til saka vidare. Elles kjem rådmannen attende til prosjektet i eigne saker og i samband med komande budsjett og økonomiplan.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

Kopi:
Høgskulen i Volda
Studentsamskipnaden

SPESIALLEVERANSER TIL KULTURHUSPROSJEKT FORELØPIG INNSPILL/VURDERING.

Generelt:

Nybygg 1130701 Høyskolen i Volda, mediefag skal oppføres med Statsbygg som utbygger/byggherre, og HVO og Volda kommune som brukere/framtidige leietakere.

Volda kommune ønsker å kontrahere direkte enkelte leveranser/entrepriser som har status som komplettering av «råbygg» (Innredningskomponenter og spesialtekniske anlegg) samt nødvendig inventar til felles bruk i de aktuelle områder. Volda kommune viser til Fosnavåg kulturhus som eksempel på gjennomføring av en slik løsning.

Hensikten med en slik løsning er at kommunen antar at de ved en slik framgangsmåte kan oppnå gunstig finansiering/tilskudd. Dette må selvfølgelig også avklares med Statsbygg/HVO i leie og driftsavtale. Det kan være hensiktsmessig at kommunen og HVO oppretter en felles driftsorganisasjon for aktuelt område.

Aktuelle delprosjekt/leveranser:

Kultursal:

Skyveamfi

Kinoteknikk i kultursalen

Scene, lyd, lys, bilde

Golvbelegg

NB! Nødvendige forsterkinger/stålkonstruksjoner i sceneområde.

Kinosal

Golvbelegg og amfistoler
(Amfi antas bygg)

Kinoteknikk
Lyd ,lys, bilde

Inventar.

Stoler og bord

Kioskinnredning og annen aktuell innredning i fellesareal

Billetteringsutstyr

Kontorinnredning eget kontor

Scenemoduler

Reoler

Løfteutstyr/stillas/transportvogner

Spesialinnredning i garderober /medhør

Dette gir utfordringer med ansvarsforhold når det gjelder prosjektering og gjennomføring av byggearbeid, montasje/ leveranse på byggeplass.

Det er viktig at Statsbyggs prosjekteringsgruppe (PG) sitter med ansvar for prosjekteringen inkl. «forsyning» til kulturarealene. Volda kommune bør ha ansvar for spesialprosjektering av de aktuelle tekniske anlegg og innredningskomponenter, men med kommunikasjon til PG (og totalentreprenør) for å sikre «forsyning» og sammenheng på alle måter.

Det må også legges opp prosjekteringsprosesser slik at byggherre/brukere får nødvendig innsyn.

Detaljprosjektering, innbygging og montasje av disse spesialanleggene må også samhandles med byggets totalentreprenør. Dette bør klargjøres ved utlysning av totalentreprise og avklares i kontrakt med entreprenøren.

Det anses viktig at det meste av monteringsarbeidene i kulturarealene kan utføres før totalentreprenør kan kreve overtakelse av arbeidene i sin entreprise.

Nødvendig omfang av inventar må samhandles med HVO slik at det ikke nå anskaffes komponenter som allerede er disponibelt på høyskolen.

KOSTNADSOVERSLAG 01.11.2017 – dagens prisnivå

1 Kultursal:

1.1 Skyveamfi med inntil 500 sitteplasser – bredde sal 18 m kr. 3.500.000

- Tribunen skal være solid og gi god stabilitet med minimal støy fra gange på tribune og i trapper.
- Tribunen skal gi gode siktlinjer.
- Det skal være godkjent rekkverk på sidene.
- Hjul skal være tilpasset underlaget slik at skader på gulv unngås.
- Tribunen skal leveres med integrert motordrift.
Tribunen skal være elektrisk drevet; et komplett anlegg ferdig idriftsatt.
- Det skal være stikkontakt for annenhvert stolsete.
- Alt utstyr skal være NEMKO-godkjent eller tilsvarende, og ferdiganlegget skal tilfredstille norske krav.
- Grensesnitt mot elektrofag for bygget er trefaset stikkontakt med kapasitet og plassering etter leverandørens anvisning.
- Krav til stoler.
Stolene skal kunne klappes sammen.
Stolene skal kunne ha polstret sete og rygg og ha meget god sittekomfort.
Stoff skal i hovedsak bestå av ull og alle tekstiler skal være flammehemmende. Det forutsettes kjemisk rensing med skumrensemidler.

1.2 Kinoteknikk i kultursalen kr. 3.000.000

- Prosjeksjonsutstyr digitalt
- Lydanlegg
- Lerret uten maskering
- Automasjon
- Installasjon m.m.

1.3 Scene, lyd, lys, bilde

1.3.1 : Moduler for oppbygging av scene kr. 1.300.000

1.3.2: Sceneteppe og oppheng. kr. 3.000.000

Teppe, lystrekk og scenetrekk
NB! Nødvendige forsterkinger/stålkonstruksjoner i sceneområde må avklares.

1.3.3 Lys	kr. 2.100.000
1.3.4 Lyd	kr. 2.000.000
1.3.5 AV (Projektor, talerstol, mm.)	kr. 600.000
1.4 Golvbelegg	kr. 1.000.000
<ul style="list-style-type: none">• Scenegulvet skal ha god svikt og lite trinnlyd for dans. Matt, sortmalt gulv med mulighet for skrufeste.• Gulvoverflate (inkl.) underlag må tåle belastningen fra teleskoptribunen.	

2 Kinosal

2.1 Golvbelegg og stoler **kr. 650.000**

Amfiet har 80 seter for kinoframsying.

(Antatt fast oppbygd amfi som benyttes som magasin for luft som fordeles gjennom ventiler under stolrader- Bør utføres av totalentr.)

Krav til stoler som i konsertsal.

2.2 Kinoteknikk **kr. 2.000.000**

- Prosjeksjonsutstyr digitalt
- Lydanlegg
- Lerret uten maskering (opprullbart)
- Automasjon
- Oppgradering til Dolby Atmos
- Installasjon m.m.

3.0 Inventar. **Kr. 1.350.000**

3.1 Stoler og bord

- 70 orkesterstoler , MB design
- 20 konferansebord , AJ produkter
- 160 konferansestoler, AJ produkter
-

Volda kommune – kulturhus.

3.2 Kioskinnredning og annen aktuell innredning i fellesareal

3.3 Billetteringsutstyr

3.3 Kontorinnredning eget kontor

3.4 Reoler på lager

3.5 Løfteutstyr/stillas/transportvogner

3.5 Spesialinnredning i garderober /medhør

3.6 Scenemoduler for 200 m2

Sum totalt eks. avg. (Dagens prisnivå)

kr. 20.500.000

Vi gjør oppmerksom på at kostnadsoverslaget er beheftet med relativt stor usikkerhet da grunnlaget fortsatt er svært usikkert.

Åndalsnes/Vestnes 01.11.2017

Per Einar Langseth

Arvid Blindheim



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/102
		Arkivkode:	144

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
185/17	Formannskapet	14.11.2017

KULTURMINNEPLAN FOR VOLDA KOMMUNE - OFFENTLEG ETTERSYN OG HØYRING

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Formannskapet vedtek å sende Kulturminneplan for Volda kommune 2017-2021 på høyring og legge planframlegget ut til offentlig ettersyn, jf Plan- og bygningslova § 11-14.**
- 2. Høyringsfrist vert sett til 5. januar 2018.**

Vedleggsliste:

Kommunedelplan for kulturminne 2017-2021, planframlegg datert 6. november 2017

Samandrag av saka:

Planprosess og medverknadsopplegg er gjennomført etter fastsett planprogram.

Saksopplysningar/fakta:

Det er klima- og miljøverndepartementet i lag med riksantikvaren som gjennom satsinga Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga oppfordrar kommunane til å utarbeide lokale kulturminneplanar, og som har ytt økonomisk stønad til arbeidet. Økonomisk støtte til planarbeidet har ein også fått frå Møre og Romsdal fylkeskommune via LUK-satsinga. Planen er prioritert i kommunen sin planstrategi, og i samfunnsdelen av kommuneplanen har kommunen målsetting om å sikre ei berekraftig forvaltning av kulturminne og kulturmiljø i kommunen.

Føremål med planen er å gje ei oversikt over kulturminne og -miljø i kommunen, og identifisere kulturminne som ikkje har eit formelt vern i dag men som er viktige å ta vare på

for framtida.

Planen i seg sjølv gir ikkje grunnlag for vern, men peikar på behovet for dette gjennom framlegg til omsynssoner for eit utval kulturminne, og skal leggast til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Planen er ein kommunedelplan, og med dette ein del av kommunen sitt overordna planverk, og skal leggast til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Utarbeiding av ein kulturminneplan er forankra i kommunen sin planstrategi, og er også ein del av ei nasjonal satsing frå Riksantikvaren og Møre og Romsdal fylkeskommune. Volda kommune sette i gang arbeidet med å utarbeide kulturminneplan for Volda kommune, planprogrammet vart lagt ut på høyring og vart seinare vedteke av kommunestyret i sak 77/16 den 16.06.2016.

Det blir vist til vedlagde utkast til plandokument. Formannskapet skal ta stilling til om planutkastet kan bli lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med plan- og bygningsloven § 11-14-

Kulturminneområdet er stort og omfattande. Ei stor utfordring med å utarbeide ein plan for kulturminne er å prioritere og avgrense planen. Prosjektgruppa har valt å fokusere på følgjande tema i planen: førtidsminne og minnesmerke, bygningar, bygdemiljø, tekniske og industrielle kulturminne, samferdsle og immaterielle kulturminne. Førtidsminne (automatisk freda kulturminne) er etter lova eit kulturminne som er frå før reformasjonen i 1537. Bygningar inkluderer kyrkjer, freda bygningar og andre bygningar med kulturminneverdi. Bygdemiljø skildrar ulike gatemiljø, setrar og gardsmiljø som er typiske for Volda kommune. Tekniske og industrielle kulturminne er fabrikkar, kraftverk og liknande som kan knytast opp mot den tekniske/industrielle historia til området. Samferdsle er gamle ferdselsårar og vegar, ferdsel langs fjorden og posthistorie. Det siste temaet er immaterielle kulturminne; som kunnskap, ferdigheiter, språk, stadnamn og handverkstradisjon er døme på. Dette finn ein omtala i kapittel 5-10.

Kapittel 11 omtalar gjennomføring av planen, med oversikt over lokalt viktige kulturminne og handlingsplan. Kapittel 12 er ei oversikt over kjelder og litteratur; både dei som er brukte i planen og nyttige lenkjer og dokument for vidare lesing. Kapittel 13 er ei oversikt over dei innsendte forslaga til lokalt viktige kulturminne.

Arbeidet med kulturminneplanen har vore organisert som eit eige prosjekt. Temaplanen for kulturminne skal gjelde for ei periode på 4 år, med jamleg revisjon. Det vart oppretta ei prosjektgruppe med representantar frå kommunen, lokale lag og organisasjonar og andre ressurspersonar. Prosjektgruppe har vore Inger-Johanne Johnsen, Tove Aurdal Hjellnes, Heidi Istad, Torgeir Stensø, Cecilie Rørstad og Kari Hasle. Olav Myklebust og Oda Skoglund har vore engasjert i å utarbeide planen.

Formannskapet har vore styringsgruppe i planprosessen.

For å sikre lokal forankring og eigarskap til planen, har ein lagt vekt på å inkludere innbyggjarane gjennom medverknad frå sogelag, lag og organisasjonar og ressurspersonar frå ulike område i kommunen. Vi har søkt å forankre planen i eit utval av det rike forskings- og registreringsarbeidet som er gjort på kulturminnefeltet i Volda. I registreringsarbeidet har ein lagt opp til møteverksemd og informasjon i dei ulike bygdene for å engasjere innbyggjarane

til å ta del i prosjektet. Via ei facebookgruppe vart folk oppmoda om kome med innspel til temaplanen.

Utvalet vi har fått av kulturminne av lokal verdi, er eit resultat av den metodikken og prosessen som er valt for arbeidet. Dei som har kome med forslag til kulturminne har gjort det ut frå eigne føresetnader og ut frå eigen lokalkunnskap. Dette betyr at det vil vere kulturminne rundt om i kommunen som burde ha vore representert i planen, men som ikkje er det. Men dette betyr ikkje at desse av den grunn er verdilause: Kommunen har framleis eit ansvar for kulturminne som ikkje har status som lokalt viktige kulturminne og som ikkje er tekne med i den kommunale kulturminneplanen.

Denne kulturminneplanen er ein førstegenerasjons kulturminneplan, og det vil vere behov for tilføyingar og endringar når planen skal reviderast neste gong.

Økonomiske konsekvensar:

Gjennomføring av planen kan få økonomiske konsekvensar for kommunen i den grad det kan verte politisk prioritert at kommunen skal gå inn med midlar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vurdering og konklusjon:

Ein tilrår at planutkastet vert lagt ut til høyring slik det no ligg føre. I høyringsperioden vil ein kunne få merknader med forslag til andre kulturminne som bør løftast fram som lokalt viktige kulturminne, som ein må vurdere å ta inn i planen. Dette gjeld også forslag til endringar i handlingsplanen.

Dersom ein seinare vil utvide planen med nye tema, eller meir omfattande dokumentasjon, kan dette gjerast ved neste revisjon av planen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Sektor kultur og service for vidare arbeid



VOLDA KOMMUNE

Kommunedelplan for kulturminne 2017-2021



INNHALD

1. Innleiing	5
1.1. Målet med planen.....	5
1.2. Rammer for planen.....	5
1.3. Plantype.....	5
1.4. Overordna føringar, anna lovverk og eksisterande planar.....	6
1.5. Organisering og medverknad.....	6
2. utfordringar i kulturminnearbeidet	7
2.1. Kvifor ta vare på kulturminne?.....	7
2.2. Utfordringar framover.....	7
3. Aktørar, roller og ansvar i kulturminnearbeidet	8
3.1. Statleg mynde sitt ansvar.....	8
3.2. Fylkeskommunen sitt ansvar.....	8
3.3. Volda kommune sitt ansvar.....	8
3.4. Eigar sitt ansvar.....	8
3.5. Økonomiske støtteordningar.....	8
3.6. Andre organisasjonar si rolle.....	8
4. Kulturhistorisk oversikt	9
4.1. Kunnskapsgrunnlaget.....	9
4.2. Kulturhistorisk oversikt for kommunen.....	9
5. Førtidsminne og minnesmerke	11
5.1. Arkeologiske kulturminne.....	11
5.2. Historiske kjelder.....	11
5.3. Minnesmerke.....	12
5.4. Krigsminne.....	13
6. Bygningar	13
6.1. Freda bygningar.....	13
6.2. Kyrkjene.....	16
6.3. Skulehusa.....	17
6.4. Offentlege bygg.....	19
6.5. Museum.....	20
7. Bygdemiljø	22
7.1. Byggestilen.....	22
7.2. Sentrumsmiljø.....	23
7.3. Gardsmiljø.....	25
7.4. Tuntrea.....	26
7.5. Steingardar og bruer.....	27
7.6. Setrar.....	29
8. Tekniske og industrielle kulturminne	32
8.1. Kraftverk.....	32
8.2. Fabrikkar.....	34
8.3. Attåtnæring.....	38
8.4. Kystkultur og båtbyggjartradisjon.....	38
9. Samferdsle	41
9.1. Sjøvegen.....	41
9.2. Landevegen.....	42
9.3. Posten.....	43
9.4. Mobile kulturminne.....	44
9.5. Paddetunnelar.....	45
10. Immaterielle kulturminne	46
10.1. Bildande kunstnarar/kunsthåndverkarar.....	46
10.2. Skriftkultur.....	46
10.3. Stadnamna.....	47



10.4.	Fotografi.....	47
10.5.	Musikk- og dansetradisjonar	48
10.6.	Idrettsmiljøet	49
10.7.	Bunad- og folkedraktskikk	50
10.8.	Kometland.....	51
11.	Gjennomføring av planen	52
11.1.	Lokalt viktige kulturminne.....	52
11.2.	Regionalt og nasjonalt viktige kulturminne.....	52
11.3.	Handlingsplan	53
12.	Kjelder og litteratur	55
12.1.	Skrivne kjelder som er brukte i planen.....	55
12.2.	Nyttige lenker og dokument for vidare lesing	55
12.3.	Om Volda skrive av og for folk i Volda.....	56
12.4.	Noter	58
13.	Oversikt over innsendte innspel til kulturminneplanen	59

HELSING FRÅ ORDFØRAREN

Kulturminna, definert som alle spor etter menneskeleg verksemd, viser utviklinga som danna grunnlaget for det samfunnet vi har i dag. Kulturminna er uerstattelige verdiar, og som kommune har vi eit ansvar for å forvalte desse på ein best mogleg måte.

Kulturminneplanen er viktig i arbeidet med å verne, men og å legge til rette for forsvarleg bruk av kulturminne i Volda. Verneverdige kulturminne er slike som er verna i kraft av lovgjeving og nasjonale og regionale vedtak, og i tillegg kulturminne som kommunen sjølv meiner er verneverdige ut frå lokale ønskjer og behov. Kulturminneplanen omfattar alle slike kulturminne, men med eit spesielt fokus på verneverdiar vi sjølv har identifisert som lokalt viktige kulturminne og som vi vil verne gjennom kommunale politiske vedtak – dvs. ved vedtak av kulturminneplanen.

Kulturminneplanen gir oss oversikt over aktuelle kulturminne som bør vernast, men og korleis vernet kan gjennomførast med omsyn til bruk og tiltak for å sikre verdiar og vern. I planarbeidet har det vore deltaking av innbyggjarar med interesse for kulturminne og med svært mange interessante og viktige innspel som har gitt ny kunnskap. Eg vil takke plangruppa for ein flott innsats og eit vel gjennomført planarbeid og ein spesiell takk til alle som har vore til hjelp for oss i dette arbeidet.

Det er ikkje nok å lage til ein plan, denne må følgast opp med handling. Kommunen kan ikkje gjere alt åleine, derfor må vi få med oss entusiasmen frå planleggingsarbeidet med på å gjennomføre aktuelle tiltak i eit tett samarbeid mellom privatpersonar, lag og organisasjonar, kommunen og offentlege støtteordningar.

Jørgen Amdam, ordførar



Volda sentrum, foto: Torgeir Stensø

1. INNLEIING

1.1. MÅLET MED PLANEN

Volda kommune har per i dag ikkje noko samla oversikt over kulturminna i kommunen. Informasjonen om ulike kulturminne er lagra i databasar som SEFRAK-registeret¹ og Askeladden, men dei fleste kulturminna er ikkje registrerte nokon stad. Ei samla lokal oversikt over kulturminna vil gje kommunen auka kunnskap og kompetanse om kulturarva, samtidig som ein får kartlagt dei ulike kulturminna som finst. På denne måten vil ein lettare kunne avklare kva kulturminne som bør takast vare på, og korleis ein skal gjere dette.

Forstå fortida - planlegge for framtida

Volda kommune har kulturminne og kulturmiljø av både nasjonal, regional og lokal verdi. Å ta vare på desse minna om fortida er svært viktig, fordi det er identitetsskapande og gjev kjensle av tilhørsle hos innbyggjarane. Planen skal bidra til å fremme forståing av kva verdi kulturminna har for vår felles historie og identitet, og vil på denne måten vere med på å vidareføre kulturarven vår. Ei kartlegging vil gje innbyggjarane ny kunnskap og informasjon om kulturminna i dei ulike bygdelaga, og gje kommunen betre grunnlag for å ta vare på desse. Kulturminna påverkar ein stor del av kommunen si verksemd: Både plan- og byggesak, eigedomsforvaltning, formidlingsarbeid, næring og utvikling har kulturminne som ein del av sitt fagområde. Planen skal gje kunnskap og prioritering, og ikkje minst – planen er eit viktig reiskap i plan- og byggesakshandsaminga.

Ved å ha ein politisk vedteken kulturminneplan legg ein føringar for korleis ein seinare skal ivareta omsynet til kulturminne og kulturmiljø i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Målsettinga må vere å kunne utvikle eit moderne Volda og samtidig ha evne til å ta vare på historia og identiteten vår.

1.2. RAMMER FOR PLANEN

I samfunnsdelen til kommuneplanen, vedteken av Volda kommunestyre 26.5.2016, står det om mål og strategiar om satsingsområdet «Volda i regionen». Eit av måla er

å «bruke Volda-Ørsta sin kulturarv og identitet bevisst i arbeidet med å bygge regionsenteret». Strategien som er sett for å nå målet er:

- Kartlegge, formidle og marknadsføre kulturminne og kulturmiljø.
- Formidle og bevisstgjere innbyggjarar om Volda sin kulturarv og identitet gjennom barnehagar, skular og som ein del av integreringsarbeidet.
- Fokuserer på og vidareutvikle Volda og Ørsta sine særsegne kvalitetar.
- Nytte skulestaden Volda og StudiebygdA i omdømebygging og marknadsføring i arbeidet med å vidareutvikle Volda-Ørsta som regionsenter.

1.3. PLANTYPE

Ein kommunedelplan kan vere ein plan for eit bestemt område, tema eller verksemdsområde. Denne planen er difor ein tematisk kommunedelplan, og ikkje juridisk bindande. Kulturminnelova si definisjon av kulturminne er lagt til grunn for arbeidet med denne planen. Kulturminne er definert som:

«...alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til» (Lov om kulturminne § 2).

Prosjektgruppa har valt å fokusere på følgjande tema i planen: førtidsminne og minnesmerke, bygningar, bygdemiljø, tekniske og industrielle kulturminne, samferdsle og immaterielle kulturminne. Førtidsminne (automatisk freda kulturminne) er etter lova eit kulturminne som er frå før reformasjonen i 1537. Bygningar inkluderer kyrkjer, freda bygningar og andre bygningar med kulturminneverdi. Bygdemiljø skildrar ulike gatemiljø, setrar og gardsmiljø som er typiske for Volda kommune. Tekniske og industrielle kulturminne er fabrikkar, kraftverk og liknande som kan knytast opp mot den tekniske/industrielle historia til området. Samferdsle kan vi forstå som gamle ferdsselsårar og vegar, ferdsel langs fjorden og posthistorie. Det siste temaet er immaterielle kulturminne; som kunnskap, ferdigheiter, språk, stadnamn og handverkstradisjon er døme på.



1.4. OVERORDNA FØRINGAR, ANNA LOVVERK OG EKSISTERANDE PLANAR

Plan- og bygningslova legg føringar om utarbeiding av planar for kommunen.

Lov om kulturminna (kulturminnelova) seier at kulturminne og kulturmiljø skal vernast som ein del av vår identitet og kulturarv, som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Når vedtak påverkar kulturminna, skal kommunen ta omsyn til kulturminnelova sitt formål. Kulturminne frå oldtid og middelalder inntil år 1537 er automatisk freda.

Nasjonale føringar:

- St.meld. nr 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
- St.meld. nr. 26 (2004-2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld. nr 25 (2012-2013) Framtid med fotfeste
- NOU 2002: 1: Fortid former framtid. utfordringer i en ny kulturminnepolitikk

Regionale føringar:

- Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi (2015)
- Fylkesplan for Møre og Romsdal (2013-2016)
- Regional planstrategi (2012-2016)

Lokale føringar:

- Volda kommune sin kommuneplan (samfunnsdel) 2016-2020. Vedteken 26.5.2016

1.5. ORGANISERING OG MEDVERKNAD

Arbeidet med kulturminneplanen har vore organisert som eit eige prosjekt. Temaplanen for kulturminne skal gjelde for ei periode på 4 år, med jamleg revisjon. Det vart oppretta ei prosjektgruppe med representantar frå kommunen, lokale lag og organisasjonar og andre ressurspersonar. Prosjektgruppe har vore Inger-Johanne Johnsen, Tove Aurdal Hjellnes, Heidi Istad, Torgeir Stensø, Cecilie Rørstad og Kari Hasle. Olav Myklebust og Oda Skoglund har vore engasjert i å utarbeide planen.

Formannskapet har vore styringsgruppe i planprosessen.

For å sikre lokal forankring og eigarskap til planen, har ein lagt vekt på å inkludere innbyggjarane gjennom medverknad frå sogelag, lag og organisasjonar og

ressurspersonar frå ulike område i kommunen. Vi har søkt å forankre planen i eit utval av det rike forskings- og registreringsarbeidet som er gjort på kulturminnefeltet i Volda. I registreringsarbeidet har ein lagt opp til møteverksemd og informasjon i dei ulike bygdene for å engasjere innbyggjarane til å ta del i prosjektet. Via ei facebookgruppe vart folk oppmoda om kome med innspel til temaplanen.

Utvalet vi har fått av kulturminne av lokal verdi, er eit resultat av den metodikken og prosessen som er valt for arbeidet. Dei som har kome med forslag til kulturminne har gjort det ut frå eigne føresetnader og ut frå eigen lokalkunnskap. Dette betyr at det vil vere kulturminne rundt om i kommunen som burde ha vore representert i planen, men som ikkje er det. Men dette betyr ikkje at desse av den grunn er verdilause: Kommunen har framleis eit ansvar for kulturminne som ikkje har status som lokalt viktige kulturminne og som ikkje er tekne med i den kommunale kulturminneplanen.

Denne kulturminneplanen er ein førstegenerasjons kulturminneplan, og det vil vere behov for tilføyningar og endringar når planen skal reviderast neste gong.



Røysløda i Volda sentrum har materiale i seg frå den gamle stavkyrkja i Volda som vart riven i 1858. I følgje SEFRAK-registreringa er løa reist i 1870-åra, men mykje tyder på at den er langt eldre. Foto: Kari Hasle

2. UTFORDRINGAR I KULTURMINNEARBEIDET

2.1. KVIFOR TA VARE PÅ KULTURMINNE?

Kulturminne er eit viktig verktøy når ein skal forstå korleis samfunnet er bygd opp. I meir enn tolv tusen år har det levd menneske i Norge, og med hjelp av naturen har dei skapt eit livsgrunnlag. I førindustriell tid var det naturleg at ein nytta lett tilgjengeleg byggematerialar som stein, torv og tømmer. Difor kan materialbruk i møte med bygningar og andre menneskeskapte spor i kulturlandskapet fortelje oss mykje om lokalhistoria til bygda, og gjennom bruk og oppleving av kulturminna vil befolkninga oppleve tilhørsle, trivsel og eigarskap. På den måten kan vi sjå på kulturminna som eit identitetsskapande element.

2.2. UTFORDRINGAR FRAMOVER

Klima- og miljøutfordringar

Endringar i klima kan påverke kulturarven på fleire måtar. Skadar på bygningar, attgroing, flom og ras er berre nokre av utfordringane ein står over for, og det er difor viktig å verne kulturminna på best mulig måte. Kulturminne er ein ikkje-fornybar ressurs, så om dei blir øydelagde er dei tapte for alltid. Å sikre kulturminne blir difor viktig framover. Tiltak som å drenere vatn vekk frå bygningar, meir vedlikehald og ettersyn vil vere aktuelle.

Areal- og tettstadsutvikling

I ein stadig veksande tettstad som Volda er det viktig å henge med i utviklinga. I takt med høgare levestandard kjem det også fram ynskje om å bygge ut og bygge nytt. I Volda er det til dømes mange SEFRAK-registrerte bygningar, og korleis desse best kan takast vare på i konkurransen med nye bygg vil vere ei utfordring, ettersom det ikkje er tillagt spesielle restriksjonar for sanering av dei registrerte bygningane. SEFRAK er meint å gje ei føring for at kommunen skal gjere ei særskilt vurdering før eventuelt løyve til å endre, flytte eller rive.



Volda samfunnshus bygd i 1955, foto: Volda kommune

3. AKTØRAR, ROLLER OG ANSVAR I KULTURMINNEARBEIDET

3.1. STATLEG MYNDE SITT ANSVAR

Det er Kulturdepartementet som har det overordna ansvaret for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø i Norge. Riksantikvaren er fagdirektoratet til departementet og skal utøve den nasjonale kulturminnepolitikken som vert vedteken av Storting og regjering. Det inneber mellom anna å vere rådgjevar for departementet i saker som omhandlar kulturminne og kulturmiljø. Riksantikvaren har fullmakt til å frede faste og flytande kulturminne ved enkeltvedtak eller forskrift. I kommunale plansaker kan dei stoppe planar ved motsegn dersom nasjonale kulturminneinteresser er trua.

3.2. FYLKESKOMMUNEN SITT ANSVAR

Møre og Romsdal fylkeskommune har to hovudoppgåver innan kulturvern; verne og ivareta faste kulturminne og ivareta museumsvesenet i fylket. Oppgåva er delegert frå Kulturdepartementet og Riksantikvaren som fagdirektorat. Fylket har også oppgåver etter eige initiativ, som til dømes rådgjeving i bygningsvern.

3.3. VOLDA KOMMUNE SITT ANSVAR

Kommunen er ikkje pålagt oppgåver etter kulturminnelova utover meldeplikta når det gjeld eventuelle tiltak på bygningar som er eldre enn 1850. Men i høve til plan- og bygningslova har kommunen som oppgåve å sjå til at det blir teke omsyn til kulturminnevernet i kommuneplanar, reguleringsplanar og når byggesaker blir handsama. Volda kommune er vertskommune for tre av avdelingane i det konsoliderte Stiftinga Sunnmøre Museum. I praksis kan kommunen ta på seg ein del oppgåver innan kulturminnevern; som til dømes utarbeiding av sektorplanar for kulturminne, skjøtseloppgåver, formidlingsopplegg og å initiere istandsetjingstiltak.

Kommunen har også ansvar for forvaltning av nyare tids kulturminne som ikkje er freda.

3.4. EIGAR SITT ANSVAR

Eigarane er den avgjerande faktoren dersom ein skal lukkast med vern av kulturminne. Nokre kulturminne er ressurskrevjande å ta vare på. I mange tilfelle er det ikkje mangel på kunnskap om føremålet med kulturvern som er avgjerande, men tilgangen på ressursar for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane.

3.5. ØKONOMISKE STØTTEORDNINGAR

Freding eller vern vil i seg sjølv kunne gje avgrensa vern for det enkelte kulturminne. Det aller viktigaste er at eigar sjølv er positiv og motivert for å ta vare på kulturminnet, noko som gjerne krev både kunnskap og økonomiske ressursar. Det er derfor viktig at kulturminneforvaltninga på alle nivå legg til rette for dette.

Økonomisk støtteordningar vert nytta for å bidra til at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert tekne vare på. Støtteordningane dekkjer berre ein del av den totale kostnaden ved skjøtsel, vedlikehald eller restaurering. Dei som ynskjer å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap kan søke på støtteordningar som passar til det aktuelle prosjektet.

Under er det ei oversikt over relevante tilskotsordningar – dette er ikkje ei uttømmende liste. Det er sjølvstilt mange andre mogelegheiter til å skaffe finansiering både til formidlingstiltak og til tiltak for å ta vare på kulturarven.

- Riksantikvaren har fleire tilskotsordningar.
- Norsk Kulturminnefond er ei viktig tilskotsordning innanfor dette feltet.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal administrerer tilskot gjennom Regionalt miljøprogram. Tilskotsordninga for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er retta mot kulturminneverdiane i kulturlandskapa til jordbruket. Kommunen har eigne retningslinjer for tildeling av tilskot etter denne tilskotsordninga.

3.6. ANDRE ORGANISASJONAR SI ROLLE

Eit aktivt, frivillig organisasjonsliv er avgjerande for brei forankring av kulturminnevernet. Organisasjonane tek mange viktige initiativ og gjer ein stor og

viktig jobb med å dokumentere, informere og synleggjere lokale kulturminne. Lokalt blir det også lagt ned ein stor innsats i ulike restaureringstiltak og forvaltning av lokale kulturminne.

Det har vore fleire organisasjonar involverte i arbeidet med denne kulturminneplanen. Av aktørane i kommunen som har bidrege med innspel og informasjon kan vi nemne:

- Høgskulen i Volda
- Austefjord museumslag
- Dalsfjord fymuseum
- Dalsfjord sogelag
- Bjørkedal kystlag
- Bjørkedal båtsamlingar
- Sivert Aarflot museet
- Volda Bygdetun
- Stiftinga Volda sogelag
- Stiftinga Gamlegymnaset i Volda
- Fortidsminneforeningen

4. KULTURHISTORISK OVERSIKT

4.1. KUNNSKAPSRUNNLAGET

Volda kommune har over tid hatt satsa på formidling av kulturhistoria til kommunen. Døme på dette er busetnadssoga skriftserien til Jostein Nærbøvik (Volda-soga 1800-1945). Kulturminneplanen bygger vidare på denne kunnskapen. I tillegg kjem sjølvstilt dei bidraga vi har motteke frå enkeltpersonar, sogelag og lokalhistorisk interesserte.

SEFRAK-registeret: Nemninga blir brukt om bygningar som blei registrerte i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900², då det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen. SEFRAK-

bygningar kan ha verneverdi, men har ikkje formelt vern. I Volda kommune har vi kring 2600 registrerte bygningar i SEFRAK-registeret

Askeladden: Inneheld data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter **kulturminnelova**, verna etter **plan- og bygningslova (PBL)**, eller som etter ei kulturminnefagleg vurdering er vurderte som verneverdige. Askeladden er eit verkøy for kulturminneforvaltninga, og ein må registrere seg for å få tilgang. Andre som er interesserte i kulturminne kan bruke www.kulturminnesok.no for å få tilgang på data frå Askeladden.

4.2. KULTURHISTORISK OVERSIKT FOR KOMMUNEN

Kunnskapstradisjonen i Volda har vore uvanleg sterk. Namn som Hans Strøm og Sivert Aarflot kan knytast til folkeopplysingsarbeidet før og etter 1800. Aarflot starta mellom anna første trykkeriet, biblioteket og avisa på landsbygda i Norge. Voldingane hadde god tilgang til informasjon om kva som hende ute i verda.

Det går ei linje frå dei lesande og skrivande bøndene i Bjørkedalen via fleire kjende folkeopplysningmenn, til den skule- og kulturstaden Volda som vi kjenner i dag: Bøndene på Bjørkedalen lærte tidleg å lese og skrive fordi dei hadde pengar til å kjøpe bøker for. Pengane hadde dei tent på båtbygging, og bøkene vart kjøpt på auksjonar etter prestar og embetsfolk. Å kunne skrive ga status.

Volden høiere Almueskole vart starta i 1861 og la seinare grunnlaget for både Volda lærarskule og Volda gymnas. I 1970 vart Distriktshøgskulen etablert. I 1994 vart Lærarhøgskulen og Distriktshøgskulen slått saman til Høgskulen i Volda. Dei mange utdanningsinstitusjonane har prega utviklinga av Volda sentrum på mange måtar. Stadig nye møte med elevar og studentar i bygda har gjeve kulturelle impulsar, næringsgrunnlag og arbeidsplassar, og kanskje sett lokale normer og tradisjonar på prøve.

Folk frå Folkestad og Dalsfjorden reiste langs heile Norskekysten i statens teneste for å bygge fyr og sjømerke. Dette var eit arbeid som gjekk i generasjonar. Dei sørge for at leia langs kysten vart tryggare. Framleis er det slik at mange frå desse bygdene arbeider i Kystverket.

Rundt Austefjorden, Kilsfjorden og i Bjørkedalen har ein mange hundre år med tradisjon for trebåtbygging som attåttnæring for jordbruket. I Bjørkedalen er handverket framleis levande.

For dei fleste fjordbøndene var fiske den viktigaste attåttnæringa på 1800-talet. Tallause menn og båtar frå bygdene i Volda dreiv fiske på Sunnmørskysten, men også lengre borte. Då båtane fekk motorar på 1900-talet, leverte Volda Mekaniske Verkstad båtmotorar over heile landet: «Volda-motoren» var ei merkevare.

Kontakta med omverda har vore sjølvsgd og nødvendig. Dette pregar framleis kommunen vår. Her er ein vant til framandfolk. Her er ein van med framandfolk og impulsar utanfrå.

For dei mange kvinnene med ektemenn borte på sesongarbeid kunne kvardagen innebere tøffe tak. I store delar av året var dei åleine om stell av born og gamle, av dyr, heim og gard. I mange tilfelle var det husmora i huslyden som var gardbrukaren i det daglege, sjølv om dette ikkje kjem fram i offisielle statistikkar.

Kulturminneplanen skal no vidare gje ein gjennomgang av dei viktigaste kulturminna i kommunen, ut frå dei fokusområda som prosjektgruppa har valt å legge vekt på.



Frå Garvarbuda, foto: Torgeir Stensø

5. FØRTIDSMINNE OG MINNESMERKE

Fornminne er kulturminne frå før reformasjonen i 1537, og det fins ei rekkje av dei i alle bygdene i kommunen. Ein finn ei god oversikt på www.kulturminnesok.no. Vi kan nemne nokre av dei viktigaste:

5.1. ARKEOLOGISKE KULTURMINNE

- To gravrøyser på Kråkeneset på Lid; 40 x 10 meter, datert til Jernalderen.
- Kjempegrava (Kjempå), gravrøys på 12 x 9 meter og 1,25 meter høg på Rotevatn, datert til Jernalderen.
- Steinalderbuplass på Furneset med funn av fleire økser og knivar, datert til Yngre Steinalder.
- Fleire gravrøyser i eit stort felt på 45 meter i Skinnvika, datert til Jernalder.
- Vikinggrava på Nausthaugen, Bjørnaset; 9 meter i tverrmål, 0,5 meter høg, datert til Jernalderen.
- Kjempegrava, røys på vestsida av Nedstevatnet ved Kile, 12 meter i tverrmål, stått ein bautastein som ligg som dørhelle, datert til Jernalderen.
- Olavskjelde på Kile er ein brønn/vannpost frå middelalderen. Den ligg på innsida av Midvatnet. Det er også ein steinkross i området her; Kilskrossen, skal vere flytta 50-100 meter austover då han vart sett opp att 1914.
- Felden – stad med tilknytt segn om steinhus og rituell bruk. Ligg mellom Dalsfjorden og Bjørkedalen.
- Gravhaug på 11 meter i tverrmål og 0,75 meter høg ved kyrkja på Dravlaus (fleire mindre gravhaugar i nærområdet), datert til Jernalderen.
- Arm- eller halsring og armbøyle av sølv (til saman 447 gram) funne på Torsheim i Torvika.

- Bogestø under fjellet Blæja mellom Volda og Vanylven, brukt til jakt og fangst i førreformatorisk tid.



Kilskrossen, fotograf: Brith Aanning Aarseth

5.2. HISTORISKE KJELDER

Den første gongen ein finn kjeldemateriale om Volda er i Snorre Sturlason: *Soga om Olav Tryggvason*. Her fortel han at Håkon og Eirik jarl låg i Hallkjellsvik med halvtanna hundre skip (180), då dei fekk vite at jomsvikingane hadde lagt inn til Hod (Hareidlandet), før slaget ved Hjørungavåg.

5.3. MINNESMERKE

I kommunen er det fleire monument og minnesmerke som viser tilbake til hendingar gjennom tidene.

Anfinnsvollen, Fyrde: Bautastein 2,75 meter høg, 35 cm brei og 20 cm tjukk. Steinen skal tidlegare ha stått på ein gravhaug i nærleiken som rasa ut i sjøen. I haugen vart det funne beksel og sverd. Steinen låg så lenge under eit kvernhaus i elva, før den vart atterreist her i 1898. Det er ei innskrift på søre breiside som fortel om atterreisninga. Steinen er datert til Jernalder og vart i 1983 automatisk freda etter kulturminnelova av 1978.³

over Ottar Osdal: I 1970 reiste Austefjord Bondelag ein bautastein over Ottar Osdal på heimegarden hans i Osdalen. Ottar vart 1761 arrestert og skulda for oppvigleri av futen Ole Alsing, dei hadde samla inn underskrifter til eit klageskriv mot futen for hard skattlegging og hardhendt militærutskrivning, som dei ville levere til kongen i København. Ottar vart dømt til ½ års straffarbeid for oppvigleri i 1762, fekk seg ein helseknekk og døydde berre 59 år gamal 1764.⁴

Bautastein ved Volda-kyrkja: Steinen var teken på Mårstøylen og frakta til Volda. Han vart avduka 17. mai 1914 og innskrifta var: «Minne om voldingar som fall i krigen 1807-1814». Etter siste verdskrigen vart bautaein 17. mai 1946 supplert med ei minneplate over dei frå Volda som var falne i krigen, det var i alt 5 mann.

Bautastein i Riste-tunet på Nedre Rotset: Denne steinen var sett opp til minne om Synnøve Riste (1858-1889) som var redaktør, målforkjempar og kvinnesaksforkjempar.

Minnestein i Vassbotnen: Sett opp til minne om dikteren Anders Vassbotn (1868-1944) i 1954. På steinen er det eit relieff av Vassbotn laga av Lars Kinsarvik d.y. Anders Vassbotn var også ordførar og stortingsmann, og var ein særleg forkjempar for nynorsken og dei nasjonale verdiane.⁵

Bautastein på Folkestad: Steinen er til minne om Per J. Sollid (1891-1927). Han var flink med ord, og skreiv mykje dikt og songar – både alvor og skjemt. Folk kjende seg att i visene han laga. Han arbeidde mykje, var ei tid i fyrvesenet, og dreiv med vinterfiske i Kvalsvika, i tillegg til pliktarbeid på vegen Folkestad-


Straumshamn. Han fekk tuberkulose og døde på Granheim sanatorium. Steinen vart henta i Mårstøylhalsen i Indre Dalsfjord og avduka 1991.⁶



Bautaein på Bjørkedal, foto: Rune Løset

Bautastein i Bjørkedalen: Bautastein til minne om dei frå Bjørkedalen som deltok i Napoleonskrigane, først reist på Søre Bjørkedalen, seinare flytta til plassen ved ungdomshuset. Etter krigen vart det festa ei ny plate med namna på dei som var med i felttoget 1940.

Bautastein til minne om ekteparet Wilhelmine og Dr. Oscar N. Eng som var ein av grunnleggarane av Sanitetslaget. Den sto opphavelig ved Sanitetshuset, men har no fått ny plassering i sentrum av Volda.



Bautasteinen til minne om Wilhelmine og Norman Eng

Orkanmonument: Nyårsorkanen 1992 gjorde mykje skade på Nordvestlandet, og tok mellom anna Brunebuda. Til minne om dette vart det sett opp eit monument ved Dalsfjord skule. Sverre Lillestøl laga eit minnesmerke med ein båt som kjem drivande på ei båre. Båten vart støypt i bronse av Odd Gjersdal, og er festa til ein stein som symboliserer båra.

Både på den gamle kyrkjegarden i Volda og ved Austefjord kyrkje er det teke vare på fleire av dei gamle gravminna i jarn. Ved Volda kyrkje er det også nokre eldre gravheller frå kistegraver som er tekne vare på.

5.4. KRIGSMINNE

Kystbatteriet på Berkneset vart bygd opp av dei tyske okkupasjonsstyrkane i løpet av 1942. Det vart operativt som ein del av Festung Norwegen – ein samlebetegnelse på den tyske befestning av Norge. Fortet høyrte til artillerigruppe Ålesund fram til 1943, etter det artillerigruppe Stadtlandet. Dei hadde som hovudoppgåve å sikre den indre skipsleia i Rovdefjorden og Vartdalsfjorden. «Batteriestützpunkt Birkenes» var utrusta med fire 10,5 cm Schneider feltkanoner og mannskapet varierte frå 75 til det doble. Ved kapitulasjonen i 1945 vart batteriet nedlagt, men tyskarane vart likevel verande fleire veker på Berkneset for å rydde vekk piggråd og landminer. Anlegget er eit automatisk freda kulturminne.⁷

Minnestein på Folkestad gravstad: Sett opp 1945 til minne om flygaren Petter Åsebø, som omkom under krigen.

Minnestein ved forsamlingshuset Solheim i Dalsbygda: Sett opp til minne om Einar Nordal Brune som omkom under andre verdskrigen.

Minnestein i Åmelfoten ved forsamlingshuset Høgtun: Har innskrifta «Reist i takksemi av folket her» og vart sett opp til minne om to skotske moskitoflygarar som vart skotne ned over Indre Dalsfjord under krigen.

Bautastein ved Dalsfjord kyrkje: Har ei koparplate over dei frå Dalsfjorden som fall under andre verdskrig. Steinen vart tilhoggen av Sjur og Elias Koppen, og teken i Velsvika. Den vart avduka 1947 i samband med ei gudsteneste.⁸

6. BYGNINGAR

Det er fleire bygningar som er freda i Volda kommune. Freding er den strengaste form for vern, og inneber at alle inngrep på og ved kulturminna må godkjennast av fylkeskommunen.

6.1. FREDA BYGNINGAR

Volda prestegard: Består av hovudbygning, eit stabbur og eit eldhus/garasje. Volda prestegard er første gang nemnt i kjeldene i 1338 (Eyrum prestgarðenom j

Valld (DN5: 124)). Prestegarden vart flytta til Øyra på andre sida av elva i 1730-åra, då prestegarden i Halkjelsvik vart kjøpt til privateige. I 1762 vart huset her rive, og det vart bygt ny prestebustad. Året etter kom presten Hans Strøm til Volda og busette seg her. Han sørgde mellom anna for den fine hagen kring huset, og det var også ein eigen brønn her etter han, som var sagt å skulle ha særleg godt vatn. Den fekk namnet «Hans Strøms helsebrønn». Huset her vart vølt 1797, men alt i 1818 vart det bygd ny hovudbygning her. Det var byggmeister Mathias Løchen frå Nordfjord som bygde den nye prestelåna. Prestegarden har inntil nyleg vore bustad for prosten på Søre Sunnmøre. Stabburet er vedtaksfreda 1992 etter kulturminnelova av 1978, og området ved Volda prestegard er regulert til bevaring etter plan og bygningslova.⁹

Ristetunet: Ligg nede ved fjorden på Rotset. Det består av ei hovudbygning, ei borgstove, stabbur og ei sjøbud (Garvarbuda). Garden vart frådelt hovudgarden på Rotset 1816, men husa vart ifylgje Tidsregister flytta ned hit allereie 1783. Enkjefru Andrea Schjelderup dreiv handel, gjestgjevarheim og reiarlag her fram til 1820. Olai Olsen (Gamle-Olsen) overtok garden her 1838 og bygde då nytt stovehus. Han dreiv med handel og bakeri. I 1884 kjøpte Synnøve (f. Aarflot) og Per Riste garden her, og det vart starta målskule her 1887. Det vaks fram eit relativt radikalt miljø kring Ristegarden med Jon Aasen, Rasmus Steinsvik, Ola Rotevatn og Anders Vassbotn som sentrale aktørar utanom ekteparet Riste – og det er reist ein minnestein over Synnøve Riste på garden. Boktrykkjaren P.M Gjærder flytte til Volda 1888, og starta her utgjevinga av avisa *Vestmannen*, som etter kvart vart organ for Reine Venstre.¹⁰

Garvarbuda vart bygd her av kjøpmann Olai Olsen i 1838. Målskulen heldt til i bygninga her ei periode, men i 1876 vart Olsenbuda seld til garvar Carl Nikolai Rødseth, som starta garveri i Nesnaustet 1858. Garvarbuda vart frådelt 1887 og det vart innreia bustad her. Garving av skinn var ein omstendeleg prosess som kunne ta frå 2 til 4 månader å fullføre, og alt vart teke vare på; man og hestehalar kunne bli selde til folk som laga kostar, og avskrap frå skinna vart kokt til lim. Bjarne Vassbotn overtok verksemda her etter bestefaren 1926. I tilknytning til Garvarbuda er det også ein landingsvor som er freda. I dag er det Stiftinga Volda Sogelag som eig Garvarbuda, medan resten av tunet er privateigd. Ristetunet med Garvarbuda er vedtaksfreda 1927 etter bygningslova av 1920.¹¹



Volda prestegard, foto: Wikipedia



Garvarbuda, foto: Heidi Thøni Sletten, Stiftinga Sunnmøre Museum


Stabbur på Arnegarden, Eikrem: Bud i ei høgd med 3 rom på langs, lafta. Buda er datert til seinmiddelalderen og ligg på toppen av ein sørvendt bakke. Verna av Riksantikvaren 1996, og vurdert som eit kulturminne av nasjonal verdi.¹²

Gardstunet på Nedre Ekset: Ligg vakkert til i Eksetvika. Den freda hovudbygninga ligg midt i tunet, omgjeve av hage og fleire uthus. Kring tunet er det mykje dyrka mark. Bygget er frå 1845, bygd på mot vest 1898 og kring 1920. Ekset er sterkt knytt til lensmannen og folkeopplysingsmannen Sivert Aarflot (1759-1817), som kom med familien til Nedre Ekset i 1798. Her fekk han i stand eit utlånsbibliotek, og i 1809 starta han det første prenteverket på landsbygda i Norge. Frå 1810 gav han ut *Norsk Landboeblad* som han sjølv var redaktør for. Hovudbygningen er vedtaksfreda 1924 etter bygningsfredingslova av 1920.¹³

Bukkebuda, Hunneset: Sengjabud som står midt i tunet. Framfor hovudromet er der fordør i stavkonstruksjon, med oppgang til loftet. På langveggane er der

innelukka svaler. Bukkebuda er ganske lik sengjabuda frå Eide, og er datert til siste halvdel av 1500-talet. Vedtaksfreda 1927 og vurdert som eit kulturminne av nasjonal verdi.¹⁴

Sengjabuda frå Eide i Austefjorden står i dag på Volda bygdetun og er datert til seinmiddelalderen. Sengjabudene var ofte det finaste huset på garden og vart brukt som gjestestove og lagerhus for klede og sengkledde. Her er det brukt utsøkt materiale og stokkane var ovaltelja slik ein finn i hus frå middelalderen.¹⁵



Sengjabuda frå Eide i Austefjorden. Foto: Frode Pilskog

Røykstove i Velsvika: Ei av dei best bevarte røykstovene på Sunnmøre. Store dimensjonar på tømmeret og stokkane som er hogd til i kjølforn, gjer at ein daterer huset til 1600-talet. Stova har tømra stoverom og utdør i reisverk. Freda etter kulturminnelova av 1978, og vurdert som eit kulturminne av nasjonal verdi.¹⁶

Utover dei freda bygningane (sjå oversikt i regional kulturminneplan) i kommunen har vi fleire bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret og som kunne ha vore løfta fram som lokalt viktige bygg. Nokre av desse finn ein i oversikta over lokalt viktige kulturminne, kap 11.1.

6.2. KYRKJENE¹⁷

Volda kyrkje: Volda er omtala som kyrkjestad allereie i 1432 (Halkelsviks kyrkje) (AB136)), men det er nemnt prestegard her heilt sidan 1338. Den eldste kyrkje her var ei stavkyrkje med skip på 35 x 16 alen og kor på 8 x 11 alen. Det vart bygd tverrskip på kyrkja mot sør tidleg på 1500-talet (Storkyrkja), og i 1551 vart eit korshus på Ulvestad flytta hit og skøytt på kyrkja mot nord (Nykyrkja). Volda var i den første perioden hovudkyrkje med anneks i Ørsta, Vanylven, Syvde og Hjørundfjord, i 1766 var det berre Ørsta anneks som låg under hovudkyrkja her. Det vart bygd galleri i kyrkja i 1820-åra.¹⁸

Den gamle stavkyrkja vart delvis riven i 1858 til fordel for ei langt større, kvit trekkyrkje med krossforma grunnplan og våpenhus med tårn i vest. Kyrkja hadde 970 sitjeplassar og var teikna av arkitekt Christian H. Grosch i ei blanding av nygotisk- og sveitserstil. Altertavle vart måla av kunstmålaren Christen Brun. Det var tre lemar i kyrkja, på begge sidene og på vestsida der orgelet stod – den som var nærmast sjøen, vart naturleg nok kalla Dalsfjordleimen, sidan det hit var kortast veg for dei som kom sjøvegen. I 1929 brann kyrkja ned, og det blei vedteke å bygge ny kyrkje i stein på kyrkjetomta.

Den nye kyrkja vart vigsla 1. mai 1932. Arnstein Arneberg var arkitekt, og kyrkja er ein betongkonstruksjon som utvendig er kledd med upussa gråstein. Mot sør er det eit halvsirkelforma utbygg med kapell. Vesttårnet med tårnuret og det raudmåla klokkehuset dominerer kyrkja. Hugo Lous Mohr var ansvarleg den innvendige utsmykkinga og han mala også freskomaleriet på austveggen i koret. Kyrkja er i dag ei «listeført kyrkje», dvs. eit kyrkjebygg frå perioden etter 1850 med særleg høg verdi.

Austefjord kyrkje: Langkyrkje, opphavleg bygd i 1773 som Nes kyrkje i Bjugn prestegjeld. I 1879 vart kyrkja kjøpt av bygdefolket i Austefjorden for 2 800 kr, og flytta til Fyrde i Austefjorden. Gjert Lien frå Nordfjord hadde oppdraget med

riving, flytting og å byggje oppatt kyrkja. Kyrkja vart utvida med 3 alen i breidda og 1 alen i høgda, og tårnet vart sett over våpenhuset i staden for midt på skipet. Det vart også lagt inn nokre nye detaljar, som til dømes store, spisse vindauge og mønespir. Benkane og preikestolen er originale frå tida i Bjugn, medan klokke og altertavle ikkje følgde med då dei kjøpte kyrkja der og måtte skaffast nye. Altertavla skal vere måla av ein kunstmålar Sjøblom i 1908. Austefjord kyrkje er eit kyrkjebygg frå perioden etter 1850 som er vurdert til å ha særleg høg verdi.¹⁹

Dalsfjord kyrkje: Kyrkja vart vigsla i desember 1910, arkitekt Ole Havnæs frå Fræna. Kyrkja er ei korskyrkje med høgt vesttårn og dåps- og prestesakristi på kvar si side av koret. Koret er femsida med ein kveling av tre. Skipet er høgrest og ope heilt opp til mønet. Altertavla er laga av Lars Kinsarvik, medan Guttorm Langstøyl rosemåla preikestolen, galleriet og korbogen. Det første orgelet var laga lokalt av Bernt M. Haugen og Lars Ulvestad.

Kilsfjord kyrkje: Det vart oppretta kyrkjegard her 1913 og kjøpt inn tomt til kyrkje, men det skulle gå over 60 år før kyrkja var på plass. Kyrkja vart vigsla 28. april 1974, og er teikna av arkitekt Alf Apelsest. Det er ei moderne arbeidskyrkje, bygd i upussa armert betong, og innvendig er det brukt mykje umåla furu og lecablokker. Kyrkja har frittståande klokketårn. Altertavla er eit triptychon (tavle av tre med to hengsla dører) og er laga av Thorvald Moseid. I kyrkja heng det elles eit fjørefar med råsegl, laga av Saxe Bjørkedal, som kyrkjeskip – noko som knytter linjene til båtbyggjarbygda Bjørkedalen.



Kilsfjord kyrkje, foto: Kirkesok.no

Dalsfjord kyrkje og Kilsfjord kyrkje er begge vurdert som kyrkjehistoriske minne av regional verdi.²⁰

6.3. SKULEHUSA


«Skulestaden Volda» er ein ofte brukt nemning. Volda vert rekna som eit tyngdepunkt innan høgare utdanning utanfor dei større byane, og trekker gjerne røtene attende til presten Hans Strøm, opplysningsmannen Sivert Aarflot, Ivar Aasen, Synnøve og Per Riste, og miljøet rundt Ristegarden. Volda har ein lang tradisjon innan skule og utdanning, noko alle dei gamle skulebygningane viser.

Omgangsskulen var den rådande skuleforma fram til omkring 1850, og frå 1832 og framover til 1854 vart det skult fast i Klokkargarden på Klepp. Då den nye

fastskulelova kom 1860, var det truleg halde skule i heile 26 skulekrinsar i kommunen. Dei første skulehusa på bygdene vart bygd på Eide og i Holsvika i Austefjorden. Skulane var viktige i lokalsamfunnet, og hadde ofte fleire funksjonar i bygda. I 1861 vart «Voldens høiere Almueskole med annecteret Dannelsesanstalt for Skolelærere» bygd på tomt av Prestegarden ved Øyra-elva. Skulen romma også fastskule for elevane i Øyra og Vikebygda, som skulle vere øvings-elevar for lærarstudentane tredje året. Dessverre vart ikkje skulen her langvarig, lisjejulasta 1865 tok Øyraelva nytt far, og sopte med seg skulen her. Skulen er med på det eldste biletet vi kjenner til frå Volda. . Ny skule vart bygd oppatt på Engeset, ved bruk av materiale frå skulen som forsvann. I 1900 vart det bygd ny folkeskule ved nedste brua over Storelva, men denne brann ned 1903. Først i 1960 vart det bygd ny skule for Øyra-krinsen på Røysbakkflata.

Henrik Kaarstad-huset: Dette er det eldste bygget på området som i dag utgjer Høgskulen i Volda. Kaarstad-huset i nyklassisk stil og med sin karakteristiske gulffarge, er eit kjennemerke for lærarutdanninga i Volda. Bygget var i utgangspunktet kalla berre «Lærarskulen», men har seinare fått namn frå skulemannen Henrik Kaarstad (1865-1927) som stod bak oppstart av det som då vart kalla Voldens privatseminarium i 1895. Han fekk bygd Gamleseminaret (no Røde Kors-huset) i 1897 og Nyeseminaret i 1911. Kaarstad-bygget blei innvigd i 1922, og lærarskulen fekk raskt ei viktig rolle i samfunnsutviklinga i Volda. Bygget er vurdert som eit skulehistorisk minne med regional verdi. Kring huset er det anlagt eit parkanlegg som også er særmerkt for området her.²¹

Gamlegymnaset (Maurtua): Eit skulehistorisk bygg frå 1851. Garden her var først kapteinsgard for Bergenhusiske Infanteriregiment, seinare vart husa brukte av Voldens private Millomskule frå 1891, bygd på i 1902, og utvida til Gymnasium i 1907. Dette var det første gymnaset med eksamensrett på landsbygda i Norge i Norge. Etter at gymnaset flytta ut herifrå 1963, har det vore ulike kulturaktivitetar i bygget. I 2015 tok Stiftinga Gamlegymnaset i Volda over ansvaret for bygningen frå Volda kommune. Det er vurdert som eit viktig skulehistorisk bygg i regional samanheng.²² **Gamlegymnastikken** vart bygd i 1921, og er også eit viktig skulehistorisk minne av regional verdi.²³



Gamlegymnaset på Engeset i Volda.

Volda handelsskule vart etablert 1933, og bygde eigne lokale ovanfor Røysgarden i 1935. I 1938 vart lokala utvida, slik at også dei kommunale kontora fekk plass her. Same året fekk skulen løyve til å starte handelsgymnas og

studentfagkurs. Etter at utdanninga vart flytta til Volda Gymnas 1986, vart skulehuset rive.²⁴

Distriktshøgskulen vart etablert i Volda 1970, og i 1971 reiste dei *Ivar Aasen-huset* på Røysmyrane. Høgskuleområdet vart utvida med *Hans Strøm-huset* i 1984. Då lærarskulen og distriktshøgskulen vart slegne saman i 1998, vart administrasjonen lagt til det nybygde *Berte Kanutte-huset*.²⁵

Volda ungdomsskule sitt bygg var ferdigstilt i 1960. På denne tida bar skulen namnet Øyra skule, og den romma elevar i folkeskulen, framhaldsskulen og realskulen. For Volda kommune var realiseringa av skulen eit krafttak, og bygningen sto fram som ein av dei mest moderne skulebygningane i landet. Med 16 klasserom, to skulekjøkken, to naturfagsrom, to sløydsalar, handarbeidsavdeling, lesestove med boksamling, teikne- og songrom, skuletannklinik og lækjarkontor med venterom, lærarrom, styrarrom, inspektørkontor, sekretærkontor, lagerrom, vaktmeisterbustad og ei mengd smårom vart skulen rekna som eit bygg for framtida. Aulaen på 650 kvm, og galleriet med plass til ca. 1500 menneske gav Volda ei ny storstove.

Skulereforma med innføringa av niårig skule og aukande elevtal var med på å endre namnet på skulen til Volda ungdomsskule i 1977/78 då nye Øyra barneskule stod ferdig.

Yksnøy skule/Gjerdshaugen: Førstegenerasjons fastskulehus frå 1910, brukt som skulehus til 1954, sidan forsamlingshus for folket på Yksnøya. I 1900 var det 20 barn på øya. Vurdert som eit skulehistorisk minne av regional verdi.²⁶



Yksnøy skule var i drift frå 1910-1954, og vart reist av folket på øya.

Hjartå skule vart bygd i Ervikstranda 1900, men då vegen gjennom Hjartåbygda skulle byggast i 1904, måtte skulen flyttast opp på Åseskaret. Skulehuset var i bruk til 1984, då den nye skulen vart teken i bruk. Skulen vart flytta til Haueleitet 1988, som døme på korleis dei gamle skulehusa kunne vere.²⁷

Kalvatn skulestove: Kalvatn skule vart bygd på Nøre-Kalvatn i 1894. Elevane frå Osdalen hadde rett til tre vekers heimeskule vinterstid, for å unngå den 8 km lange skulevegen. Kalvatn skule var i drift til 1983. Skulestova har sidan vore brukt til samlingshus.

Innselset skule vart bygd 1906, den stod heilt attmed vegen litt utanfor der den står no. Den første tida delte skulen lærar med Velsvik krins, slik at ein gjekk på skule 14 dagar og hadde så 14 dagar fri til neste gong. Etter at skulen vart nedlagt,

vart det frå 1970 slik at elevane reiste frå Dravlaus og hit når dei skulle ha skulekjøkken. Skulen vart sidan brukt som grendahus for Innselsetbygda, fram til han vart seld til private.²⁸

Dalsfjord gamle skule, Dravlaus: Dette er det eldste eksisterande skulehuset i Dalsfjorden, og var bygd i 1872 på bygsla tomt ved Garaelva på austsida av den gamle bygdevegen gjennom Garen. I 1929 vart skulehuset overteke av Losje Halkjell i Volda, og flytta til Aldalen. I 2014 vart Losjehytta demontert og flytta tilbake til Dravlausbygda i regi av Dalsfjord Sogelag. Vurdert som eit skulehistorisk minne av regional verdi.²⁹

Velsvik skule vart bygt så seint som i 1907 på Rota, før det veksle skulehaldet mellom gardane. Den førte tida delte bygda lærar med Ulvestadkrinsen, men frå 1946 vart det ½ lærarstilling i deling med Innselset krins. Velsvik skule vart nedlagt frå hausten 1971 og elevane flytta over til Ulvestad skule.³⁰

6.4. OFFENTLEGE BYGG

Skrivargarden, Rotset: Hovudbygning frå 1816. Garden var embetsgard og sete for sorenskrivaren på Søre Sunnmøre fram til 1905. Eigedomen er vurdert som regional verneverdig.³¹

Skrivargarden, Skjerva: Hovudbygning frå 1905. Embetsgard og sete for sorenskrivaren på Søre Sunnmøre. Eigedomen er vurdert å ha regional verneverdi.³²

Gamblebanken: Voldens og Ørstens Sparebank vart oppretta 1854, som den tredje sparebanken på Sunnmøre. Det er fortalt at då det blei lyst etter grunnfondskapital på kyrkjebakken i 1853, var det heile 481 personar som teikna seg. Banken heldt den første tida til på nedre Rotset, men i 1931 vart det kjøpt ei tomt like ved kyrkja og bankhuset stod ferdig 1934.³³

Sjukehuset: Søre Sunnmøre sjukehus vart opna 1938 etter stor innsats frå mange av kvinnene i Volda og nærområdet. Sjukehuset kosta 320 000 kr, hadde 42 sengeplassar og var slik det største sjukehuset utanom byane i Møre og Romsdal. Inntektene frå kinodrifta var ei viktig finansieringskjelde den første tida, utanom at mange kvinner i lokalmiljøet gjorde ein stor innsats for å skaffe tøy og ullteppe til sjukehuset. I 1947 overtok Møre og Romsdal drifta av sjukehuset, og dei fekk

overta bygningane vederlagsfritt. I 1960 vart sjukehuset utvida til 73 senger, og i 1970 vart det utvida med eigen fødepaviljong med 21 senger. I 1974 var sjukehuset igjen for lite, så då vart det sett opp ein provisorisk poliklinikk av Moelven-brakker. I 1986 vart det bygd nytt sjukehus med totalt 116 senger, og det gamle sjukehuset vart rive. I dag er det berre hageanlegget ved sjukehuset som vitnar om sjukehuset som låg her. Den vart teikna og planlagt av Volda Hagelag.³⁴

Pleieheimen: Volda Sanitetshus vart opna i 1912 som tuberkuloseheim med 14 pasientplassar under namnet Vonheim. Vest for huset låg det ein kurhall og Raudehuset aust for heimen var brukt til hyblar, arbeidsrom – og som lik-kjellar. Etter krigen endra behovet seg, og dei siste pasientane vart overførte til Reknes hospital i Molde på 1960-talet. Fram til 1978 vart bygget nytta som rehabiliteringsinstitusjon og til pasientavlastning for Volda Sjukehus. Bygget vart utvida i 1958. Mellom 1980 og 1988 var Volda kommune leigetakar av bygget, og dreiv sjukeheim for 16 pasientar. Deretter har bygget vore nytta av Volda Sanitetslag til diverse aktivitetar og utleige, blant anna til hyblar og lag- og foreiningsaktivitet.³⁵

Kløvertun: Voldens Sanitetsforeining vart bedne om å etablere ein heim for demente i 1963. Arkitekt Ø.H. Grimsgaard, ein av landets fremste planleggjarar av sjukehus i etterkrigstida, vart engasjert i prosjektet. Han skisserte eit anlegg med plass til 34 pasientar, og i 1967 stod institusjonen ferdig. I dag held Volda Distriktspsykiatriske Senter til her. Bygga her er vurderte som verneverdige.

Samfunnshuset: Huset sto ferdig hausten 1955. Fleire arkitektar var involvert i arbeidet, mellom andre Harald Løkeland frå Bergen og Ivar Bjordal frå Molde. Huset kosta knapt 800.000 kr da det var ferdig, og inneheldt moderne kinoframvisar og gode lokalitetar for større teaterframsyningar i tråd med riksteateret sine krav. Innviingsfesten markerte starten på ein svært aktiv periode for kulturlivet i bygda.

Idrettsbygget: Idrettsbygget vart ferdigstilt av Statsbygg i 1963 og er teikna av arkitekt Ivar Bjordal. Den grøne bygningen fungerer som eit signalbygg, og er godt synleg frå mange stader i bygda. Bygningen inneheld både gymnastikksal og symjehall.

6.5. MUSEUM

Sivert Aarflot-museet er eit personalhistorisk museum om læraren, folkeopplysaren, forfattaren, forskaren og boktrykkjaren Siver Aarflot (1759-1817). Samlinga fortel om det omfattande livsverket hans.



Utdrag frå Aarflots ABC-bok trykt på Egset i 1815

Volda bygdetun – Haeleitet: Volda sogelag vart starta 1911, og ei av dei første sakene var å finne ein stad ein kunne flytte den verneverdige **sengjabuda frå Eide** frå 1600-talet. Det enda med at ein flytte den til Tunheim på Engeset 1912, der ein såg føre seg å lage bygdemuseum, offisielt opna 1913. I 1948 fekk sogelaget skøyte på Haeleitet på Rotset, og i 1951 vart sengjabuda flytta til ny tomt her.

Kalvatnstova er ei gamal røykstove frå Jakobsgarden på Kalvatn, som vart riven der for å gje plass til ny løe. Stova kom til Hau eleitet 1951.³⁶

Kornbergstova stod opphaveleg i Larsgarden i Bjørkedalen, men vart tatt ned der og flytta til Steffagarden på Kornberg kring 1845. Dei siste som budde i stova her døde 1945 og 1946, og eigarane baud då at bygdetunet kunne få overta den. I 1954 vart stova teken ned og sett opp på Hau eleitet 1955.³⁷

Restane av eit **kvernhus** frå Årvika vart også sett opp her, men det var i for dårleg stand til å kunne brukast. Aktiviteten i laget var mager ein del år, men frå 1977 vart det ny giv. Hau eleitet som museum var offisielt opna jonsok 1978. I 1979 vart det flytta hit ei **masstove** frå Sunndalen og eit **stabbur** frå Heltne. Frå Homberset vart det flytta ei **vedaløe** til Hau eleitet i 1980, og dette var då det 7. huset på bygdemuseet. Løda var bygd 1919-20, men er svært typisk for dei mange vedaløene som stod rundt i bygdene.³⁸

Seinare har aktiviteten ved bygdetunet auka, slik at det ved 100-års-jubileet for sogelaget var heile 20 verneverdige bygningar på Hau eleitet, som også hadde fått sanitær- og administrasjonsbygg.³⁹

Årsetøysamlinga/Austefjord museum: På Årsetøya er det funne spor etter eldre busetnad, men i nyare tid har Årsetøya vore busett sidan 1856. Folket på Årsetøya måtte vere sjølvhjelpete med det meste, og det som ikkje fanst av verktøy, måtte dei lage sjølve. Brørne Knut og Andreas Aarsetøy var dei siste som brukte garden på øya. Dei tok godt vare på staden og det som hadde vore brukt til gardsdrifta, og det vart etter kvart ei fin samling av gardsutstyr her. I 1972 vart Austefjord Museumslag stifta, og i 1978 vart det bygd eit tilbygg til Austefjord skule, som skulle brukast til bygdemuseum med samlinga frå Årsetøya som eit solid grunnlag. Dermed ville denne samlinga bli tilgjengeleg også for dei som ikkje hadde høve til å reise ut til øya.⁴⁰

Dalsfjord fyrmuseum: Ein del av etatsmuseet til Kystverket. Stiftinga Sunnmøre Museum er eit av fem museum i landet som utgjer Kystverksmusea. Første fyret som vart bygt av folk frå dette området var Runde fyr i 1825-26, der Hans Ottesen Engeset deltok. Då fyr- og merkestellet kom inn i meir organiserte former utover mot midten av hundreåret, vart folk frå Volda og Dalsfjorden enda meir engasjerte i dette arbeidet, og særleg Ole Gammelsen Mork vart ein av pionerane her. Av alle

dei 200 fyrstasjonane, reknar ein med at folk herifrå har vore med å byggje vel halvparten. Fleire fyrvaktarar har også vorte rekrutterte frå Volda. Det vart bygd lager for utstyr på Rønstad; «Rønnestad fyroplag» og seinare også fyrnaust her.

Voldingane og dalsfjordingane var også nær einerådande på Vestlandet når det gjaldt oppsetjing av sjømerke langs kystleia. I 1875-84 var folk herifrå engasjerte med bygginga av Kabelvåg hamn, og etter kvart vart også hamneutbyggingar ein del av verksemda som vart prega av folk herifrå.⁴¹

7. BYGDEMILJØ

7.1. BYGGESTILEN

Dei gamle stovehusa på Vestlandet var i eldre tid gjerne røykstover med grue midt i rommet, og der røyken vart sleppt ut av huset gjennom ei luke (ljore) i taket. Seinare vart fleire av desse stovene bygd om med støypt omn i ei krå og skorstein. Der det var trangt om plassen, til dømes på grunn av fonnfare, kunne fleire hus kombinerast, slik at det kunne vere fjøs i eine enden og buområde i den andre.

I Volda sentrum vart byggjestilen ein annan. Her var det ofte store, enkeltstående hus – husa på embetsgardane var gjerne større låner i austnorsk/trøndersk stil. Fleire av husa er i sveitserstil, som vart vanleg på Sunnmøre kring år 1900.

Sveitserstilen har prega byggeskikken i Volda i lang tid. Sveitserstilen var ein trehusstil inspirert av bondebustadar i Sveits. Stilen vart populær i Noreg frå 1840-åra, og passa godt i eit land med god tilgang på trevirke. Stilen var ein fleksibel stil utan for mange arkitektoniske reglar, og huseigar og byggmeister kunne saman finne fram til formar og praktiske løysingar. Bustadane var ofte romslegare enn tidlegare, og skulle vere "sunnare" med meir lys og luft. Husa fekk større glasflater, ofte delt opp av ein kross. Det vart vanleg med større takhøgde inne i romma, og husa vart ofte bygd på høge kjellarmurar. Kjellarane kunne difor nyttast på ein heilt anna måte enn dei tidlegare lave "krypkjellarane". Dekorativt bogar og utskjeringar er også eit kjenneteikn. Nokre av husa fekk veranda, som var nok heilt nytt i norsk byggeskikk.

I Gamlevegen i Volda ligg fire hus i Sveitserstil på rekkje og rad. Husa er bygd rundt 1910, og eigarane har teke godt vare på den gamle stilen. Alle fire husa har bratte takvinklar, truleg for å få større takhøgde og meir lys og luft i andre etasje. Verandaene er innebygde, noko som ofte var vanleg langs kysten. Husa har også høge kjellarmurar, og kjellarroma kunne nyttast både til arbeid og bustad. Lik høgde og volum på bygningane, avstanden mellom dei, skifertaka, vindaug med krossinndeling, utskjeringar og takvinklar er element som gjer at desse husa på mange måtar "heng saman", dei utgjer eit samla bygningstiljømiljø.

Husa ligg i eit villastrok med gangavstand frå sentrum og med utsikt ut over Voldafjorden. Tomtene er store og hagane framanfor huset utgjer ein viktig del av miljøet. Området er grønt, frodig og velstelt. Hagane ligg i ein jamn helling opp frå vegen, og "lyftar" opp husa. Hagane er godt synlege frå vegen og inneheld mellom andre gamle frukttrær, buskar og solitære staudar.



Sveitserhus i Gamlevegen, bygd omkring 1910, foto: Regine Aklestad

Evensenhuset vart bygd til ekteparet Johanna og Nils Sr Evensen og sto ferdig i 1912. Det er truleg byggmeister Rasmus Sivertson Halkjelsvik som sette opp huset. Møre Støypereri var Evensens familiebedrift, og huset ligg i Røysbakken like ved fabrikk. Møre Støypereri var ein viktig bedrift i lokalsamfunnet, og gav mange arbeidsplassar. Det finst ikkje mange liknande hus som dette elles på Sunnmøre, og ein teori er at Evensen såg Drabløs sin Kolonialforretning i Volda (bygd 1910), og ynskte noko liknande sjølv. Evensen var ein velstående mann, noko huset vitnar om. Konstruksjon og planløysing har referansar til sveitserstilen,

medan oppbygning av fasade og detaljar på huset er henta frå jugendstilen. Eit spesielt trekk ved huset er drakane i mønene på taket. Innvendig finn ein takmåleri i stovene.



Skifertak, foto: Kari Hasle

Eit anna særtrekk ved mange av dei husa frå denne tida, er dei mange skifertaka. Dette vart gjerne sett på som eit branntryggingstiltak, og etter ein brann i Halkjelsgata 1890 vart det pålegg om å bruke skifertak for å avgrense framtidige branntilløp. Skifer fekk ein levert i ulike fasongar, i Volda særleg frå skiferbrota på Voss eller i Alta, men den raudfarga skiferen på Samfunnshuset vart truleg henta på Otta. Det var også eit skiferbrot i Syltefjorden i Vanylven.⁴²

7.2. SENTRUMSMILJØ

Jon Tvinnereim fortel at: «I 1891 var Halkjelsvik og Rotset (Volda sentrum) den klårt folkerikaste tettstaden i amtet med 93 bustadhus og 579 innbyggjarar. [...] Frå midten av hundreåret [1800-talet] gjekk Volda sentrum inn i ei rivande utvikling. Det vart då etablert handverksindustri som garveri, mølle, guanofabrikk og ullspinneri. Litt seinare kom det også meieri. Det var i denne samanhengen viktig at det vart lagt mange viktige fellestenester til Øyralandet. Sorenskrivaren for Søre Sunnmøre heldt til på Rotset frå 1840-åra. Posten og lensmannskontoret vart flytta dit frå Ekset i 1850-åra. Volda og Ørsta Sparebank vart skipa i 1854. I 1860-åra kom utbygginga av skular utover allmugeskulen, i 1870-åra fekk bygdebyen telegrafstasjon og i 1886 jamvel apotek etter mykje tautrekking. Det eine drog det andre med seg. Kring 1880 var det i Volda sentrum fem embetsmenn, ein lege, to sakførarar, fire landhandlarar og ein bokhandlar. Alt dette gjorde at mange frå distriktet måtte reise til tettstaden rett som det var, og det skapte grunnlag for nye etableringar.»⁴³

Halkjelsgata: berre kalla *Gatå* på folkemunne, er den gamle hovudgata i Volda sentrum som gjekk frå området nedanfor kyrkja og innover mot Halkjelshaugen og Øyraelva. Det eldste huset, Ose-huset, vart bygd i 1841 av Johan Meyer Blichfeldt, som var bakar og fargar. Etter kvart kom det til bokhandel, bakeri, kafé, snikkarverkstad, urmakar, moteforretning og telegrafstasjon – for å nemne noko. I 1880-åra var Halkjelsgata etablert som Volda si sentrale forretningsgate.⁴⁴

Dei fleste einbustadane i Volda sentrum er bygde i perioden 1880-1930. Utviklinga av tettstaden som sentrum for industri, handel, administrasjon, utdanning og kommunikasjon skaut fart i dei siste tiåra før 1900. Den første tettstadutviklinga i Volda fann stad på nedre Rotset. Vidare spreidde utbygginga seg over Øyraelva og inn mot det vi i dag kallar sentrum rundt Halkjelsgata og kyrkja.

Det heiter seg at den første gata i Volda med bustadhus tett i tett på begge sider var Smitsgate, eller Tausakjerringsgata. Dei første tomtene grunneigarane la ut for bygging av einbustader var gjerne mindre tenelege for jordbruk. Bustadområdet på Hauane, med bergmark og knausar, vart tidleg utbygd. I områda

Engeset/Klepp, Gamlevegen, Anders Vassbotnvegen og rundt Røysbakken finn vi og ein del bustadar frå denne perioden.

Studerer vi folketeljingar frå området kring Vikeneset i 1900, kan vi få inntrykk av at dette var eit område med bustadar for handverkarar og arbeidarar. Folk etablerte seg her med ulike handverkssystemar, og tok 'sen'-etternamn i staden for gardsnamnet dei var døypte med.⁴⁵

Ut mot Vikeneset går det ei gate med små trehus på begge sider opp frå sjøen mot Lensmannsbakken. Den har offisielt har fått namnet Smiths gate, men på folkemunne har ho gjennom alle tider heitt berre **Tausakjerringsgata**. Namnet kom nok av at det var mange ugifte mødre her ei tid. Området her var eit handverkar-område, her vart det drive med småindustri og kaféverksemd.

Uppheimplassen: Vart valt som Volda sin tusenårsstad 2000. Her finn vi installasjonen «Egget» av Astrid Eidset Rygh. Forsamlingshuset Uppheim var møtestad og øvingsstad for mange lag og organisasjonar før Samfunnshuset kom. Trappa utanfor var som laga for ein talarstol, og dette gjorde at plassen vart fast møteplass og stoppestad for toget ved 17.mai-feiringa i sentrum.

Ved plassen er det laga eit eige parkanlegg med paviljong. Det vart 1992 sett opp eit minnesmerke over kunstnarane i Kinsarvik-familien i tilknytning til parken.

Løer: I Volda sentrum er løene til dei tre kjende sentrumsgardane Røysgarden, Moritsgarden og Skjerva. Forma på løene i Volda samsvarar med uttrykket i resten av landet, men storleiken har variert etter økonomi og næringstilhøve. Mange av bønder i Volda dreiv med attåttnæringar knytt til kysten og sjøen. Derfor er det nok færre av dei verkeleg store løene her. Løene vart ofte raudfarga, då raudmåling var den billigaste. Sidan har det vorte tradisjon, så løene er difor ein fin kontrast til dei andre bygningane.⁴⁶



Loa i Nikolai garden, sjefsgarden på Engeset, er reist i 1880-åra. Foto: Kari Hasle

Kvernhus: Dei fleste gardar med nærleik til elv eller sjø hadde kvern. I tillegg til maling og tresking av korn, kunne kvernhusa også bli brukte til å produsere elektrisk kraft. På Ytre Dravlaus er det teke vare på eit slikt kvernhus, og det vart brukt til å drive ein dynamo for å gje elektrisk kraft til gardane der i åra før «Bygdeverket» kom i 1931. Då arbeidet med bygdeverket starta, laut brukarane på Ytre Dravlaus å skrive frå seg retten til å ha eigen dynamo og slutte seg til kraftverket som skulle vere felles for heile Dravlausbygda frå Lyngneset i sør til Skrubbneset i nord. Kvernhuset ligg rett nedanfor det nye kraftverket til Dravlaus Kraft AS, og er det er det siste eksisterande kvernhuset i Dravlauselva.

På Folkestad er det teke vare på fleire av kvernhusa langs Rønstad-elva; Mass- og Jakobskverna i Sollida, Dei to Bakkekvernhusa og Johan-kverna på Rønstad. Opphaveleg var det seks kvernhus her, men det siste; kverna til Inste Rønstad

forsvann ved utvidinga av vegen her. Frå det kvernhuset vart det også ei tid drive eit lite kraftverk som kunne gje lys til nokre lampar. Jakobskverna er restaurert.⁴⁷

Stabbur: Stabburet var eit viktig hus på garden i eldre tid. Her var det lagringsplass for blant anna mat og drikke, men det kunne også brukast som soveplass for gjestar. På gardane kunne ein også ha ei **sengjabud** med plass til overnattingsgjestar og der ein kunne oppbevare verdfulle eignelutar og klede.

Uthusa: I det meir tettbygde Volda vart det vanleg at ein hadde små uthus, som kunne ivareta fleire funksjonar. Det kunne vere vedahus, utedo, fungere som oppbevaringsstad og jamvel ha funksjon som fjøs for høner eller ein gris. Ei forklaring på dei mange og relativt omfangsrrike uthusa i Volda sentrum er at ei rekkje huseigarar hadde utleige av rom til skuleelevar som ei viktig ekstraintekt. Uthusa vart slik nyttige avlastingsrom for hovudhusa. Ikkje alle uthus vart registrerte i SEFRAK, og fleire av dei har forsvunne dei siste tiåra.⁴⁸



Plakatbuda i Volda sentrum: Foto Kari Hasle

Plakatbuda er eit typisk uthus i Volda sentrum. Uthuset står sentralt plassert i krysset mellom Halkjelsgata og Røysgata. Uthuset høyrde til Kroken-huset frå 1893. I Kroken-huset har det vore drive handel av ulikt slag, og plakatbuda vart hovudsakeleg nytta til lager. Med si sentrale plassering gjorde den eine veggen på uthuset nytte som "plakatvegg". Her kunne ein til dømes sjå speleplanen for kinoen. Uthuset har framleis funksjon som plakatbud.

Svendsenbuda, Strandgata 8: Svendsenbuda er den einaste sjøbuda som står igjen i Volda sentrum, og er eit av få teikn på bygda si historiske tilknytning til sjøen. Tidlegare låg det sjøbuder på rekke og rad langs fjordkanten, og små og store båtar låg tidvis til kai langs brygga. Dei fyrste sjøbudene ved Vikeneset kom opp rundt 1880. I dag er det butikk og hyblar i den gamle sjøbuda.

7.3. GARDSMILJØ

Rønstadbakkane: Godt bevart gardstun med bustadhus for to generasjonar. På garden er det stovehus, løe, kvernhus, vårfjøs og naust. Vurdert som eit kulturminne av regional verdi.⁴⁹

Korsfurtunet, Indre Dravlaus: Alderdomleg tun med samanbygd stove, løe og fjøs. Tunet er i Regional delplan for kulturminne og kulturmiljø i Møre og Romsdal vurdert som eit kulturminne av regional verdi.⁵⁰



Korsfurtunet, Dalsfjord. Foto: Agnes Myren

Krusebakken, Sunndalskleiva var strandsitjarplass under hovudbruka her frå 1870-åra og gjekk seinare tilbake inn under hovudbruka. Gardshusa her er tekne vare på.

Eidseflot er ein gard i Bjørkedalen med eldre bygningsmiljø heilt tilbake frå 1600-talet med bustadhus, båtskot, oppgangssag bygd om til sirkelsag, kvernhus m.v. langs elva.⁵¹

Stove på Lauvstad: Alderdomeleg stove med særeigen grue i naturstein. Vurdert som kommunalt verneverdig.⁵²

Timberhaugen er ei gruppe med vårfjøsar på Sætre, Lauvstad.

Dravlauslida er eit mindre bruk frå slutten av 1800-talet som fortel si historie.⁵³

Oppgangssag, Bjørkedalen; rekonstruksjon av ei oppgangssag som skal ha vore bygd av Sakse Balle kring 1570, og skal ha vore i bruk til 1906. Saga stod

26
 opphaveleg i Laksehølen i Laurdalselva, og det var berre vasshjula, murane og stokkane att då ho blei rekonstruert og sett opp att på Lisje-Ola-gjerdet 1996. Sagene var sentrale for båtbygginga på Bjørkedalen, og den rekonstruerte oppgangssaga er vurdert som kommunalt verneverdig. Saga på Eidseflot vart bygd om til sirkelsag 1900, som den første i Volda. Denne saga er også restaurert og vert driven med vasskraft. Den er vurdert som eit teknisk-industrielt kulturminne av nasjonal verdi.⁵⁴

Smie, Samundegarden i Nøre Bjørkedalen; viktig handverk som i dette tilfellet også har nær samheng med båtbyggjartradisjonen, i og med at all båtsaum måtte lagast lokalt. Smia er derfor vurdert som kommunalt verneverdig.⁵⁵

Gamlebuda i Løvika: Petter R. Løvik starta med handel i Løvika 1887, og bygde butikk her 1889. Han hadde også postopneriet (6134 Løvik) frå 1890 og bygde kai her 1903. Kaia vart brukt som kai for rutebåten og seinare brukt av frakteskuter som «Silva», «Veslevik» og «Lotus». Gamlebuda vart bygd i 1932, og vart den første tida kalla Nybuda, i og med at den gamle sjøbuda stod like atmed. Landhandelen var i første etasje, og har halde på sitt tidstypiske miljø med handelsvarer.⁵⁶

7.4. TUNTREA

Kring 1870 var det etablert drift av planteskule på Rotset der dei importerte edle tresortar, truleg frå austlandet. Frå den tida og utover i byrjinga på 1900-talet utvikla det seg ein tradisjon – som følgje av denne geskjeften – at det på gardane i Volda sentrum vart planta tuntre sentralt mellom bygningane. Dei mest populære tresortane planteskulen tok inn, som vart nytta til dette føremålet var bøk, ask og eik. Mange av desse trea har fått vekse seg gamle fram til dei seinaste åra og har som naturleg for desse treslaga utvikla enorme dimensjonar på krone og stamme. På grunn av storleiken har dei utgjort viktige karaktertrekk/landemerke i kulturlandskapet og seinare som «bytrær» under framveksten av det meir urbane Volda sentrum. I dag er det ikkje mange att av desse trea.



Illustrasjon: Tuntre, foto: Torgeir Stensø

Storalmen: På Aarflot-tunet på Rotset planta Synnøve Aarflot og Lars Olsson Høydahl ein halv meter høg alm i 1870. I 2008 var omkrinsen auka til 3,75 meter og treet hadde då stått i 139 år. Rett nok var det nære på at det velta under Nyårsorkanen 1992, men med maskinell hjelp vart treet gjenreist på plassen sin. Tuntreet var i 2007 med i ei konkurranse i NRK P1, og fekk premie for den beste historia om opphavet til treet.⁵⁷

7.5. STEINGARDAR OG BRUER

Desse gjerda av stein vart brukte til å skilje eigedomane ifrå kvarandre. Ein kan finne døme på steingardar heilt tilbake til jernalder. Bruk av steingardar har forandra seg over tid i takt med korleis landbruket endra seg. På **setrane i Høydalen** er det fleire gamle steingardar frå før-reformatorisk tid som er automatisk freda.⁵⁸

På Helset i Bjørkedalen er det ein steingard frå seint 1800-tal på 2-300 meter.

På Folkestad er det ein fin steingard oppe mot Smørkinnemyra, og den skal vere sett opp av Bakke-Ola (Ola J. Rønnestad) for å dele utmarka mellom gardane her.⁵⁹

Frå Åseskaret i Sætreåsen går det ein steingard (**Torvgarden**) heilt opp på Snøhornegga 850 m.o.h., steingarden er 3-4 km lang. Undersøkingar viser at steingarden nok vart oppsett etter eit grenseforlik mellom gardane Feta (Lauvstad), Løndalen og Nakken på eine sida og Sætre, Sætreåsen, Grøtholen og Kvanngardsneset på den andre i 1760. Grensa vart justert noko i ei ny sak 1862, slik at nedste delen vart lagt om og ny grensegard oppsett der 1865.⁶⁰



Steingard, foto: Torgeir Stensø

Bruer: I ei bygd – og mellom bygder – kan ofte elver skape eit hinder for samkvetmet mellom bygdefolket. Bruene blei bygd på forskjellig vis, alt etter tilhøva på staden og kva krav som skulle stettast. I mange høve kunne brua vere ei steinhelle over eit pass med fjell på kvar side, eller på eit oppmura bru-kar. Var det lengre spenn, blei gjerne brua bygd av tre. Meir krevjande var det å bygge ei kvelvingsbru, som vi finn fine døme på i Hjartåberga. Her finn vi ei vakker kvelvingsbru som går over Kvernelva. Den nye E39 er delvis bygd over kvelvingsbrua.




Sageelvsbro, foto: Hans Peter Eidseflot

Langs vegen over Bjørkedalseidet og Brekka til Haugen i Nordfjord finn vi fleire flotte steinbruer frå eldre tid. Frå nord Sandviksbrua («Sandviigs Broen»), Sagelvsbrua («Sage Broen») og Førvassbrua («Forvas Broen») som truleg var bygd i 1796.

Alle desse bruene er no borte. Førvassbrua var ei flott kvelvingsbru som forsvann i eit vassfløde for nokre tiår sida. Tverrelvsbrua («Tverelv Broen») som og var bygd på same tid er enno intakt. Vidare kjem vi til Langedalsbrua («Langedalsbroe») som er bygd i 1827 og er den største av bruene. Vassosbrua ligg i nordenden av Vasslidvatnet og bygd i 1845. I sørenden i av Vasslida er det ei steinbru på Osgjerdet og ei på Steinvadet (grense mot Eid). Den siste fekk ny plate i fjor så der er det lite att av det gamle. På Eidasida er der ei gammal bru over elva frå Kjenndalen, men elles ligg alle bruene på Voldasida.⁶¹



Bru langs den gamle vegen over Brekka. Fotograf: Per Arild Bjørkedal



Tverrelvsbrua, foto: Hans Peter Eidseflot

På Lisjebøen på Dravlaus ligg det ei steinbru frå 1800-talet. Dette var den gamlebrua over elva mellom Hauane og Ellinggarden., der den gamle bygdevegen gjekk.

Det finst framleis også merke ei bru som gjekk over Langemyra på Mork. Dette er truleg eit av dei siste merke som er igjen etter vegen frå Morkabygda til Hovdebygda, som Ivar Aasen truleg gjekk både titt og ofte når han skulle hente kunnskap på Egset.

7.6. SETRAR⁶²

Det finst setrar til dei fleste gardane i Volda, og sjølv om det i dag stort sett er slutt på all seterdrift, så ligg seterhusa der som gode kulturminne om ei tid som var. Det er framleis mange som brukar søndagen til å besøkje ei av desse gamle setrane.

Rotevassetra: Var nok den største av setrane, heile 24 gardar og plassar setra i Rotevassdalen, og det kunne vere heilt opp mot 80 mjølkekyr utanom ungdyr, sauer og hestar på beite her. Det hende at dei måtte ta heim dyra midt på sommaren for at det skulle få vekse opp att.

Rotsetsetrane: Alle bruka på Rotset hadde beiterett med seter både ved Rotevatnet, i Lisjedalen og Høgedalen. Gamlesetra låg ved Rotevatnet, men når ho vart flytta lengre fram, vart ho heitande Lisjesetra. Det vart veksla mellom Lisjedalen og Høgedalen, så graset fekk vekse oppatt. Greivneset hadde også eiga seter, men denne vart tidleg nedlagt. Det viser murrestar etter selet her.

Hjartåsetra: Ligg på vestsida av Ullalandsvatnet og var seter for Hjartå, Reitane, Åsen og Ervika. Kring 1900 kom det køyreveg gjennom Aldalen, og då vart sela flytte frå den gamle plassen nede ved vatnet og opp til vegen. På setra her vart det beitt både kyr, geiter, sauer og hestar.


Kvivssetra: Seter for gardane på Nøre-Kalvatn og Bueidet. Her har det vore samanhengande seterdrift fram til nyare tid Lenge brukte dei dragarstreng og løypestreng for å få mjølka til gards, men etter kvart vart det også grave ned ein slange som dei sende mjølka gjennom på fast tidspunkt kvar dag.

Grøndalen: Setra for gardane på Søre-Kalvatn ligg nord for Grøndalsvatnet, på grensa mot Heggjabygda i Nordfjord. Det vart setra her fram til 1952, sidan har setra vore brukt til beite.

Rindalsetra: Var sommarseter for Indre Høydalen og Høydalsdalen, dei hadde vår- og haust-seter i **Langedalen**. Der hadde også Høydalsvikane krøtera sine på hausten, på våren hadde dei eiga seter på **Vikesetra**. Frå gamalt av vart det også setra i **Feirdalen**, men desse sela vart sidan flytte til Rindalsetra. For å få dyra hit rodde dei over Osvatnet og Rindalsvatnet, og det kunne vere opptil 60 kyr på setra,

utanom geiter. Det var fullsetring her, så dei både kinna smør og kokte brunost. Siste året det vart setra her var 1947, sidan var det brukt til sommarbeite.

Nysetra: Eigentleg to setrar som ligg berre 500 meter unna kvar andre og også går under namna **Nördalssetra/ Ottardalssetra** og **Helsetsetra**. Fleire av husa her er truleg frå 1700-talet og vart flytte hit frå Byrjevattnet, der setrane var før. Under krigen hadde familien Kristvik ei tid opphald i Samundselet på Nysetra, då tyskarane tok lærarane til fange. Begge gardane hadde haustseter på Fladalsetra. På Nysetra vart det setra til 1963. Haustseter hadde desse gardane på **Fladalsetra**. Der er det enno eit godt bevart seterlegg, som består av 6-7 bygningar som truleg er frå 1500-1600-talet. Dette er eit kulturminne som er vurdert å ha regional verdi og som er foreslått verna i regional kulturminneplan.⁶³



Laurdalsetra i Bjørkedalen, Foto: Berit Sandvik Skeide

Laurdalsetra: Ligg i Laurdalen, 390 m.o.h. og er seter for gardane i Søre Bjørkedalen. Sela har eit par gongar vore tekne av fonna frå Grøvrene, sist i 1910. 2-3 av bygningane her er likevel opphavelag frå 1500-1600-talet. Etter siste fonna bygde også fleire av dei mindre bruka seg sel her. Det kunne vere opp til 80 kyr på beite her, utanom at dalen var brukt som hestehamning for gardane i Nordfjord. Det vart setra i Laurdalen til slutten av 1950-talet.

Hamna: Seter for gardane på ytre Folkestad. Frå først av var det berre vakjarhus her, men litt før 1900 vart det sett opp sel for dei fleste gardane, og alle hadde særskilte namn som også er brukte i setre-songen for Hamna. I slutten av 1920-åra kom det køyreveg fram til setra. Det kunne vere opptil 60 kyr på beite her, og den første tida vart også sauene mjølka. Siste året det vart setra her var 1949.

Stranda: Gardane på Indre Dale hadde sjøseter (den einaste i Volda) mellom Fjøsneset og Lisjeneset fram mot 1950. Teigane her vart slegne før jonsok, og så beitte utover sommaren.

Tryfta: Seter for Indre Åmelfoten og Dalen. Vårane hadde Åmelfot-gardane beite på Rysja, medan Dalen beitte i Langedalskjeret. Det vart setra på Tryfta til kring 1955.

Storlida: Seter for gardane i Steinsvika, no verna gjennom tinglyst vern- og vedlikehaldsavtale. Det kunne vere opp til 50 mjølkekyr pluss ungdyr på setra her. Siste året det vart setra her var 1948. I 1977 vart setra flytta opp på Haugen eit stykke frå Storlid-vatnet, då Tussa ville demme opp vatnet i samband med Åmæla-utbygginga. Då vart det også bygd køyreveg nesten heilt fram til sela.⁶⁴ Vurdert som eit kulturmiljø av regional verdi.

Dansen: Skal ha fått namnet sitt ved at ei hulder trødde dansen på Trødet, ei flage like framfor setra. Dansen var seter for Ytre Åmelfoten og Åmelfotsetra. Det vart setra her til 1960.

Gamlestøylen: Ligg framme i Dravlausdalen og er seter for Midtbygda og Vika. Det kunne vere opptil 50 mjølkekyr her, utanom ungdyr. Setra var i bruk heilt til 1960

Nyestøylen: Her stod seterhusa til Reitane og Dravlauslida, men dyra gjekk saman med dei andre dyra frå Midtbygda, og kom hit utpå sommaren. Dyra frå Reitane beitte også på Reitefjellet, der mjølkarane laga seg eit provisorisk krypinn.



Dravlaussetra i Dalsfjorden, Foto: Berit Sandvik Skeide

Illustrasjon av Kolbein Halkjelsvik (førre side): Dei raude strekane symboliserer vasskraftveiter som gjekk over alle bend/halvøyar nedover elva for å tilføre kraft til installasjonar på nedsida av desse. Den gule streken viser lina for vasskraft pr. vasshjul og taubane frå elva heilt til Roysløda. Denne kraftoverføringa dreiv mellom anna ei korntreske i loda.

gamle støyperibygningane ligg i dag. Overskotet av kraft selde han til andre verksemdar og til privatpersonar i området.

Seinare vart det etablert fleire kraftverk ved elva. Volda kommune bygde eitt som låg like ved prestegardstunet med inntaksdam like ved der ein finn Møre Konfeksjon Volda as sitt bygg i dag. I 1935 bygde Ragnar Aarflot eit kraftverk opp ved Mylnefallet som Volda Sogelag no har bygd opp att.

Dei fleste gardane i Volda hadde kvernhus ved elva som vart nytta til maling av korn - i hovudsak havre til graut og flatbrød. I 1904 vart det starta opp **metallstøyper** ved Øyraelva. Her vart det produsert jarnomnar, komfyrar, vaffeljarn og gorøjarn. Verksemda fekk eit kraftig oppsving etter bybrannen i Ålesund. Da krigen kom vart det slutt på produksjon av omnar og ein gjekk over på produksjon av maskindelar til båtmotorar levert til Volda Motorfabrikk.

Kolfossen, vassdraget mellom Kalvatn og Langvatn vart utbygd 1916-20. Sluttrekninga kom opp i 2,6 millionar, ein svimlande sum i 1920, og førte til at både Volda kommune og den lokale sparebanken fekk økonomiske vanskar. Kraftprisen blei sett høgt, og brukarane avgrensa bruken mest mogleg. I 1937 vart fallet mellom Osdalsvatnet og Kalvatn utbygd, **Kopeverket**.⁶⁵



Kolfossen kraftverk, foto: Wikipedia

Høydalselva: Høidalens Elektrisitetsværk vart skipa 1915, og kraftverket vart starta 1917. Men i periodar vart det for lite vatn til å drive kraftverket, så i 1920 vart det bygd demning i Osvatnet, slik at ein kunne regulere vatnet med 2,5 meter. I 1930-åra vart likeeins begge vatna i Bøjdalen demde opp, og seinare også på Osen. Då heller ikkje dette var nok til å sikre stabil vassføring, vart det i 1942 bygd ny demning i Langedalen, der reguleringshøgda var 9 meter. Kraftverket her vart innløynt av Volda kommunale Elverk i 1966, og kraftselskapet vart nedlagt 1969. I 1998 vart det på nytt starta el-verk i Høydalselva.⁶⁶

Folkestadelva: Her vart det starta elektrisitetsverk i 1913, og etterspurnaden auka sterkt under første verdskrigen. I 1915 vart **Folkestad Mylne** starta på ei lita flate ved Storebrua. Det kom folk hit med båtlastar med korn til maling heilt frå

Stadtlandet og øyane utanfor Ålesund, og mylna vart så populær at den måtte utvidast med to større kverner. Kverna hadde også rett til å male korn under andre verdskrigen, men ei tid etter vart det slutt både på korndyrkinga og -malinga her.⁶⁷

I 2006 vart det på nytt starta kraftverk i Folkestadelva, denne gongen med mykje større fall, og dermed større kapasitet enn det gamle kraftverket.

Åmela: Kraftverket her starta i det små som eit mindre kraftverk for gardane på Mårstøylen og tønnefabrikken i 1915. Gustav Maarstøl sikra seg alle fallrettane i Åmela-vassdraget og hadde store planer om utbygging. I 1918 leigde han eit større jordstykke i Åmelfoten med plass til inntaksdam og rørleidning. Men same året gjekk tønnefabrikken konkurs og planane vart skrinlagde. I 1925 vart så **Åmelfot Kraftlag** skipa med alle i bygda som interessantar, og no vart kraftverket oppjustert slik at dei også fekk lys og kraft til eigedomane sine. Søre Sunnmøre Kraftlag overtok kraftleveringa her 1962, men kraftverket var i drift til starten av 1970-talet. I 1973 tok så utbygginga av **Åmela kraftverk** til. Kraftstasjonen i fjellet ved Mårstøylen kom i drift 1977. Eigar er i dag Tussa Energi A/S.

Tussa Kraft A/S starta også oppatt med kraftproduksjon ved Dale Kraftverk i 1990. Lisjebøvatnet vart regulert og det vart lagd rørgate på 1500 meter ned til kraftstasjonen.

I Dalsfjorden var det i tillegg ei rekkje **mindre kraftverk** i drift i perioden før Søre Sunnmøre Kraftlag tok på seg å skaffe kraft til alle innbyggjarane. Dette hadde avgrensa effekt, men sørgde likevel for lys og varme i mange heimar og gav grunnlag for lokal næringsverksemd. I ein artikkel av Hallstein Kvangarsnes er det nemnt slike mindre kraftverk på følgjande stader i Dalsfjorden: Lisje-Nautvika, Rossetvik kraftverk, Hesteflotane, Dalsbygdens Elektrisitetsverk, Eidset kraftverk, Eidheim elektrisitetsverk, Steinsvik & Vassbakke Elektrisitetsverk, Storlida, Innselset, Øggarden, Aksnes, L/L Dravlausbygda Kraftlag, to kraftverk i Breivika i Dravlaus, Ytre Dravlaus, Sætreåsen, Antungarden og Nilsgarden på Sætre, Åmundgarden/B.M.Haugen og Jonsgarden på Ulvestad, Lauvstad Elektrisitetsverk, Gjøsdal/Telset Kraftverk, Koppen/Høystøylen, Plassen i Velsvika og Velsvik Kraftverk.

8.2. FABRIKKAR

Det har vore mange fabrikkar i kommunen gjennom tidene, og dei har hatt svært ulik produksjon. Til dømes har det vore fleire møbelfabrikkar i sving, men det vart også produsert både sko, kraftfôr, ski, mineralvatn og orgel. Det var heller ikkje uvanleg at det var verkstader i mange kjellarar, der ein dreiv med forskjellig slag småindustri.

Nokre av dei mest sentrale fabrikkane som har eksistert i Volda kommune er:

Møre Støberi AS vart starta i 1903, og dei tok over tomta etter Voldens Aktiegarveri ved Storelva. Støyperiet overtok øydelagt støypegods etter Ålesundsbrannen, og laga «Magasinovn, Etage- eller Circulationsovn, Indelukket Kokeovn, Komfûr, Vaskekomfûr, Baatovn, Heisekraner, Krabbekraner, Takvinduer, Feieluker, Trillebårhjul, Vaffeljern, Krumkakejern, Baatrat, Pollerter, Rekværkssøiler, Trappesøiler, Gravgitter, Moseharv, Skolest osv.» I 1907-08 var det 46 arbeidarar ved støyperiet. Etter kvart fekk verksemda filialar både på Molde og i Ålesund. Støyperiet her brann ned 1913, og det vart sett opp ny verkstad på branntomta. Etter nokre tøffe år på 1920-talet, overtok nokre av arbeidarane verksemda her 1933. Under krigen gjekk dei heilt over til produksjon av maskindelar. Støyperiet vart nedlagt 1967.⁶⁸

Humberset Bil- og Mekaniske Verkstad: Brørne Andreas og Elling Johnsen Humberset starta med smie og mekanisk verkstad i Løvika vest for Humberset. Saman med Britanus O. Humberset flytte dei verksemda til Øyraelva, og dei tok på seg mange slags oppdrag både for private og andre verksemdar. Ein kan nemne kunstarbeid for Volda kyrkje, produksjon av verktøy og maskiner til både båtbyggjarane på Bjørkedalen, og Volda mek. Verkstad, i tillegg til alle typar lokale konstruksjons- og reparasjonsoppdrag innan sveising og metallarbeid. Utover i 1920-åra kom dei første bilane til Volda, og verksemda tok til å produsere kasser til lastebilar og bussar. Dei bygde nytt bygg i betong i 1930-åra, og laga her mellom anna dei første bussane og lastebilane til Ragnvald Engeset sitt rutebilselskap. Autentiske og tidstypiske bygningar og produksjonslokale står framleis på opphavsleg stad, med mykje av produksjonsutstyret intakt.



Humberset Bil- og mek. Verkstad, foto: Torgeir Stensø

Volda skifabrikk: På Røysbakken ligg eit hus med ei særmerkt forhistorie. I kjellaren vart det i åra 1929 til fram mot 1960 produsert mellom anna ski og skistavar, med hopp ski som spesialitet. Det var Spinneri-Syver, Sivert S. Rotevatn som starta opp denne produksjonen, og seinare tok sønene Magnar og Kjartan over. Dagens rester av fabrikk ligg på lager hos Norsk Skimuseum på Kongsberg.⁶⁹

Volda elektriske Mylne: Ei av åtte bygdemøller som framleis er i aktiv drift. Vurdert som kommunalt verneverdig. Volda el. Mylne vart starta av Rasmus Barstad og Olav Myklebust i Dalebuda på Rotset 1927. I starten var det to kverner som hadde stått ubrukte ved Øyraelva ei tid. Etter kvart tok dei imot store parti med korn til maling. I 1929 tok Gullik Norheim og Johannes Rusten over mylna her, med Johannes Sæbø som disponent. Føretaket vart då registrert som aksjeselskap. Dalebuda brann ned 1936, og det vart bygt nytt lokale for mylna.

Etter Sæbø overtok Nils Normann Klepp som disponent 1939-45 og så Anders Kristiansen 1945-88, då Elias Moe overtok. Etter kvart vart produksjonen dreia over meir mot kraftfôr og Møre Felleskjøp overtok 90% av aksjane 1973. I nyare tid har mylna her vore den einaste i landet som mel mjøl med steinkverner til matproduksjon, og i 1992 vart det mald 60 000 kg havre på mylna. "Mylna" er eit teknisk-industrielt kulturminne av regional verdi.⁷⁰



"Småstol" frå omkring 1940, foto: Wikipedia

Åslids Møbelfabrikk i Volda vart starta av Ivar Aaslid ved Øyraelva i 1907. Første tida laga dei spisestovemøblar, med bord, stolar, skjenk og skap. Stolane var i heiltre av eik og bjørk, og dei fleste møblane var mørkbeisa. Dei hadde eiga sag, og seinare også eiga materialtørke. Sønene overtok verksemda her 1936, og verksemda vart utvida mykje i 1946. Åslids Møbelfabrikk vart sjølv flaggskipet i den lokale møbelnæringa, og kring 1980 gjekk 70-80% av produksjonen til eksport, det meste til USA og Canada – og det var 45 tilsette i bedrifta. I 1987 vart verksemda avvikla, den internasjonale konkurransen vart for hard.⁷¹

Aaslid Stolfabrikk i Austefjorden: Fabrikken vart bygd på Fyrde i 1936 av Per Aaslid. Han hadde gått i lære hos farbroren Ivar Åslid i Volda, og arbeidd der i 13 år før han starta for seg sjølv. Bjørk til stolproduksjonen felte dei i Skinnvika. Dei mest populære stolane var gyngestolar, armstolar og småstolar utan armlene. Dei fleste stolane hadde sete med ruter i. Per Aaslid meinte sjølv at dei hadde levert mellom 50- og 100 000 stolar frå fabrikken. I 1960-åra vart det også utvikla eit samanleggbart bord, som vart leverte til hotell, butikkar, skular og forsamlingshus. Vinteren 1978 brann fabrikkbygningen på Fyrde ned.⁷²

Høydal Snikkarverkstad vart starta i 1932 og laga i starten kleshengarar, seinare småmøblar. Etter kvart omfatta produksjonen spisestovemøblar i eik, bjørk og fure, soverommstømlar, skatoll og skap. Verkstaden leverte alle dører og vindauge til sjukehuset i Volda 1936/37. Verkstaden var mellom dei første som skaffa seg hydraulisk finerpresse. I 1940-åra var det kring 20 tilsette. Ei anna verksemd i same bygda var **Høydal Trevarfabrikk** som var i drift frå 1942 til 1950-åra, nokre år var også **Høydal Rokkeverkstad** i drift, dei produserte rokkar.

Brønne Mineralvatn: Brørne Moritz, Arthur og Lars Brønne starta med saft- og sylvetøyproduksjon i heimen på Brennene i 1925. I 1927 kjøpte dei produksjonsutstyret til nokre karar som hadde prøvd seg med Volda Mineralvandfabrik frå 1915 i Osekjellaren i Volda. Under krigen vart det auke i brussalet, og i 1953 bygde dei ut fabrikken her. Son til Lars, Martin, overtok som disponent 1960, og verksemda gjekk då over til rein produksjon av brus. Fabrikken var den største verksemda på Folkestad i 1970-åra. Brønne Mineralvatn var ein av dei siste frittstående brus-fabrikantane i Norge, fabrikken blei nedlagt i 2009.⁷³



Barnas Festbrus frå Volda Mineralvatnfabrik, Folkestadbygd. Foto: Agnes Myren

Hjelle & Dale Møbelfabrikk A/S vart starta av Knut P. Dale, Hans M. Hjelle og Rasmus Hjelle hausten 1946. I starten var det stolar etter eigen design dei produserte. I 1948 bygde dei fabrikk i «Smørhussvingen» utanfor Dalsbrua. Huset vart bygd av *flyplassbord*, material som tidlegare hadde vore brukt til tredekke på den tyske flyplassen på Aukra. Etter kvart fekk møbelfabrikk kontrakt med Møbelhuset, som teikna modellar til møblar og sørgde for råmateriale. Fabrikken vart utvida 1949 og sikra mot flaumvatn frå Daleelva. Straum fekk dei frå Dalsbygd Elektrisitetsverk, som var næraste nabo. I 1960 vart det ny utviding, no med ei ny etasje på bygningen. Då Dalsbygd Elektrisitetsverk vart nedlagt 1969,

fekk Hjelle & Dale overta tomte deira, og ny fabrikk på 1400 kvm vart sett opp 1970. I 1985 fekk verksemda pris for *God norsk design*.⁷⁴

I Eidsetosen vart **Dalsfjord Rivefabrikk** starta opp i 1932, som det første industriføretaket i Dalsbygda. Frå starten fekk dei overta vasshjulet som vart bygd nokre år før, og dette dreiv reimer og maskineri i fabrikk via ein aksel. Som reserveløysing hadde dei ein liten motor, og denne kunne drive maskineriet i tørkeperiodar med låg vassføring. På det meste var det opp til 5 mann i arbeid ved den vesle verksemda. Fabrikk skifta seinare namn til **Lillenes og Reites rivefabrikk**, og det var Rasmus Reite på Fjøsneset og Johannes Lillenes på Lisjeneset som dreiv verksemda som vinterarbeid. Då elektrisitet kom fekk dei jamnare og større produksjon – kring 3 000 river per år. Rivene frå Eidsetosen var ei lett modernisert utgåve av dei gamle, heime laga trerivene. Rivehovuda var av bjørk, tindane av rogn og skafta av kvistfri furu frå Bjørkedalen. Dei vart svært populære. og med elektrisk kraft til å drive maskineriet i fabrikk, kunne dei auke produksjonen. Rivefabrikken vart nedlagt i 1964.

Møre Skofabrikk AS vart etablert av fire unge karar i Steinsvika i 1918 som Dalsfjordens Trebundskofabrik L/L. Den første fabrikk vart bygd i Kalvegjerdet, med drivkraft frå eit sagfall i Vassbakkeelva. Frå 1919 fekk dei kraft frå Steinsvik og Vassbakke Elektrisitetsverk, og no vart også kloggproduksjonen flytta til ny bygning ved sjøen. Etter kvart starta dei også med å lage *trelappestøvlar*, støvlar med trebotn. Verksemda vart aksjeselskap 1926 under namnet Møre Kloggfabrikk as. I 1931 starta dei med produksjon av feittlærstøvlar, og verksemda gjekk no under namnet Møre Sko- og Kloggfabrikk AS. Arbeidsstokken var no kring 20 mann, og dei produserte 70-100 sko kvar dag. Etter krigen auka produksjonen, det var 28 arbeidarar i sving og i 1956 bygde ein ny fabrikk. Trekloggproduksjonen tok slutt kring 1960 – med namneskifte til Møre Skofabrikk AS - men no fekk ein i staden produksjon av vernesko og militærstøvlar. I 1977 var ein oppe i ein årsproduksjon på 50 000 par militærstøvlar, og fabrikk måtte utvidast på nytt 1978. Produksjonen vart flagga ut på slutten av 1990-talet, og arbeidet på fabrikk her vart nedlagt oktober 2000.⁷⁵

Løvik og Nesheim garnblåsefabrikk A/S: Samund Løvik og Elias Nesheim starta produksjon av garnblåser i fjøra på Dravlaus før krigen, men det var først

etter krigen at verksemda tok seg opp. I starten var det impregnert seglduk som vart brukt, seinare gjekk ein over til produksjon i plast. Ein dreiv også med produksjon av plasthanskar og dørmatter. Fabrikk vart nedlagt 1967.⁷⁶



Haugen-orgel. Foto: Kari Støren

Haugens Orgelfabrikk: Fabrikken blei opphavleg starta som Haugen & Ulvestads orgelfabrikk i 1905, som eit samarbeid mellom Bernt M. Haugen og Lars E. Ulvestad. Dei flytte ei gamal stove frå Sætreåsen og til ei tomt ved elva på Ulvestad, og i 1910 leverte dei mellom anna orgelet til Dalsfjord kyrkje. I 1912 vart firmaet oppløyst, og dei heldt begge to fram med orgelbygging kvar for seg. Lars kjøpte den gamle Ulvestad skule og flytte den til heimegarden sin og dreiv orgelbygging der. B.M. Haugen reiste til Tyskland og studerte orgelbygging der 1912-13. I mellomkrigstida vart det ei tid også drive daglegvarehandel i eine delen av fabrikk, men så tok orgelbygginga seg oppatt. I 1932 fekk B.M. Haugen kontrakt på levering av det nye orgelet i Volda-kyrkja. Under siste verdskrigen gjekk firmaet over til å produsere senger, kommodar og nattbord, då det var vanskeleg å skaffe orgel-delar frå Tyskland. Under krigen vart det også laga eit lite kraftverk i Ulvestad elva som skaffa kraft til fabrikk. I tilknytning til fabrikk vart det også bygd sag. I mange år dreiv B.M. fabrikk saman med sønene og ei rekkje tilsette arbeidarar frå bygda. Det var snakk om å utvide fabrikk, men då B.M. døde i 1958 vart det slutt på orgelbygginga her. I 1997 brann fabrikkbygninga ned med alt inventar.⁷⁷

8.3. ATTÅTNÆRING

I tilknytning til gardsdrifta, var det ofte slik at bøndene såg seg høve til å spe på inntektene ved å utnytte andre av ressursane som fanst i tilknytning til garden. For mange vart dette eit alternativ til å søkje seg arbeid vekk. Skogen var ein rik ressurs som gav grunnlag for slik tilleggsnæring, og fleire stader finn ein eldre sager, der nokre framleis er intakte.

Sandtaka i Geitvika og Skinnvika: I Geitvika er nok sanden resultatet av at elva har teke med seg sand frå fjellet ovanfor, medan det i Skinnvika er snakk om to moreneryggar som ligg like under Lisje-Eidskyrkja. Første forsøket på å ta ut sand frå Geitvika var i 1922, men først i 1946 fekk Harry Geitvik til fast drift her. På 1950-talet vart det skaffa steinknuser, og frå 1960-talet var det tre steinknuserar i drift her. Marknaden hadde utvikla seg, slik at det no vart produsert både sand og singel til betong og vegggrus. I 1984 fekk ein kontrakt med Statens vegvesen om produksjon av asfalt, og det vart laga asfaltverk her. Utskipingskapasiteten var på 100 000 tonn sand i året.⁷⁸

Langvatnet, Austefjorden: I 1954-55 gjekk bøndene langs vatnet saman om å senke vasstanden i vatnet med opptil 2 meter, slik at ein på den måten kunne drenere opp meir dyrkamark. Det vart sprengt ut ein 16 meter brei og 50 meter lang kanal frå Gjersdalsbrua og nedover mot Damfossen, og vatnet vart i realiteten delt i tre ved at ein utdjupa elve-kanalar mellom Nes og Langeneset og mellom Vindsåsen og Roteneset. Arbeidet tok i 9 år, til 1963, og hadde då kosta over 202 000 kroner. Det vart tørrlagt 357,2 da dyrkbar jord ved dette tiltaket.⁷⁹

Glimmerdrift i Osdalen: På slutten av 1800-talet vart det funne ein glimmerforekomst i Osdalen. I 1900 fekk tre karar frå Dalsfjorden kontrakt om drift her, men dei måtte snart gje opp. Den neste som prøvde seg var Johan Preus Jordan frå Bergen, som bygde **Jordanhytta** i tilknytning til brotet. Det vart også sett opp løypestreng ned til gardane i Osdalen. Etter Jordan prøvde engelskmannen Robert Black seg her nokre år, før Osdalens Glimmercompani vart stifta 1917, med lokale interessentar frå området. Dei leverte mellom anna glimmer til Volda støyperi. Drifta var ikkje lønsam nok, og det blei slutt etter få år. Brotet er vurdert som eit teknisk-industrielt kulturminne med regional verdi.⁸⁰

8.4. KYSTKULTUR OG BÅTBYGGJARTRADISJON

Båtbyggjartradisjonen er framleis levande på Bjørkedalen. Tidlegare var dette ei viktig attåttnæring (særleg vinterstida) i heile området frå Folkestad og innover fjordane til dalane i Austefjorden, men Bjørkedalen har frå gammalt av vore eit hovudsenter for båtbygging. Det finst framleis båtskot på fleire av gardane her, som viser korleis dette handverket vart utført. Sunnmørsfuten melde i 1840 at det i åra 1835-40 vart bygt 214 større båtar (åttringar, fjørefar og seksringar) og 830 mindre båtar (trerøringar og færingar) i Volda. «Birkedalens bønder er Søndmøres første ottrings-byggere og regner sig sjølv som hørende til søndre Søndmøres aristokrati», skreiv veginspektør Gregersen i 1886.

Fram til 1880-90 var dei fleste båtane bygde som snedbetningar. Snedbetningar eller snidbotningar, var bygde slik at det nedste eller to nedste borda var skråa (sveda/snida) ned mot kjølen. På færingane vart så dei neste to borda skøyte med to smale bord i framenden av båten, for at bordgongane skulle skræa ned mot stammen. Den same teknikken vart også brukt på større båtar, men då vart gjerne fleire bord skøyte på denne måten. Dette er spesielt for Sunnmøre og i motsetning til dei fleste andre båtbyggjarmiljø i Norge, der tradisjonen er båtar med heile bordgongar. Båtbyggjartradisjonen vert vurdert som eit immatrielt kulturminne med kommunal verneverdi.⁸¹



Båtbyggjar Jakob Helset i arbeid. Foto: Håvard Haraldson Hatløy

Bjørkedal kystlag (starta 1994) og **Bjørkedal båtsamlingar** (starta 1993) har lenge arbeid for å ta vare på desse tradisjonane og ein del av dei båtane som vart bygde her. Båtsamlinga er konsentrert til to grindløer (Fedenløda frå Engeset og Stårheimsæterløda), ei tømmerstove (Linastova frå Heltne) og to båtskot


(Sandvikskotet og Saxeskotet) som har vorte flytte og bygd opp igjen på den gamle opplagsplassen for tømmer i Søre Bjørkedalen. Kystlaget og båtsamlingane disponerer og eig meir enn tretti båtar.⁸²



Båtdragning: ein ny gavlbåt i Jakobs garden, Bjørkedalen.

Når ein bygde båtar på Bjørkedalen, så måtte desse fraktast til sjøen for å sjøsetjast der. **Båtdraginga** har slik utvikla seg til eit eige kulturminne for Bjørkedalen. Båtdragning var dugnadsarbeid, og alle stilte opp og hjelpte kvarandre når båtane skulle til sjøs. Båtane måtte gjerne bikkast og balanserast for å få dei ut av båtskota, så vart dei i eldre tid gjerne dregne over isen eller rodde over Bjørkedalsvatnet. Derifrå måtte båten forsiktig flyttast mellom dei ulike vatna nedover mot Kile, her var det tillaga faste lunnar til å drage båtane på. Det var viktig at ein hadde folk som heldt att, slik at ikkje båten «tok av» i nedoverbakkane. Etter at vegane vart køyrbare vart det brukt hest og kjerre, og

seinare traktor som trekkraft for båtane, som vart transporterte på ulike slag sledar eller vogner. Den gamle **storebåtvogna** på Bjørkedalen er framleis intakt. Bjørkedal kystlag har registrert båtdragning som immaterielt kulturminne i den nasjonale oversikta over slike.⁸³



Båttransport på Bjørkedalen. Kjelde: Nerbøvik-arkivet

L/L Vik Båtbyggeri: Brørne Rasmus og Håkon Høydalsvik dreiv med båtbygging både under stabburet og i kjellaren på våningshuset, før dei i 1946 starta L/L Vik Båtbyggeri. Utover i 1950-åra var det 10-15 mann i arbeid med både nybygg,

reparasjonar og ombyggingar. Båtane vart bygde med dobbeltspant fram til 1970-åra, då dei gjekk over til laminerte spant. Verksemda vart lagt ned 1995.⁸⁴

Volda mekaniske Verkstad: Nils Evensen starta som disponent ved Møre Støberi AS, og han oppdaga snart at støyperidrift og motorfabrikasjon passa godt saman. I 1913 fekk han med seg ein del dyktige folk og lokale interessentar, og bygde opp motorfabrikk på ei sjøtomt bygsla av kyrkja og Prestegarden. Det var gode tider for fiskarane under den første verdskrigen, og slik sett fekk dei ei god opning. Men i 1917 brann fabrikk ned, og dei måtte starte opp på nytt. I 1920-åra gjekk det meir trått, dei gjekk konkurs og måtte få hjelp til å kome i gang att 1928. Arbeidarane gjekk inn å kjøpte aksjar i selskapet. Fram til 1960-talet var **Volda-motorane** kjende slitarar i mang ein fiskebåt langs kysten. Motoren var utvikla av arbeidarane lokalt. På det meste vart det 140 motorfabrikkar i landet, og Volda mek. vart ein liten, men kjend fabrikk. Motorane vart rekna som solide og driftssikre. På 1970-talet dreiv Volda mek. større skipsarbeid og slipping, men dei spesialiserte seg etter kvart på skipsgir og framdriftssystem for skip. I dag går verksemda under namnet Brunvoll Volda.⁸⁵

Nothenge, Høydalen: Dei fleste bygdelaga i Volda hadde eigne notlag, der gardane hadde partar av ulik storleik og tilsvarande plikt til å stille opp med ein eller to mann når det vart registrert fiskestimar på fjorden. Stornota til Høydal notlag var 120 famnar lang og 12-15 famnar djup. I tillegg hadde ein minst to stengenøter av ulik storleik. I Høydalen finn ein eitt av få bevarte nothenge i fylket, og dette er vurdert eit kystkulturminne av regional verdi.⁸⁶

Frossen-is: Johs. Leirvik fekk i 1929 kontakt med eigarane av Bakkevatnet i Skinnvikbotnen, for å skjere is som skulle brukast til frysing av fisk om bord i båtane. Den første tida skar dei isen med hest og is-plog, seinare vart det laga ein slede med bilmotor, der ei sagkjede var montert på ein mellomaksling. Isen vart skoren i firkanta ruter, omlag 60 x 60 cm. Isen vart frakta til ein berge ved sjøen, og så vart dei stabla og dekte med sagmask slik at isen ikkje skulle smelte. Når isen skulle leverast måtte han reingjerast og leverast på ein lekter som frakta til Fosnavågen, der G. Voldnes hadde ei iskvern. Når isen var malt opp, vart den levert til fiskebåtane der. Verksemda her var i drift heilt til 1950, då Johannes Leirvik døde.⁸⁷

Rotsetfjora: Funnområde i sjøen med ballast-røys med keramikkfragment, som truleg stammar frå slutten av 1600-talet og fram mot moderne tid. Funnet er eit kulturminne under vatn eldre enn 100 år, og er slik automatisk freda etter kulturminnelova av 1978.⁸⁸

9. SAMFERDSLE


Morkabygda og Nedre Ekset har rike tradisjonar for å vere eit knutepunkt i regionen, også i ein nasjonal samanheng. Med sete for lensmann, postopneri, bibliotek og apotek hadde bygda sentrumsfunksjonar som seinare vart flytta inn til Halkjelsvik. Med Sivert Aarflot si etablering av det første trykkeriet og den første avisa på landsbygda i Noreg vart miljøet på Nedre Ekset frå rundt 1800 viktig for utviklinga av ein moderne kultur som skulle bli avgjerande for samfunnslivet i sin heilskap og Volda-samfunnet spesielt. Tradisjonen frå Ekset vart ei drivkraft i utviklinga av Volda som skulestad og sentrum for kunnskapsformidling.

9.1. SJØVEGEN

Dampskipa: Sunnmøre dampskipsselskap vart starta 1886, og i 1889 vart det sett i drift ei rute med dampskipet «Laxen» som skulle gå både i lokaltrafikk og med ruter til Ørsta – Vartdal – Ålesund. Dette vart starten på Voldens Dampskipsselskap i 1901, som no fekk nybygget «Møringen», som veksla på ruta med «Varde». Det vart laga til dampskipsekspedisjonar fleire stader i kommunen, og dampskipa fekk også rute til øyane i Sande, Herøy og Ulstein. Dampskipsrutene vart lagde ned kring 1960.⁸⁹

Den gamle **ferjekaia** i Volda låg ved den gamle Kroken-kaia mellom Steinsvikhuset og Haavikhuset, og kaia vart bygd opp på grynna ved fjøre sjø her i 1946. Hamna vart sidan mudra slik at skyssbåtane kunne legge til her, og det var også ekspedisjon for Bergenske Dampskipsselskap her. Ikkje langt aust for kaia låg Røysbryggja, som var fast landingsplass for småbåtane som kom oppom her. I dag kjenner oppveksande generasjonar og innflyttarar til bygda området berre som «Flyndra»: ein stad der russ hoppar i vatnet, og Voldakampen utspeler seg. Dette var det mest sentrale trafikkpunktet i kommunen, og eit kjernepunkt i sentrum.

Rutebåten til Austfjorden hadde i 1920 ni stoppestader: Homberset, Folkestad, Mek (på signal), Straumshamn, Bjørnaset (på signal), Høydalen, Skjeret og Fyrde. Folk frå Høydalsneset og Vikestranda kunne borde båten frå robåtar. Frå 1926 starta Ragnvald Engeset med rutebiltrafikk til Fyrde, og frå då av vart posten transportert med bil.⁹⁰



Ruta til rutebåten "Progress" omkring 1955. Tidlegare gjekk den også innom Lauvstad. Stoppestad nr 3 (Eidset) og nr 6 (Aksnes) var på signal, då dei vart ekspedert frå Båt. Illustrasjon: Oda N. Skoglund

Dalsfjord: Fram til vegane mellom bygdene kom på plass var det båten å stole på. «Progress III» overtok dampskipsruta 1949. Om bord var det sitjeplassar i lugaren til kring 30 personar. I Dalsfjorden var det berre på to stoppestader det ikkje var kai, der stoppa båten på signal, og folk og varer vart rodd ut til båten. Utanom

passasjerar var det også varetransport av alle slag. Mjølka vart sendt i spann til meieriet i Volda på tysdag, torsdag og laurdag, og også levande dyr vart sendt med båten (storfe og hest). Dei vart heist om bord og sto i sidegangen ved rorhuset. Båten hadde også med posten til postkontora langs fjorden og den kom kvar dag ruta gjekk. Båtruta vart nedlagt i 1962 då det kom bilveg rundt fjorden.

Ferjerutene: I 1936 vart den første faste ferjetrafikken over Voldsfjorden starta av det private selskapet «L/L Volda-Folkestad Bilferje». Ferjesambandet kom som ein naturleg konsekvens av den auka biltrafikken og det at ein no hadde fått samband over Stigedalen til Nordfjord. Den første bilferja kunne ta med 60 passasjerar og 5 bilar og gjekk 4 turar fram og tilbake kvar dag. I 1944 starta selskapet også med ferjerute til Lauvstad, og i 1945 vart dette sambandet utvida til å gå heilt til Leikong, med stoppestad også på Berkneset. I 1962 overtok Møre og Romsdal Fylkesbåtar selskapet, som då hadde fire ferjer i drift pluss ei reserveferje.⁹¹

9.2. LANDEVEGEN

Ferdselsvegen frå **Vassbakkedalen** til **Stårheim** i Eid kommune: Denne ferdselsvegen vart brukt til frakting av både dyr og gods. Hestehandlarane kom frå Nordfjordeid for å byte og selje hestar, og folk gjekk gjerne over fjellet til Nordfjord for å kjøpe frukt, særleg i krigsåra. Dei som skulle på militærtjeneste på Nordfjordeid brukte også denne vegen. Frå Stårheim var det båtrute til Eid, og vidare innover i fjordane. Dei som brukte denne vegen jamt rekna seg kring 3 timer på å gå frå sjø til sjø. Det er berre 12 km i luftlinje til Stårheim, og det vart lenge arbeid med å få køyreveg over her, seinast i slutten av 1980-åra.⁹²

Alida: I 1877 vart det teke til å arbeide med vegen mellom Eikrem og Lidabygda. Mykje vart gjort av grunneigarane på begge sider, men gjennom Eikremhammaren vart det akkord-arbeid. Gjennombrøtet for veglinja kom i 1883, og det vart truleg ferdsl her frå 1884. Det vart oppretta skyss-stasjon på Berkneset, slik at folk som kom frå øyane i motvind, kunne spare seg strevet med å ro heilt til Volda eller Ørsta.⁹³

Den gamle **Austefjordvegen** har vore viktig for mange yrkesgrupper, og kommunikasjon mellom bygdene i regionen. Frå Austefjorden til Hunneset vart

det ordna veg i 1880-åra, og i 1903 vart **Aldalsvegen** mellom Hunneset og Vatne i Ørsta opna. Mellom Kalvatn og Bjørke var det opparbeidd køyrbar veg i 1872. Men framleis gjensto den vanskelegaste strekninga utover frå Hunneset til Volda. Vegarbeidet vart påbyrja 1901, og breidda på vegen var for det meste 3,75 meter, men dei vanskelegaste partane hadde berre ei vegbreidde på 2,5 meter. Vegen til Hjartåbygda vart ferdig 1908 og til Volda vart det samband 1912, men framleis var sjøen den sikraste og viktigaste transportåra ein del år. Vegen er eit godt døme på korleis vegarbeidarane med enkle middel og lite å hjelpe seg med, likevel kunne bygge eit flott veganlegg.⁹⁴

I 1999 vart Rotsethorn-tunnelen opna, og dermed kunne ei rasfarleg strekning av Austefjord-vegen no eliminerast.

Vegen over Bjørkedalseidet og Brekka til Haugen var den viktigaste vegen til Nordfjord frå Kile fram til vegen over Stigedalen kom. Det har truleg vore jobba med den frå 1600-talet og det har vore køyreveg her frå tidleg på 1800-talet. Frå sjø til sjø er avstanden om lag 2 mil. Fleire av bruene vart bygd i 1796. Truleg var vegen tiltenkt å vere ein del av den Trondhjemske postvegen og noko post har gått mellom Volda og sorenskrivargarden Løken på Haugen. Vegen er framleis i bruk som sommarveg og dei fleste bruene er enno intakte.⁹⁵

Vegen over **Stigedalen** vart endeleg opna for allmenn ferdsl 1932, etter at den hadde vore framme på fylkestinget i Romsdals amt alt i 1856. Vegen vart bygd i 5 meter breidde og var 12 km lang, den kosta i 1932 1,2 millionar kroner og vart bygd med hakke, spett og spade, men med ei lita kran og ei vagge på skinner for å få vekk steinen.⁹⁶


Først i åra 1878-80 vart det bygd enkel køyreveg mellom Steinsvika og Aksnes og mellom Eidset og Indre Dale. I 1881 vart vegen mellom Aksnes og Telset bygd, slik at det då var råd å køyre mellom bygdene i Dalsfjorden. Vegen vidare til Folkestad og Straumshamn vart ikkje offisielt opna før i 1938. I Nautvikstranda vart arbeidet gjort av eit lokalt arbeidslag 1931-36 som arbeidde med handemakt 9,5 timar per dag, 54 timar i veka i dei 5 sesongane arbeidet gjekk føre seg.⁹⁷

Velsvika var lenge utan køyreveg til grannebygdene både på vest- og austsida. Båten var framkomstmiddel, og det vart ei lette då Jakob Telset i 1930-åra starta med rutebåt til og ifrå Volda to gongar per dag. Då Voldaferja tok til å gå på ruta

Volda – Leikong, fekk ho også stoppestad i Velsvika. I 1930-åra vart det sett i gang arbeid med bilveg til Rovde, og etter at den vart opna, vart det fortsett med å lage veg gjennom Voldshammaren. Vegen den vegen vart opna 1937/38.⁹⁸

Vegen over **Heggjadalen** frå Grøndalen til Heggja i Eid vart bygd av ein internasjonal arbeidsleir i regi av Volda og Ørsta Rotary, og vart køyrbar til jula 1962.⁹⁹

Geislida: I 1961 vart vegen frå Fyrde til Håvika opna, og i 1966 vart vegen forlenga til Høydalsneset. Bjørnaset fekk vegsamband til Straumshamn 1946, men vegen i Geislida til Høydalen vart først opna 1973. Det var først frå då av at ein kunne køyre gjennom heile kommunen utan å måtte nytte båt.



Langedalsbrua med brustein datert 1827, foto: Hans Peter Eidseflot

9.3. POSTEN

Postvegen over Stigedalen: vurdert som regional viktig kulturminne. På Almfloten, ved grensa til Sogn og Fjordane i Stigedalen, ligg **Posthytta**, det var først ei skogaløe frå Løset. Fram til køyrevegen kom over Stigedalen, var det eigen postopnar i Bjørkedalen, som også hadde ansvaret for å føre posten frå Straumshamn og til postopneriet. Herifrå tok ein annan postfører over og gjekk til møtes med ein postfører frå Leivdalen i Nordfjord. Ved posthytta bytte dei postsekk, og så var det same turen tilbake.¹⁰⁰



Posthytta i Stigedalen, foto: Rune Løset

Austefjorden: Postopneriet i Volda var frå fyrst av på Ekset, men vart seinare flytta til Garvarbuda på Rotset. Herifrå måtte folk hente posten sin når dei hadde ærend i Volda eller var til kyrkje søndagane. Austefjorden fekk eige postopneri

1887, og no kom posten med båt til Fyrde kvar torsdag. Men vintrane, når isen la seg på Austefjorden, så vart posten levert i brevhuset på Skjeret – opna 1912, og så måtte postopnaren hente posten der. Hjartå og Håvika fekk etter kvart eigne brevhus, slik at bygdene etter fjorden ordna postfordelinga sjølve. **Brevhuset frå Skjeret** er i dag på Volda bygdetun.


9.4. MOBILE KULTURMINNE

Veteranbusklubben i A/S Mørebil vart starta tidleg på 1990-talet, og valde då å ta vare på bussen med kjenneteikn T-1047, som ein representant for det gode, gamle, lokale ruteselskapet. Bussen vart kjøpt inn til Mørebil i 1967 frå Arna Bruks karosserifabrikk, og er ein Scania Vabis B56 med 6 sylindrar. Han er 10,4 meter lang og har sitjeplass til 32 passasjerar. Dei første åra gjekk han fast på Austefjordruta, men seinare var han brukt både på Berknesruta og i Dalsfjorden. Veteranbusklubben er med i Rutebilhistorisk Foreining avd. Sunnmøre, og har hatt med bussen på veteranbusstreff fleire stader i landet.¹⁰¹



Foto: Ola Rangseter

MB «Dreng» er ein klinka hekkbåt bygd i 1928 av Hans R. Høydalsvik frå Hansgardane i Vikane (Høydalsvikane). Båten er 21 fot lang, 6,5 fot brei og ei djupne på 3 fot. Båten hadde opprinneleg ein 4 hk Marnamotor frå 1927. Båten vart truleg nytta til heimefiske i Austefjorden og transport når ein skulle ut av bygda til kommunesenteret eller andre bygder i området. Arvid Stokkenes har i seinare tid restaurert båten, som no er i eige av Sunnmøre Museum.¹⁰²



Teikning av eit fjorefart. Hans Strøm: *Søndmøres Beskrivelse (Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør beliggende i Bergen Stift i Norge. Første Part. Sorøe. (1762))*

9.5. PADDETUNNELAR

Då ein skulle bygge Fyrdsberg tunnelen i 2009, viste det seg at denne ville kome ut midt i vandre- og gyteområdet til ei lokal paddestamme ved Lisjevatnet på Fyrde. Padda var raudlista, noko som gjorde at ein måtte iverksetje særskilte tiltak for ikkje å øydelegge dette området. Løysinga vart at ein laga leideveggar og grov 7 tunnelar for paddene under vegbana, slik at paddene kunne ferdast trygt utan å bli overkøyrd. Dette er vel den einaste staden at dette har vore gjort. Kunstnaren Robert Steinnes laga ein stor skulptur av ei padde som er sett opp på ein stoppeplass ved vatnet, og den har vorte svært populær.



Paddeskulpturen i betong ved Lisjevatnet på Fyrde står som eit symbol på den viktige lokale paddestammen i området. Skulpturen er laga av Robert Steinnes i 2014, foto: Regine Aklestad

10. IMMATERIELLE KULTURMINNE

Volda har ei lang og brei historie med kunst i forskjellige former. Måling, vev, smedarbeid, rosemaling treskjering og likande er nokre av det Volda innehar av kunstnarar (avdøde) som har budd eller opphalde seg her.



Det første kjende motivet av Volda er måla av Georg Saal med tittelen Wolden i Søndmør 1855.

10.1. BILDANDE KUNSTNARAR/KUNSTHANDVERKARAR

- Georg Saal 1817-1870 Maleri
- Lars Kinsarvik 1846-1925 Rosemaling/treskjering

- Otto Brænde 1858-1953 Smedarbeid/kunstsmed
- Olavius Nilsen 1860-1927 Knivar
- Birte Flote 1866-1952 Vev/biletvev
- Jens Munthe Svendsen 1869-1957 Skulptur
- Johanne Heltne 1874-1961 Vev/biletvev
- Wilhelm Kvalheim 1877-1949 Maleri
- Britannus Humberset 1882-1961 Smedarbeid/kunstsmed
- Theodor Aavang 1883-1964 Maleri
- Rasmus Aarflot Riste 1886-1976 Maleri/teikning
- Hugo Lous Mohr 1886-1967 Maleri
- Per J. Vassbotn 1889-1963 Teikning/maleri
- Arne Kinsarvik 1890-1969 Rosemaling/treskjering
- Dagfin Werenskiold 1892-1977 Maleri/skulptur/treskjering
- Norvald Dahl 1897-1966 Smedarbeid/kunstsmed
- Sigvald Høibakke 1901-1975 Musikkinstrument/rokkar
- William H. Johnson 1901-1970 Maleri/tresnitt/serigrafi
- Ranveig Alvestad Halkjelsvik 1908-2004 Maleri/keramikk
- Olav Strømme 1909-1978 Maleri
- Jostein Øvrelid 1910-1983 Teikning
- Nils Vålnes 1911-1990 Maleri
- Lars Kinsarvik 1923-1990 Maleri/rosemåling/treskjering
- Per Nesje-Nilsen 1926-1998 Maleri
- Dagfinn Bjørneset 1927-1996 Maleri/leiker

10.2. SKRIFTKULTUR

Folkeetymologien knyter gardsnamnet Grevsneset (Greifsneset) til terrengformasjonen Greven ovanfor garden, og til dette knyter det seg eit sagn og

ei folkevise frå folkevandringstida, før ein fekk skriftlege kjelder. Segna er knytt til kong Arthur, og han finn ein att i sagntradisjonen fleire stader på Sunnmøre; mellom anna skal han ha vore knytt til Dollsøya (no Sandsøya) i Sande, og Kong Arthur-spelet der er basert på denne legenda. Segna knytt til Volda går ut på at kong Arthur skal ha sett visekongen Osbrigt til å styre for seg, men han vart jaga frå landet. Då sende kongen greven Loke til Noreg, men også han vart vraka av nordmennene, og enda sine dagar på Grevsneset. Per Aarviknes siterer den gamle folkevisa i *Volda-soga* under garden Greivsneset.

Med klubber i hånden til Osborg man drog, og Osbrigt den konge til Birkildnes jog.
Der prøvde han på til at gjøre motstand, men må i sin skute hver engelske mand.
De drog Heraskjekla, Stål, Djupål forbi, de nordgorske kjemper ham fulgte baki.
De landede først udi Northumberland: For fred dem må skikkes en anden slags mand.
En grev hin Loke, for all slags fortræd, den fikk de tilbake og følge dem med,
og satte ham ind udi Grevsnes ur, hvor han blev indsluttet som fuglen i bur.
(Birkildnes = Berkneset, Heraskjekla = Herøyane, Stål = Stadt, Djupål = Norskerenna?)

Bjørkedalen er i ei særstilling ved at det her er bevart fleire eldre bøker som vitnar om skrivekunne i eldre tid, og som dokumenterer både eldre slektshistorie og gjev viktige kommentarar til dagleglivet i eldre tid. Frå gardane i Bjørkedalen har ein teke vare på tre eldre slektsbøker: *Jakobsboka*, *Moritsboka* og *Larsboka*. I tillegg er bøkene *Erindringer frå krigsaarene 1807-1814* og *Tidsregister* av Rasmus J. Vassbotn, f. Bjørkedal også nyttige kjelder til informasjon frå den eldste tida i Volda-historia.

Ei anna tidleg skriftleg kjelde til dagleglivet i eldre tid, er Ole Johannes Olsen Reite sin *Chronologie eller Tids-Regning* (Reite-kronologien) som fortel om smått og stort frå 1841 og utover, sett med utgangspunkt i garden Reite på Folkestad.

Ekset vart etter kvart sentralt i skriftkulturen i Volda. Sivert Aarflot (1759-1817) var skulemeister og gardbrukar på Årflot i Ørsta, før han 1798 vart utnemnt til lensmann og kjøpte lensmannsgarden Ekset. I 1797 hadde han starta med å låne ut sine eigne bøker frå tida som skulemeister under namnet «Laane-Bibliothek i Ørstens sogn». Då han flytte til Ekset tok han med biblioteket ditt og utvida det til også å gjelde Volda sokn. Ivar Aasen (1813-1896) vart tidleg ein ivrig gjest på folkebiblioteket på Ekset.

Sivert Aarflot fekk trykt fleire historiske artiklar og småskrift i Bergen, før han i 1807 søkte om kongeleg løyve til å starte eige trykkeri på Ekset. Han fekk løyve 1808, og bygde om den gamle røykstova på garden til trykkeri. Berre typane vart kjøpte nye, resten fekk han laga av folk i bygda. På trykkeriet vart det trykt mange småskrift til opplysning for bondestanden, og også ein del religiøst stoff som folk ønskte å spreie. I tillegg starta han 1810 utgjeving av *Norsk Landboeblad*, den første avisa på landsbygda i Noreg, og han var sjølv redaktør. Avisa vart ein av forløparane til det vi i dag kjenner som avisa *Møre*. Det første trykkeriet på Ekset brann ned 1844, og det vart bygd opp att eit romsleg tømmerhus med loft som trykkeri på tomta her.¹⁰³

10.3. STADNAMNA

Ved Distriktshøgskulen/Møreforskning vart det i 1970-åra gjennomført eit større prosjekt med innsamling av stadnamn i alle kommunane i fylket. Det var Peter Hallaråker som var fagleg ansvarleg for dette innsamlingsarbeidet. I Volda vart innsamlinga gjennomført 1976-78, og det var Rønnaug Ryssdal som stod for den praktiske innsamlinga. Grovt sett vart namna samla inn ved samtale med eldre folk i bygdene. Så langt råd vart namna kartfeste på Økonomisk Kartverk (ØK), det vart laga lydbandopptak av den lokale uttalen og namna vart så katalogiserte med både uttale, tyding (om nødvendig) og særskilte historier ein kunne knyte til namnet eller staden. For Volda sin del vart det samla inn heile 18 250 namn!¹⁰⁴

I samband med Busetnadssoga for Volda vart ein del av namna overførte til teikneprogrammet Ocad8 og brukt som kart-illustrasjonar i bokverket, men denne namneskatten er til no ikkje overført til dei kommunale kartprogramma.

10.4. FOTOGRAFI

Volda har hatt fleire fotografar som har fanga inn Volda-samfunnet gjennom foto-linsene sine. Den første ein kjenner til som tok bilete herifrå var den kjende sosialist-agitatoren Marcus Thrane (1817-90), som fotograferte kyrkja her i 1862. Den første fastbuande fotografen var Peter O. Sørheim (1852-1916) som flytte hit frå Ørsta 1882 og sette opp atelier i utkanten av Røysgarden. Etter ei tid avvikla han verksemda og selde utstyret sitt, truleg til Paul Mork.



Fotografi av Berta (Birte Sofie) Barstad kring 1910. Vi ser ungdommar i Volda. Framme frå venstre Nutta Krumsvik og Gjertrud (Gjerta Brænde. Bak heilt til høgre står Ole Drablos, og framfor han sit Helena Andersen, gift med maskinist Sigurd Andersen. Dei poserer i fotoatelieret som låg i Seljebakken med reiseveske og ryggsekk. Kanskje er gjenstandane i biletet med på å understreke mobiliteten og utferdstrongen til ungdommen i tida?

Paul Mork (1862-1950, brukte også skriveforma Mørk) hadde lært seg å fotografere i Mosjøen, og flytte heim til Volda 1889. Han bygde det seinare Brekke-huset på Hauane 1896 og hadde ute-atelier her. Berte Barstad (1867-1938) etablerte seg med bustad og eige atelier like ved forsamlingshuset Framhald på Lensmannsbakken i 1900, og tok over drifta etter Paul Mork, då han overtok farsgarden på Mork. Ho dreiv som fotograf til 1920, då Karl Kornberg (1898-1980) overtok atelieret her. Karl var svigerson til Paul Mork, og overtok fotosamlinga etter han. Då Framhald brann ned i desember 1948, vart også huset og atelieret til Kornberg totaløydela. Sonen Lars (Lasse) Kornberg (1931-2004) overtok verksemda her 1953.¹⁰⁵

Johan H. Nerbøvik (1859-1924) frå Aukra kom til Volda første gong i 1897, og fekk snart fast base som fotograf i Sørheim-hagen. Fotoapparat og -utstyr hadde han med seg frå eit opphald i Amerika. I 1909 kjøpte han eit tømmerhus på Brunene i Dalsfjord og bygde det oppatt i Røysgata, like ovanfor Sørheim-huset. Den første tida hadde han atelier i 2. etasje på huset sitt, men i 1907 bygde han på huset sitt slik at han fekk atelier i gate-høgde. Sonen Johan (1902-1979) overtok huset og verksemda, då faren brått døydde 1924. Han dreiv verksemda vidare heilt til han døydde 1979.¹⁰⁶

I Folkestadbygda dreiv Anders Folkestadås (1865-1914) som bygdefotograf ei tid rett etter århundreskiftet, og også Knut Nautvik og Anders Folkestad var tidleg ute med å ta bilete herifrå.¹⁰⁷

10.5. MUSIKK- OG DANSETRADISJONAR

Volda har og har hatt eit rikt kulturliv med mange lag, kor og korps. Kristelege og frilynde ungdomslag var det i nær sagt kvar bygd, når ein går ei tid tilbake, og med utspring i desse vart det ofte skipa songkor og musikkorps i bygdene. Både Lid, Høydal, Folkestad og Dalsbygda var tidleg ute med egne blandakor. Volda Ungdomskor fungerte tidleg som kyrkjekor, og var ofte med i radiogudstenestene frå Volda kyrkje.

Musikkorps fekk ein på Folkestad og i Austefjorden 1954, seinare var det aktive korps både på Straumshamn, Dravlaus og Lauvstad. Volda hornmusikk vart skipa

alt i 1888, og kunne feire 100-årsjubileum i 1988, seinare vart det også starta skulekorps her.

Kulturskulen driv opplæring i song, spel og teikning/måling. Volda Samfunnshus er dagleg i bruk til mange aktivitetar for born, unge og eldre.

Folkemusikk- og folkedans: Volda kommune har ein rik folkemusikk- og folkedanstradisjon. Her er alt frå lokale springarvariantar, liljetonar, slåttar og stev. Fleire lokale spelmenn og spelmannslag er vidt kjende. Vi kan nemne kjelder som Anna Vassbotn Nymark og Hans Geitvik. Halkjellsvika spelmannslag og dei mange ungdomslaga har vore og er viktige aktørar for å halde folkemusikk- og folkedanstradisjonen levande. Volda er også vertskommune for Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal.

Sunnmøre Kammermusikkfestival: Volda er unikt ved at ein her har hatt eige symfoniorkester frå 1947. Som ein del anna av musikklivet i Volda er orkesteret knytt til høgskulemiljøet og musikklinja der. Sunnmøre Kammermusikkfestival har som mål å gje publikum på Søre Sunnmøre musikalske opplevingar av høg kvalitet gjennom å arrangere kammermusikk-konsertar med nasjonale og internasjonale artistar av høgste klasse. Festivalen ønskjer å legge vekt på «opplæringsoppdraget», og ein viktig del av festivalen er å gje førelesingar, meisterklassar og verkstadar for ålmenta, kulturskuleelevar på Sunnmøre, barn i barnehage og skule, og studentar ved Høgskulen i Volda. Slik vonar ein at festivalen og festivalmusikarane er med på å skape meirverdi for kulturlivet på Sunnmøre, for barn og unge i kulturskulane og høgskulestudentane i Volda.

10.6. IDRETSMILJØET

Kommunen markerar seg sterkt innan idrett og har lag innan dei fleste idrettsgreiner som fotball, volleyball, handball, symjing, ballett, turn, judo, tennis og skisport. Skientusiastane kan boltre seg med skitrekk og flaumlysløyper.

Det har vore idrettslag i fleire av bygdene i kommunen frå lang tid tilbake; både på Lauvstad, Dravlaus og i Steinsvika var det egne lag, som i nyare tid vart slått saman under namnet Vestsida Idrettslag. Folkestad Idrettslag vart starta 1947, og

ei tid var det også eige idrettslag på Bjørkedalen. Austefjorden fekk eige idrettslag 1975, og Morkabygda hadde eige idrettslag frå 1934. Felles for alle desse laga har vore satsing på fotball og litt skiidrett på vinterstid. Volda Turn- og Idrettslag (VTI) vart etablert i 1899, og i 1998 vart dei omdanna til VTI Allianseidrettslag med tilknytning til særiddrettslaga VTI Fotball og VTI Allidrett (symjing, nordisk/skiskyting, alpint, turn, disk-golf). Volda stadion vart bygd 1956. KFUM Volda vann eliteserien i volleyball 1973-74, og var mange år i eliteserien.

Hoppbakkane i Volda: I Volda finst det ein del hoppbakkar, og nokre restar av hoppbakkar. På Kortemyra vart det på 1930-40 talet tillaga hoppbakke. Nokon kjend hoppbakke blei det aldri, den var helst brukt lokalt av ungdomane på Heltne. Nokre av dei andre hoppbakkane var: Kråkenakken, Grøndalsbakken, Åsnipa, Røyshyttebakken, Myrbergbakken, Håmyrsbakken, Lida, Sniglen, Barstadmarka, Gjølet/Hola og Skarebakken.

På Kalvatn vart det i 1935 starta arbeidaridrettslag; Kalvatn Skilag. Laget hadde 25-30 medlemmer og arrangerte langrenn allereie 1936. Dei dreiv også med skihopping, og brukte Furunakketeigen som bakke. Laget vart oppløyst etter krigen.¹⁰⁸





Grøndalsrettet 4. mars 1917 Eigar: Johan Ottesen.

I 1945 vart det laga til skirenn på Bjørkedalen, der ein samla ungdomar frå heile vestsida av fjorden. Det vart laga skibakke i **Vasslida**.¹⁰⁹ Vestsida Idrettslag arrangerte skirenn med hopp og langrenn på Skaret i Ulvestadbygda 1969.

Skarebakken var naturskapt, og hopparane kunne strekke seg heilt ned mot 30 meter.¹¹⁰

«**Flommen**» var eit kjent skiområde på Engeset, der ein kunne køyre slalåm. Det var eit aktivt alpinmiljø i Volda nokre år på 1960-talet, og i 1966 vart det avvikla eit storrenn her med mange av dei beste utøvarane i landet. Det var over 600 tilskodarar.¹¹¹

10.7. BUNAD- OG FOLKEDRAKTSKIKK

Bunad er ein sentral identitetsberar for mange, og nye generasjonar brukar bunad. I Volda har bruk og tilverking av bunadar lange tradisjonar og det er og har vore mange lokale bunadstilverkarar. Voldakvinna Synnøve Riste var ei av dei første

kvinnene i Norge som begynte å bruke dei lokale folkedraktene som bunad. Oline Vassbotn Drabløs var sentral i å ta vare på gamle plagg som seinare har danna grunnlag for nye bunadar, slik som bunaden for Søre Sunnmøre (Dalsfjordbunaden) (1928) og den rekonstruerte Sunnmørsbunad (1990). Den lokale draktskikken har mange uttrykk og gamle plagg finst både i musea sine samlingar og i privat eige. Mange av dei er registrert i Norsk institutt for bunad og folkedrakt sitt arkiv. Volda Husflidlag held kurs i tilverking av bunad for dei som vil lære å sy og brodere. Anne Kristin Moe har gjennom si forskning har gjeve ny kunnskap om bakgrunnen for dei lokale bunadstradisjonane.¹¹²



Dette bunadslivet var utgangspunkt til ei av bunadene som Oline Vassbotn Drabløs konstruerte. Denne bunaden blir i dag kalla Dalsfjordbunad eller Søre Sunnmøre bunad. Foto: Line Iversen/Sunnmøre Museum

10.8. KOMETLAND

I åsen bak byggefeltet på Klepp, bygde Knut B. Aarseth opp eit astronomisenter for studie av himmelromet. Her er det stadig innom interesserte som vil studere planetar og stjerner til ulike deler av året. I 2017 fekk observatoriet på plass eit nytt superteleskop (finansiert ved kronerulling) som ville gjere at ein kunne sjå objekt som ligg 8-10 milliardar lysår vekk. Knut B. Aarseth oppdaga ein ny komet 16. november 1989, som sidan har fått hans namn: komet Aarseth-Brewington 1989w1.

A comet for Christmas

Alan Pickup


THE newly-found Aarseth-Brewington comet should brighten rapidly this month as it sweeps southwards through Ophiuchus in our morning sky, perhaps to become a naked eye object before it dips too far south to be seen from Britain.

Its path is plotted on our star map, with its position marked every fifth morning. The stars near the middle of the map rise in the east at 05.00 tomorrow and at 04.00 on Christmas Day, climbing to reach the places shown above the ESE to SE horizon at day-break tomorrow and by 07.00 on Christmas Day.

Most of the brighter stars plotted are of the second magnitude, while the fainter ones are of the fourth.

The comet was close to the ninth magnitude on November 16 when it was discovered by amateur astronomers in Norway and the United States. As it moves towards Perihelion on December 27, 45m km from the Sun and 140m from the Earth, it is doubling in brightness every four days or so.

The path is definite, but predictions of its brightness and appearance are very uncertain, although it is likely to develop an



upwards pointing tail. It may reach the sixth magnitude by December 19 and the fourth on about December 20 when it moves inside Mercury's orbit and

passes the star Zeta Ophiuchi. It may be brighter than the third magnitude by Christmas morning, but by then it will be low and difficult in the SE twilight.

Komet Aarseth-Brewington 1989w1 blei også omtale i utanlandske aviser, her får den britiske avisa The Guardian, 8. desember 1989.

11. GJENNOMFØRING AV PLANEN

11.1. LOKALT VIKTIGE KULTURMINNE

Kapittel 5 – 10 er ei oversikt viktige kulturminne i kommunen. Utvalet er eit resultat av valt metodikk og prosess, som gjer at det også vil vere andre kulturminne rundt om i kommunen som burde vore representert i oversikta.

Fleire av kulturminna i Volda kommune er vurdert som nasjonalt eller regionalt viktige, og er derfor med i Regional delplan for kulturminne. Som del av arbeidet med vår lokale kulturminneplan har vi tatt med eit utval av 26 kulturminne. Desse representerer viktige *lokale* kulturminne. Dei kjem i tillegg til allereie freda og verna kulturminne og nasjonalt og regionalt viktige kulturminne frå den regionale delplanen. Kulturminneplanen skal rullerast kvart fjerde år og oversikta over lokale kulturminne vil då kunne utvidast.

Dei kulturminna som er listeført i regional delplan for kulturminne og/eller som inngår i kommunal kulturminneplan, vil bli prioritert ved søknad om tilskot frå den fylkeskommunale tilskotsordninga. Dei vill kunne bli tatt inn som omsynssone i kommuneplanen sin arealdel.

Dei lokalt viktige kulturminna er valt ut innanfor dei prioriterte tema: arkeologiske kulturminne og minnesmerke, bygningar, bygdemiljø, tekniske og industrielle kulturminne, samferdsle og immaterielle kulturminne.

Bygningar	
Gamlebanken	s. 19
Samfunnshuset	s. 20
Idrettsbygget	s. 20
Sveitserrekka i Gamlevegen	s. 22
Evensenhuset i Anders Vassbotnveg	s. 22
Teglsteinshuset i Anders Vassbotnveg	s. 23
Plakatbua	s. 25
Bygdemiljø	
Krusebakkane, Austefjord	s. 26

Røysløda	s. 24
Hauane, Volda sentrum	s. 23
Dansen seter, Åmelfot	s. 30
Laurdalsetra	s. 26
Kvivssetra	s. 29
Nyestøylen, Dravlausdalen	s. 30
Tekniske og industrielle kulturminne	
Volda Jernstøyper, Elvadalen	s. 32
Humberset Bil og Mekaniske Verkstad	s. 34
Dalsfjord Rivefabrikk	s. 37
Løvik og Nesheim garnblåsefabrikk	s. 37
Kolfossen kraftverk	s. 33
Samferdsle	
Posthytta	s. 43
Ferdselsvegen frå Vassbakkedalen til Stårheim	s. 42
Fjørefaret (båt i Bjørkedal båtsamlingar)	s. 45
Immaterielle kulturminne	
Båtbygging	s. 38
Bunad frå Søre Sunnmøre/ Dalsfjordbunaden	s. 48

11.2. REGIONALT OG NASJONALT VIKTIGE KULTURMINNE¹¹³

- Austefjord kyrkje, Fyrde
- Volda kyrkje
- Olavskjelde, Kile
- Dravlaus, gravrøyser
- Rotevatn, gravrøys
- Skinvika, gravrøys
- Eikrem, stabbur
- Velsvik, røykomnstove
- Halkjelsvik kyrkjestad, Volda
- Botnen, fornminne
- Felden
- Skrivargarden, Skjerva



- Nedre Rotset
- Berkneset
- Volda Prestegard
- Halkjelsvik tettstad
- Gamlegymnaset
- Gamlegymnastikken
- Ekset (gardstun)
- Hunnes, sengjabud
- Oppgangssak, Bjørkedalen
- Nøre Bjørkedal, Smie
- Volda Elektriske Mylne
- Glimmerbrot, Osdalen
- Båtbygging, Bjørkedalen
- Steinkrossen på Kile
- Nothenge, Høydal
- Steingardar iVikebygda
- Rønnestadbakken, Folkestad
- Stove på Ulvestad, Lauvstad
- Årsetøya, Austefjorden
- Fladalsetra, Bjørkedalen
- Storlida, Åmelfoten
- Skrivargarden, Rotset
- Dalsfjord kyrkje, Dravlaus
- Kilsfjord kyrkje, Straumshamn
- Korsfurtunet og Brunebuda
- Dalsfjord gamle skule
- Kårstadbygget
- Skulehus, Yksnøya
- Postvegen, Bjørkedalen

Automatisk freda kulturminne kjem i tillegg til dette.

11.3. HANDLINGSPLAN

For å kunne gjere både kommunen sine innbyggjarar, tilreisande og andre interesserte meir bevisst på Volda sin kulturarv og identitet, samt å kunne sikre

viktige kulturminne (jf. Samfunnsdelen i kommuneplanen) foreslår vi følgjande handlingsplan.

Kommunen sin innsats på ulike område må tilpassast tilgong på kapasitet og ressursar. Prioriteringane som er sette opp under kan derfor bli endra.

Tiltak	Når	Kostnad	Ansvar	Samarbeids-partar	Kommentar
Kartfeste kulturminne av lokal verdi	2018	Eigen ressurs	Sektor for kultur og service	Møre og Romsdal fylkeskommune	Arbeidet kan starte etter vedtak av planen
Innarbeide omsynssoner i arealplanar.	2018		Sektor for Utvikling		Arbeidet kan starte etter vedtak av planen
Estetisk rettleiar og oversikt over bygningsmiljø for Volda sentrum	2018		Sektor for Utvikling		Arbeidet er starta
Oppdatere stølsregisteret	2018	Eigen ressurs	Sektor for Utvikling		Arbeidet kan starte etter vedtak av planen
Sikring og forvaltning av fotoarkivet innsamla i samband med arbeidet med Busetnadssoga for Volda kommune.	2019	Ikkje kjend	Sektor for kultur og service	Fylkesfotoarkivet i Møre og Romsdal, Stiftinga Sunnmøre Museum og Høgskulen i Volda ved Arnfinn Kjelland.	
Oppdatering av SEFRAK-registeret		Ikkje kjend		Møre og Romsdal fylkeskommune, sogelag, grendalag	Krev løyving i budsjettet

Elvadalen – utarbeide nye skilt og informasjonstavler		Ikkje kjend	Sektor for utvikling		Krev løyving i budsjettet
Tiltaksplan for skilting og informasjon av kulturminne			Sektor for kultur og service		Krev løyving i budsjettet
Overføre lokale stadnamn til kommunale kartverk			Sektor for utvikling og sektor for kultur og service		
Innarbeide fritak av eigedomsskatt for bygg av lokal, regional og nasjonal verdi.			Sektor for utvikling		
Kulturminnepris (inkl. immaterielle kulturminne)			Sektor for kultur og service		Prisen behøver ikkje bli utdelt kvart år, berre når ein har gode kandidatar.

12. KJELDER OG LITTERATUR

12.1. SKRIVNE KJELDER SOM ER BRUKTE I PLANEN

Dalsfjord Sogelag: *Minne frå Dalsfjord 2003-2016*.

Atle Døssland: *Med lengt mot havet. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal bd 1; 1671-1835*, Oslo 1990.

Øystein Ekroll og Per Eide (foto): *Sunnmørskyrkjene – historie, kunst og arkitektur*. Årbok for Sunnmøre 2012, Larsnes.

Jostein Fet: *Eksetiana. Aarflots Prenteverk 1809-1935. Bibliografi og kulturhistorie*. Oslo 2006

Johann Folkestad (red): *Folk og fortid i Folkestadbygd*, 3 band, 1997-2008.

Peter Hallaråker: *Stadnamn i Møre og Romsdal. Innsamling, teori, metode og formidling*. Forskningsrapport nr 8, Høgskulen i Volda/Møreforskning Volda 1995.

Valborg Hustadnes: *Sæterliv i Voldafjell. Sætrar langs Austefjorden frå Fylsvik til Volda*. Austefjorden 2005.

Valborg Hustadnes: *Sæterliv i Voldafjell II. Sætrar i Bjørkedalen – Folkestad – Dalsfjorden*. Austefjorden 2007.

Arnfinn Kjelland, Gunnar Andenes/Eldar Høidal/Kari Hasle og Olav Myklebust: *Busetnadssoga for Volda*, 7 band, Volda 2005-12.

Lars Kornberg: *Hilsen frå Volden. Ei bildebok frå gamle Volda 1862-1938*. Volda 2001.

Lars (Lasse) Kornberg (posthumt): *Volda er Volda. Biletbok slik det ein gong var 1935-1975*. Volda 2004.

Kulturminneplan 2015-2019: Nittedal kommune

Kulturminneplan 2015-2023: Norddal kommune

Kulturminneplan 2017-2025: Sande kommune (arbeidsdokument)

Kulturminneplan 2017-2025: Ørsta kommune

Irene Lotsberg, Jan Henning Egset, Gunnar Børseth og Helge Kvangarsnes: *«Gatå». Halkjelsgata – framvekst og framtid*. Volda 1980.

Sverre Lynghes: *Dalsfjord, Bygda, Gard og ætt*, Volda 1967, 2. opplag Volda 1983.

Arnljot Løseth: *Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal bd 3; 1920-1972*, Oslo 1996.

Jostein Nerbøvik: *Volda-soga 1800-1945*, 4 band, Volda 1996-2004.

Ole Johannes Olsen Reite: *Chronologie eller Tids-Regning*, Folkestad – Sandane 2009.

Snorre Sturluson: *Noregs kongesoger*, Jubileumsutgåva 1979.

Sunnmørspostens Forlag: *100 år 100 navn. Personer som har preget hundreåret på Nordvestlandet*. Ålesund 2000.

Jon Tvinneheim: *Grotid i grenseland. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal bd 2; 1835-1920*, Oslo 1992.

Stein Ugelvik-Larsen og Jarle Sulebust (red): *I balansepunktet. Sunnmøres eldste historie*, Ålesund 1994.

Volda Bygdeboknemnd: *«Erindringer frå Krigsaarene 1803-1814»*, Volda 1982.

Volda Bygdeboknemnd: *Rasmus J. Wasbotn: Tids-Register*. Volda 1980.

<i>Auke i finansinntekter/avkastning</i>	<i>0,5 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Introduksjonsprogram</i>	<i>2,0 mill kr</i>
<i>Auke i ramme til Helse og omsorg</i>	<i>3,6 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Politisk</i>	<i>0,5 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Kino</i>	<i>0,5 mill kr</i>

2. *Finansrapport (passiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).*
3. *Finansrapport (aktiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr.2).*

Administrasjonen si tilråding:

1. *Tertialrapport 2017 vert teken til vitende, og kommunestyret vedtek slike budsjettendringar:*

<i>Auke i Frie inntekter</i>	<i>1,6 mill kr</i>
<i>Reduksjon i eigedomsskatt</i>	<i>0,1 mill kr</i>
<i>Reduksjon i renteutgifter</i>	<i>2,4 mill kr</i>
<i>Auke i tilskot flyktningar</i>	<i>2,2 mill kr</i>
<i>Auke i finansinntekter/avkastning</i>	<i>0,5 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Introduksjonsprogram</i>	<i>2,0 mill kr</i>
<i>Auke i ramme til Helse og omsorg</i>	<i>3,6 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Politisk</i>	<i>0,5 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Kino</i>	<i>0,5 mill kr</i>

2. *Finansrapport (passiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).*
3. *Finansrapport (aktiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr.2).*

Vedleggsliste:

1. Finansrapport aktiva
2. Finansrapport passiva
3. Investeringar, skjema 2 b
4. Målkart NAV Ørsta

SAMANDRAG

Tertialrapporten viser så langt prognose om økonomisk balanse ved årsslutt når ein ser Volda kommune under eitt. Sektorar som Helse og omsorg, Service og kultur og Politisk verksemd melder alle om utfordringar i drifta og underskot ved årsslutt. Opplæring og oppvekst melder også om avvik, men dette må sjåast i samanheng med inntekter knytt til flyktning. Sjukefråveret har stige litt samanlikna med same tid i fjor. Det er sterkt fokus på arbeidsmiljøutvikling og oppfølging av dei som er sjukmeldt i organisasjonen.

Frå sektorane vert det rapportert om stor aktivitet og god tenesteyting. Prosessen med bygging av ny kommune saman med Hornindal er i gang og fleire tilsette i ulike sektorar er involvert i dette.

1 BUDSJETTSKJEMA 1A

Budsjettskjema 1A består av:

- Frie inntekter
- Generelle statstilskot
- Eigedomsskatt
- Finansområdet

Frie inntekter

	Budsjett 2017	Nytt budsjett 2. tertial
Rammetilskott	271 311 000	266 904 000
Skatteinntekter	200 000 000	205 964 000
Sum frie inntekter	471 311 000	472 900 000

Det er skatteinngangen på landsbasis som er den mest sentrale faktoren på kor mykje vi får i frie inntekter. Dette er fordi vi har utjamning mellom skatterike kommunar og skattefattige kommunar (slik som Volda kommune). Dette er eit element i rammetilskotet. Dess mindre skatteinngangen er på landsbasis, desto mindre vert det å fordele til dei skattefattige kommunane. Volda kommune får kompensert 95% dersom skatteinntektene vert mindre enn budsjettert. Volda kommune har skatteinntekter på ca. 131,5 mill kr (78,7 % av landsgjennomsnitt) ved utgangen av august, og er noko meir enn det budsjetterte beløpet for same periode.

Kommunestyret har som tabellen ovanfor viser budsjettert med frie inntekter på 471,3 mill kr. i 2017. Prognosemodellen frå KS viser ei prognose på 472,9 mill kr ved årets slutt for Volda kommune. Ei auke på 1,6 mill kr.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med 17 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Prognosen indikerer at eigedomsskatten blir ca 16,9 mill kr., difor ei nedjustering i budsjettet.

Generelle statstilskot

Generelle statstilskot	Budsjett 2017	Prognose
Integreringstilskott	33 797 000	35 994 175
Gr.97/investering i skulebygg	863 000	1 281 014
Omsorg	2 883 000	2 726 649
Kyrkjebygg	44 000	31 546
Sum	37 587 000	40 033 384

Prognosen for integreringstilskott viser ca. 2,2 mill kr meir enn det som var opphavleg budsjettert. Samla sett, prognosen for dei generelle statstilskott viser ca. 2,45 mill. kr meir enn budsjettert.

Tabellen under viser ny prognose for integreringstilskotet pr. 31.08.17:

Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	Prognose pr. 13.09.17
År 1 (2017)	235 000	20	4 700 000
År 1 (2017)	185 000	19	3 515 000
År 2 (2016)	230 000	50	11 500 000
År 3 (2015)	167 000	48	8 016 000
År 4 (2014)	84 000	31	2 604 000
År 5 (2013)	70 500	23	1 621 500
Ekstratilskot IT 2017	50 000	9	450 000
Familiesameinte	185 000	16	2 960 000
Alternativ mottaksplassert		5	627 675
Tilflyttingar (8020)		8	401 437
Fråflyttingar (8020)*		-3	-258 750
SUM 9000.850		223	35 994 175
SUM 8020.850			142 687,50

Tabellen ovanfor viser at prognosen for integreringstilskot er kr 2.197.175,- større enn budsjettert. Auken må nyttast til å dekke utgifter knytt til flyktningar gjennom introduksjonsprogrammet (Opplæring og oppvekst)

Under er forklaringa :

«Det er busett 27 flyktningar hittil i år. Prognosen over tek høgde for busetjing av ytterlegare 12 flyktningar, i samsvar med gjeldande k-vedtak 96/16 og oppmoding frå IMDi. Auka tilskot kjem som følge av ytterlegare 9 familiesameinte, i tillegg til dei 7 som vart inkludert i revidert budsjett. Totalt har 16 kome på familiesameining hittil i år. Vi har framleis 5 alternativ mottaksplasserte i kommunen, som utløyser månadleg tilskot. I prognosen er det også teke høgde for kjende til- og fråflyttingar i år, knytt til deling av integreringstilskotet mellom til-/fråflyttingskommunen. Slik refusjon vert ført i rekneskapen på 8020.850. Gjeld til andre kommunar ved årsslutt vert ført på balanse 23770510. Kommunen mottok tilskot på 223 personar i 2017. Avvik bør følgjast opp i budsjettkorrigeringssak.»

Finansområdet

Finansutgifter

Det er budsjettert med følgjande utgifter på finansområdet i 2017:

	Budsjett 2017	Revidert budsjett 1.halvår 2017	Revidert budsjett 2. tertial
Renteutgifter (inkl startlån)	25 395 000	23 295 000	20 900 000
Avdrag	26 574 000	25 305 000	25 305 000
Sum finansutgifter	51 969 000	48 600 000	46 205 000

Renteutgifter

Det er budsjettert med kr 23.295.000 i renteutgifter på våre investeringslån, herav 1 mill kr. renteutgifter på Startlån. Prognose viser at renteutgiftene vert ca kr 2,4 mill mindre enn budsjettert. Reduksjon i høve vedteke budsjett kjem som følgje av at vi ikkje har gjennomført investeringar som planlagt. Pr. utgangen av 2. tertial er det 300 mill kr. budsjetterte midlar som ikkje er nytta.

Minimumsavdrag

Det vart opphavleg budsjettert med kr 26.574.000,00 i minimumsavdrag for 2017. Førebelse utrekningar indikerer at minimumsavdraget vert om lag kr 25.305.000. Dette er tatt høgde for i budsjettkorrigeringa for 1.halvår. Ein gjer merksam på at utrekninga ikkje er kvalitetssikra. Dersom minimumsavdraget vert større enn det førebelse estimatet, så kjem ein tilbake til det på hausten.

Finansinntekter

	Budsjett 2017	Rev. budsjett 1.halvår 2017	Rev. budsjett 2. tertial 2017
Renteinntekter formidlingslån	600 000	600 000	600 000
Ordinære renteinntekter	1 500 000	1 500 000	2 500 000
Utbytte Tussa	3 500 000	3 910 000	3 910 000
Verdiauke obligasjonsfond m.m.	1 500 000	1 500 000	2 000 000
Sum	7 100 000	7 510 000	8 010 000

Renteinntekter

Vi har budsjettert med 1,5 mill kr i renteinntekter i 2017. Ved utgangen av august er renteinntektene kr. 1.063.000,-. Ser vi på renteinntektene i 2016 var dei på 2,7 mill kr og vi vil tru at det er om for å auke budsjettet også i 2017.

Plasseringar i obligasjonsfond m.m.

Storebrand forvaltar våre plasseringar. Ved utgangen av august hadde plasseringane ein samla marknadsv verdi på omlag 59,8 mill kr, og er ei auke/avkastning på omlag kr. 1.580.000 hittil i år. Det vil sei at vi no har oppnådd forventa avkastning på 1,5 mill kr. Held avkastningsprofilen seg oppe kan vi forvente ei meirinntekt her. Basert på siste tertial 2016 vurderer vi det som sannsynleg at vi kjem ut med ei avkastning på vel 2 mill kr.

Utbytte Tussa

Generalforsamling gjorde vedtak om eit utbytte på 8.080 kr pr aksje. Med Volda kommune sine 484 aksjar blir det ei utbetaling på kr 3.910.720,- Dette er kr 410.720 meir enn vi har budsjettet med i 2017.

2 BUDSJETTSKJEMA 1B

Sektorane

Tabellen under viser status for sektorane ved utgangen av august. Utheva skrift indikerer rapporteringsnivå.

Tekst	Rekneskap 2017	Periodisert revidert budsjett 2017	Revidert årsbudsjett 2017	Avvik (periodisert budsjett mot rekneskap)	Rekneskap 2016
Rådmannen	1 330 790	1 205 668	1 888 087	-125 122	1 242 449
Rådmann	1 330 790	1 205 668	1 888 087	-125 122	1 242 449
Samfunn og rådgjeving	1 146 215	873 047	1 383 425	-273 169	830 740
Samfunn og rådgjeving	1 146 215	873 047	1 383 425	-273 169	830 740
Personal og løn	6 154 429	6 845 338	10 621 317	690 909	3 849 267
IKT	4 256 636	4 583 213	5 843 784	326 577	3 575 383
Innvandring	-647 074	1 961 934	2 964 285	2 609 008	-1 638 249
Personal og organisasjon	9 763 992	13 390 485	19 429 386	3 626 493	5 786 401
Økonomi	4 714 976	4 311 130	6 774 599	-403 846	4 182 065
Økonomi	4 714 976	4 311 130	6 774 599	-403 846	4 182 065
NAV Kommune	5 733 019	5 811 541	8 717 312	78 522	6 217 361
NAV Kommune	5 733 019	5 811 541	8 717 312	78 522	6 217 361
Stab opplæring og oppvekst	14 975 565	11 045 578	12 467 522	-3 929 987	11 423 656
Helsestasjon	2 659 104	3 745 852	5 993 943	1 086 748	3 900 935
Barnehage	20 759 686	24 344 511	38 359 038	3 584 826	21 199 819
Grunnskule med SFO	70 787 408	73 475 632	115 785 525	2 688 224	69 633 464
Kulturskule	2 587 787	2 363 363	3 447 631	-224 423	2 189 360
Volda læringssenter	18 333 742	17 110 548	26 437 263	-1 223 194	15 720 990
Opplæring og oppvekst	130 103 291	132 085 484	202 490 922	1 982 193	124 068 224
Stab helse og omsorg (inkl.servicetenester)	10 456 263	13 076 642	9 356 659	2 620 380	10 241 371
Sjukeheim 2. etasje	20 469 084	16 373 399	25 725 635	-4 095 684	18 043 636
Sjukeheim 3. etasje	17 232 879	15 692 615	24 660 304	-1 540 264	15 834 011
Heimetenester	12 612 656	11 481 491	18 081 194	-1 131 165	11 116 248
Heimetenester omsorgsbustader	20 599 512	20 543 484	32 286 437	-56 028	21 169 845
Rus og psykisk helseteneste	11 327 524	9 973 988	15 722 135	-1 353 536	11 680 689
Tenesta for funksjonshemma	9 409 231	6 234 385	9 950 320	-3 174 847	8 796 548
Butenesta for funksjonshemma	20 504 076	19 393 215	30 481 968	-1 110 861	19 052 779
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	11 072 922	10 182 922	15 911 297	-890 000	12 113 834
Helse og omsorg	133 684 146	122 952 141	182 175 949	-10 732 005	128 048 960

Tekst	Rekneskap 2017	Periodisert revidert budsjett 2017	Revidert årsbudsjett 2017	Avvik (periodisert budsjett mot rekneskap)	Rekneskap 2016
Kultur	2 743 319	3 965 930	6 065 253	1 222 610	1 369 028
Servicekontor	3 582 268	3 607 325	5 623 084	25 057	3 451 006
Service og kultur	6 325 587	7 573 255	11 688 337	1 247 667	4 820 034
Politisk verksemd	1 810 670	1 302 239	2 061 713	-508 430	1 890 852
Politisk verksemd	1 810 670	1 302 239	2 061 713	-508 430	1 890 852
Drift og anlegg	7 314 929	7 690 608	11 857 781	375 679	9 615 770
Brann	5 289 945	5 400 118	8 315 977	110 174	5 042 023
Eigedom	11 970 452	10 157 074	15 773 867	-1 813 378	7 802 150
Teknisk	24 575 326	23 247 801	35 947 625	-1 327 525	22 459 943
Vatn sjølvkost	-1 407 494	-10 208	0	1 397 285	-1 322 450
Avlaup sjølvkost	-1 019 809	-23 899	0	995 911	959 580
Feiing sjølvkost	-98 970	-494 670	0	-395 700	-68 627
Sjølvkosttenester	-2 526 273	-528 777	0	1 997 496	-431 497
Plan	2 228 016	2 711 063	4 237 027	483 046	1 708 445
Landbruk	911 807	875 434	1 313 151	-36 373	899 288
Kart, oppmåling og byggesak	956 517	821 822	1 427 836	-134 694	1 053 939
Utvikling	4 096 340	4 408 319	6 978 014	311 979	3 661 672
Barnevern	4 374 893	18 354 649	29 886 218	13 979 756	10 272 397
SUM SEKTORANE	325 132 972	334 986 980	509 421 587	9 854 009	313 049 600
Felles utgifter og inntekter	-5 576 490	-4 307 793	-6 311 689	1 268 698	1 142 004
Sum inkludert felles utgifter og inntekter	319 556 481	330 679 188	503 109 898	11 122 706	314 191 604
Finansområdet, statstilskott, frie inntekter	-370 437 978	-341 368 912	-503 109 898	29 069 066	-321 509 881
SUM Heile kommunen	-50 881 496	-10 689 724	0	40 191 772	-7 318 277

Her er forklaringane til tabellen ovanfor:

- Kolonne 1 viser kva som er ført i rekneskapen pr utgangen av august.
- Kolonne 2 viser periodisert budsjett ved utgangen av august.
- Kolonne 3 viser periodisert budsjettet for heile året (2017).
- Kolonne 4 viser avvik mellom periodisert budsjett og rekneskap.
- Kolonne 5 viser rekneskapen for same periode i 2016.

Sektorane har ved utgangen av august eit forbruk på kr. 325.132.972,- (grøn linje i tabellen ovanfor). Periodisert budsjett er kr. 334.986.980,- for same periode. Sektorane ligg med andre ord om lag 9,8 mill. kroner under budsjettet forbruk ved utgangen av august. Mykje av avvika kjem av at budsjettet ikkje er korrekt periodisert. Dette er eit arbeid som vil verte prioritert i 2018, slik at rapportering gjennom året skal verte meir realistisk og ikkje minst enklare for sektorane.

Siste linje i tabellen viser at kommunen ved utgangen av august har ei netto inntekt på kr. **50.881.496,-**. Dette er omlag 40,1 mill kr meir enn budsjettet for same periode. Dette har i all hovudsak samanheng med periodisering (sjå kommentar over).

Under følgjer tilbakemelding frå sektorane og stabane:

Personal og organisasjon

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Økonomi

Vi har betalt lisensar som gjeld for heile året.

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Opplæring og oppvekst

Basert på månadsrapporten for august 2017, reknar Opplæring og oppvekst å ha eit meirforbruk på kr. 2.250.000 ved utgangen av året. Under følgjer tilbakemeldinga frå sektoren:

«Rekneskapan for opplæring og oppvekst pr 31.08.2017 viser eit mindreforbruk i høve til periodisert budsjett. Hovudforklaringa på dette er at ein stor del av budsjetterte statlege overføringar har kome tidleg i budsjettåret, og periodiseringa tek ikkje full høgde for dette.

Oppvekstsjefen estimerer at sektoren ved utgangen av året samla sett vil ha eit meirforbruk på kr 2 250 000,-

Kr 250 000,- av dette er knytt til heilt naudsynste innkjøp av datamaskiner til Volda ungdomsskule ved overgang til SSIKT. Innkjøpet sikra forsvarleg gjennomføring av eksamen og nasjonale prøver. Rådmannen er informert om dette.

Utan ei budsjettkorrigering vil ansvar 2030 (Volda læringscenter) få eit meirforbruk på konto 10890 Intro. og kval. stønad på kr 2 000 000,- ved utgangen av året. Det er eit auka tal busette flyktingar som er i introduksjonsordninga som skuldast dette meirforbruket i forhold til budsjett. Volda kommune får i sine overføringar frå staten tilskot til mellom anna intro. stønad for desse deltakarane, så det fyl midlar med deltakarane som gir dekning for ei budsjettkorrigering på denne kontoen.»

Helse og omsorg

Forbruket ved utgangen av august viser 10.730.000,- kr meir enn periodisert budsjett.

Sektoren reknar ikkje å vere i balanse ved slutten av året.

Under er tilbakemeldinga frå sektoren:

” Tabellen under viser grovt oppsummert periodisert status på ulike tenesteområder pr. 31.august.

Tenesteområde	Meirforbruk	Mindreforbruk
<i>Stab og service</i>		<i>3.470.000,-</i>
<i>Institusjonsteneste 2.etg</i>	<i>4.096.000,-</i>	
<i>Institusjonsteneste 3.etg</i>	<i>1.540.000,-</i>	

<i>Sentralkjøkken</i>	850.000,-	
<i>Heimeteneste, heimebuande inkl. dagavd</i>	1.130.000,-	
<i>Heimetenester, omsorgsbustader</i>	56.000,-	
<i>Rus- og psykisk helseteneste</i>	1.354.000,-	
<i>Hamna Dagsenter</i>	1.527.000,-	
<i>Avlastingsteneste barn og unge</i>	1.638.000,-	
<i>Buteneste for funksjonshemma</i>	1.111.000,-	
<i>Førebygging, rehabilitering og legeteneste</i>	890.000,-	
<i>Samla</i>	11.582.000	3.470.000,-
<i>Differanse</i>	10.732.000,-	

Mange av tenestene har forventta inntekter gjennom driftsåret. Stipulert refusjonskrav er lagt inn i tabellen under. Lista er ikkje komplett. Desse inntektene er altså ikkje bokførte.

Tenesteområde	SUM
<i>Felles kommuneoverlege:</i>	500.000,-
<i>Førebygging, rehab, legeten.</i>	160.000,-
<i>Refundert utgifter lærlingløn frå Løn og personal, som har lønsmidlane</i>	762.000,-
<i>Hamna Dagsenter</i>	820.000,-
<i>Korrigering for HVO, avtale om overføring av 40% lønsressurs frå L&P</i>	260.000,-
<i>Forventa inntekter Styrk</i>	838.000,-
<i>Korrigering løn for oppretta nattevaktstilling nr 3 i 3 etg</i>	1.430.000,-
<i>Lønsmiddlar fast stilling som mangla budsjettering i rus- og psykisk helset.</i>	652.000,-
<i>Ressurskrevjande tenester, forventta refusjon som kjem på nyåret</i>	640.000,-
<i>Samla</i>	6.062.000,-

Årsaksforholda til meirforbruk/ mindreforbruk:

- Stab og service: Her ligg både løn og driftmidlar til mange tenester. Grunnen til mindreforbruket er av rekneskapsmessig art. Variabel løn for desember 2016 er belasta jan.2017. For at dette skal verte rekneskapsmessig korrekt, er tilsvarende beløp ført som inntekt. Verd å merke seg at sektoren no får heilårseffekt av eit BPA-tiltak der kommunen no må kjøpe desse tenestene. Auka utgift på ca. 900.000,- etter at refusjonar er trekt ifrå. Det er ikkje bedt om tilleggsløyving for dette tiltaket.
- Institusjonsteneste:
 - 2. etg har markert meirforbruk. I mangel på fagært personell blei det bestilt fagperson frå vikarbyrå. Etter kort tid måtte vikar seiast opp pga manglande kompetanse. Resultatet vart mykje forskyving og overtidsutgifter. Men hovudårsak til meirforbruk er fastvakt x 2 pga uro/ utagerande pasientar. Første tre månadane var sjukefråvær snitt 19,59%, men har gått gradvis nedover til juli med 10,8%.
 - 3 etg. Har gjennom heile året hatt relativt høgt sjukefråvær. Det har vore i snitt 11 pas på Klokkarstova gjennom heile året, dvs i snitt to på dobbeltrom. Det har vore betalingsdøgn for pasientar på sjukehuset så langt i år. For ein pas. er søkt skjønsmiddlar med kr. 430.000,-, då vedkomande ikkje hadde opphaldsløyve i Noreg. I tillegg skal eininga godskrivast lønsutgifter til ein person til på natt, oppretta av K.styret til 2017.

- Sentralkjøkkenet: Lærneløen har blitt belasta kjøkkendrifta medan lønsmidlane for 2017 vart flytta til løn- og personal. Har gitt meirutgift på ca. 86.000,-. Kostnader på reparasjonar på produksjonsutstyr og serviceavtalar har gitt oss ekstrakostnader. I tillegg er ca. 300.000,- av "meirforbruket" lågare salsinntekter så langt.
- Heimetenestene inkl. Dagsenter: Ei årsak til meirforbruk er knytt til 40% stilling som skal refunderast frå Løn og personal pga HVO permisjon. Elles har det vore mykje sjukefråvær som har resultert i forskyvingar og overtidsutbetalingar. Manglande faglærte ferievikarar medførte at sjukepleiarar måtte gå ekstravakter som utløyste mykje overtid. Investeringar som er gjort på uteområdet vert finansiert med midlar ein har fått frå helsedirektoratet. som fondsmidlar og som vil godskrive resultatet når dei vert nytta.
- Heimetenester, døgnbemanna omsorgsbustader for eldre: Trass mange bebuarar med høgt tenestebehov, er meirforbruket ikkje stort. På Fjordsyn er det ofte sett inn ekstra nattevakt for å kunne yte forsvarleg teneste. Høgt sjukefråvær første kvartal på Fjordsyn, 23,64%.
- Rus- og psykisk helseteneste: Her vert det tidlegare avdekt feil under budsjettering som ikkje er endeleg korrigert. Sluttoppgjer etter ei tidlegare sak har gitt ekstrakostnader på årets budsjett med kr. 313.000,-. Desse utgiftene er venta som meirforbruk forutsatt at tidlegare påpeika budsjetteringsfeil vert retta.
- Hamna Dagsenter: Estimerer eit meirforbruk på om lag 500.000,- ved årsslutt. Påpeikar at fastlønsramma vart redusert med om lag 140.000,- frå 2016 til 2017. Volda kommune må betale forholdvis meir av totalutgiftene pga brukarfordelinga, der Volda har 19 og Ørsta har 9 brukarar. Utvidinga av arealet som vart gjort til 2016 vil Ørsta ikkje vere med å dekke pga brukarfordeling.
- Avlastingssteneste for barn og unge: Syner til PS 44/17; 1. Kommunestyret tek informasjon om utfordringane knytt til manglande faste stillingsressursar ved avlastingsstilbod og barnebustader til vitende og vedtek å opprette inntil 3,5 faste årsverk. 2. Prioriteringa i punkt 1 representerer ein kostnad på ca kr 2 millionar som må dekkjast innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren gjennom den samla ressursdisponeringa i løpet av året. Så langt har ein ikkje lukkast med pkt.2. Har og auka utgifter til kjøp av varer og tenester for barnebustadane.
- Buteneste for funksjonshemma: Frå juni til august er meirforbruk auka med ca. 900.000,-. Tre nye brukarar er komne til i løpet av året, men grunnlag for eit djupdykk for å sjekke ut heile årsaksbiletet. Tenesta ser nærmare på dette til neste rapportering.
- Førebygging, rehabilitering og legeteneste: Eininga består av fleire deltenester. Fysioterapi, ergoterapi, frisklivssentral, interkommunal nattlegeteneste, kommunal- og privat legeteneste. Det er mindre variasjonar i dei ulike deltenestene. Tabell over viser ein sum manglande refusjon som kjem etterskotsvis, men eininga er venta vere i balanse ved årsslutt.

Alle einingane har ved utgang august meirforbruk. Årsakene er samansette, men nokre oppsummerande utfordringar vil eg ta med. Sjukefråværet er for det meste på eit nivå som utfordrar drifta vår på fag. Det vil seie at ein ofte må ty til kostnadsdrivande løysingar for å drifte forsvarleg. I kombinasjon med stadig tilbakemeldingar om krevjande pasientsituasjon, slit dette dei tilsette. Særskildt gjeld dette tenestene som dekkjer eldreomsorga og vi ser nok konturane på starten av den venta eldrebølgja. Aktuelle tiltak er å utvide kapasitet på korttidsavdelinga og styrke heimebaserte tenester ytterlegare. Andre tenester vert (endå ein gong) gjennomgått med tanke på moglegheiter for å løyse/ endre oppdrag med tanke på betre ressursutnytting."

Service og kultur

Sektoren ventar ikkje å gå i balanse ved slutten av året.

Under er tilbakemeldinga frå sektoren:

«Årsaka er kinoen som har vore stengt i fleire månader, og som av den grunn ikkje har hatt inntekter, avvik mot budsjett 0,5 mill kr. Ein del av varelageret er også ødelagt pga at straumen blei slått av på samfunnshuset. Dette må erstattast ved oppstart i oktober.

Eg får også avvik når det gjeld kontoane 10800 og 10801 (Godtgjersle folkevalde). Det er budsjettert med for lite til desse kontoane: 734.471 for dei samla i 2017 - mot 1.303.400 i 2016.»

Teknisk

Teknisk sektor opplyser at sektoren reknar med å halde seg innanfor budsjetttramma ved årets slutt.

Utvikling

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Fellesområdet

Tilskot vedkomande einslege mindreårige (EMI) og vertskommunetilskot er budsjettert på fellesområdet.

Særskild tilskot einslege mindreårige - vil få ei meirinntekt på kr 424.891 i høve 1.kvartalsrapport for 2017, frå kr 16.174.500 til kr. 16.599.391.

Tabellen under viser ny prognose for EM-tilskotet pr. 31.08.17:

Busetjingsår	Sats	Grunnlag	Prognose pr. 13.09.17
Tidlegare års busette EM	750 000,00	20	15 000 000,00
Busetjing av 3 EM i 2017 (tal mnd)	62 500,00	17	1 062 500,00
Ekstratilskot 3 EM 2017	100 000,00	3	300 000,00
Tilleggskrav BUF-etat 2. halvår 2016			236 891,00
SUM		23	16 599 391,00

EM-tilskotet vert utbetalt for månaden EM vert busett. Det vart busett noko tidlegare enn forventa, og tilskotet er noko høgare enn tidlegare prognose. Det vart også sendt tilleggs-krav til BUF-etat for 2. halvår 2016 etter at rekneskapen for 2016 vart avslutta. Refusjonen vert difor inntektsført i rekneskapen for 2017.

Årsak til avvik – meirinntekt i høve 1. kvartal:

Kommunen mottok utbetaling av EM-tilskot frå månaden EM vert busett. Meirinntekta i EM-tilskotet frå 1. tertial skuldast busetjing av 3 EM noko tidlegare enn forventa i 2017, samt eit tilleggsrefusjon frå BUF-etat for 2. halvår 2016, som vart sendt og motteke etter rekneskapen for 2016 vart avslutta. Kr 15 099 391 av EM-tilskotet er knytt til EM busett gjennom

barnevernet. Kr 1,5 mill. av EM-tilskotet er knytt til EM busett gjennom Volda læringscenter. Kommunen mottok EM-tilskot på 23 personar i 2017. Avviket bør følgjast opp i budsjettkorrigeringsak.

Vertskommunetilskotet - vil for 2017 utgjere kr 1.471.604. I desember 2016 varsla UDI nedlegging av Volda mottak med verknad frå 01.03.17. Budsjettkorrigeringa, inkludert reduksjon i tilskotet, vart handsama i k-sak 18/17.

Rådmannen har presisert overfor barnevernssjefen at drifta for einslege mindreårige må drivast innanfor ramma for verksemda. Dei vil følgje nøye med dette framover og vurdere moglege tiltak. Utfordringa er at ein må ha eit visst antal einslege mindreårige flyktingar for å ha synergjar i drifta. Vert det for få så vil det vere tersklar for kor langt ein kan kutte i drifta utan at det får alvorlege konsekvensar for kvaliteten på tenestene.

Barnevernstenesta

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

NAV

Basert på tala så langt i år, forventar NAV å vere i balanse ved slutten av året.

3 OPPSUMMERING

Basert på tilbakemeldingar frå sektorane og vurderingar inn mot frie inntekter og finansområde er det behov for endringar i budsjettet.

Sjølv om sektorar melder om negativt avvik er det viktig at det vert sett i gang tiltak for å minimalisere underskotet og at avvika ikkje vert fullt kompensert.

Når det gjeld auken i rammene til Opplæring og oppvekst vert Introduksjonsprogrammet sett saman med auken i inntekter til flykting. Det er difor naturleg å kompensere for dette. Resten av avviket er det lagt til grunn at Oppvekstsjefen må finne innanfor eigen sektor.

Helse og omsorg har som sektorleiar skriv store utfordringar. Det er nødvendig å starte eit arbeid her som går meir i detaljar i avvika. Spesielt viktig inn mot budsjettarbeidet for 2018. Ved utgangen av andre tertial er der ikkje økonomi til å tilføre sektoren 6 mill kr, utan å redusere tenestetilbodet til andre sektorar. Ein rår til at sektoren får auka ramme med 3,6 mill kr, samtidig som Helse- og omsorgssjefen må sette i gang tiltak for å kome i balanse.

1. Tertialrapport 2017 vert teken til vitende med slike budsjettendringar:

Auke i Frie inntekter	1,6 mill kr
Reduksjon i eigedomsskatt	0,1 mill kr
Reduksjon i renteutgifter	2,4 mill kr
Auke i tilskot flyktingar	2,2 mill kr
Auke i finansinntekter/avkastning	0,5 mill kr
Auke i ramme Introduksjonsprogram	2,0 mill kr

Auke i ramme til Helse og omsorg	3,6 mill kr
Auke i ramme Politisk	0,5 mill kr
Auke i ramme Kino	0,5 mill kr

4 INVESTERINGAR

I budsjettet for 2017 er det forventat at Volda kommune skal investere i prosjekt for om lag 427 mill kr. Ved utgangen av andre tertial viser rekneskapen at berre 127 mill kr av desse er nytta. Ein indikasjon på at vi har eit investeringsbudsjett som ikkje er realistisk i forhold til det vi klarer å gjennomføre. Det er difor sett i gang eit arbeid for å få på plass eit meir realistisk budsjett i 2018.

Vedlagt ligg utkast frå investeringsrekneskapen, skjema 2 B

5 SJUKEFRÅVER

Sjukefråveret viser ein liten auke i 2. kvartal 2017 (7,06%) samanlikna med 2. kvartal 2016 (6,37%). Det vert jobba aktivt med aukiing av nærveret gjennom fokus på arbeidsmiljø. Spesielt har arbeidsmiljøet innan helse og omsorg eit stort fokus. I budsjettsaka så vart det sett eit mål om nærver på 92,5% for 2017, sjølv om ein har oppnådd målet om nærver i 2. kvartal veit ein at sjukefråveret normalt aukar att til hausten.

Vi har størst fråvær innan sektorane helse/omsorg og utvikling, og ein har også hatt ei auke i sjukefråvær i desse sektorane samanlikna med 2. tertial 2016. Det høge sjukefråveret innan utvikling skuldast i hovudsak ei langtidssjukmelding. Dette er ikkje arbeidsrelatert og sektoren har forsøkt tilrettelagt mest mogleg. Det er laga oppfølgingsplan og vi har plan om å gjennomføre eit dialogmøte med sjukmeldt og sjukmeldar (lege).

Mange av avdelingane jobbar tett opp mot Arbeidslivssenteret for å finne løysingar for å få sjukmelde tilbake på jobb. Fleire avdelingar har lukkast med dette, men samla sett har vi ein auke i fråveret.

Helse og omsorgssektoren har ein auke i sjukefråveret i forhold til 2016. Tradisjonelt har dei eit stort langtidfråvær knytt til kroniske belastningsskader og tilstandar.




Det er gjennomført medarbeidarundersøking ”10-faktor” i heile organisasjonen. Vi held på med etterarbeid med oppfølgingsplanar på alle arbeidsplassar. Det er eit klart siktemål at denne på sikt skal gi betre arbeidsmiljø og auka nærver. I tillegg er det foretatt ein omfattande arbeidsmiljøprosess i helse- og omsorgssektoren med handlingsplanar som vert følgt opp på dei ulike arbeidsplassane. Rolleavklaring med tydeleggjering av arbeidsfordeling, mynde og fokus på både leiing og arbeidsmiljø er grunnleggjande for å utvikle meistringsklima.








Drøfting av situasjonen og tiltak vert kontinuerleg teke opp med arbeidstakarorganisasjonane og hovedverneombodet.

Sektor	Fråver i % 2. tertial 2017	Fråver i % 2016	Fråvær i % 2. tertial 2016
Rådmann & stab (11 og 12)	0	19,51	15,86
Pers, IKT,innvandr. (13)	2,77	3,77	2,69
Økonomistaben (14)	0,82	4,40	4,20
Service og kultur (40)	1,23	5,94	6,25
Oppl. og oppvekst (20)	5,24	6,62	4,94
Barnevernstenesta (70)	5,56	7,39	7,56
Helse og omsorg (30)	10,97	9,56	7,67
Teknisk (50 og 51)	5,22	9,34	9,38
Utvikling (60)	10,36	2,46	1,18
Heile kommunen	7,06	7,79	6,37

6 RAPPORTERING PÅ MÅL

Personal og organisasjon

MÅL 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
IKT Brukarane skal vere tilfredse med dei tenestene IKT yter.		IKT har vore under sterkt press over lang tid. Samstundes har overgangen til SSIKT ført til ein del meirarbeid. Det har også vore gjennomført eit stort IKT-løft i skulesektoren som har kravd mykje kapasitet.
IKT-investeringar skal gje positiv kost/nytte		
Innvandring Busetje flyktningar i samsvar med gjeldande kommunestyrevedtak og samarbeidsavtale med IMDi		Vedtak i k-sak 95/16 om å busetje inntil 40 flyktningar i 2017, inkl. inntil 8-11 einslege mindreårige (EM). IMDi har oppmoda Volda om å ta i mot 39 flyktningar i 2017, inkl. 3 EM. Pr. 27.09.17 er det busett 27 flyktningar, inkl. 3 EM.
50 % av flyktningane skal bu i privat bustad innan tre år etter busetjing		Pr. 27.09.17 har 14 av 27, blitt busett på den private bustadmarknaden. Det er nytta 3 kommunale bustader til to familiar og ein einsleg. I 2016 vart 27 av 34 busett i private bustader, og det vart nytta 2 kommunale til 1. gongs busetjing. I 2015 vart 22 av 32 busett i private bustader, og det vart nytta

















		6 kommunale til 1. gongs busetjing. Arbeidet med gjennomstrøyming i kommunale bustader er godt i gang, og fleire har overgang frå kommunal til privat bustad.
30 % av flyktingane skal eige privat bustad innan seks år etter busetjing		Kvart år kjøper 2-3 flyktingfamiliar eigen bustad i Volda. Grunna høge bustadprisar er terskelen høg for å kome i posisjon til å kjøpe eigen bustad. Det vert arbeidd med å få plass «Leige før eige»-modell, som vi vonar vil føre til at fleire vil bli i stand til å eige eigen bustad.
Løn og personal Administrere gjennomføring av medarbeidarundersøking		Medarbeidarundersøking 10-faktor gjennomført i mars måned.
Profesjonell rekruttering som fremjar Volda kommune som arbeidsgjevar		Vi har gode rutinar, og greier med få unntak å skaffe rett kompetanse. Vi har store utfordringar knytt til rekruttering av (og behalde) sjukepleiarar. Det er ei utfordring som arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane ønskjer å jobbe med i fellesskap..
Sjukeoppfølging som fremjar nærvær		Sjukefråværet for 2 kvartal er høgare i 2017 enn i 2016.
Tilsette og leiarar får pålitelege svar på spørsmål		
Korrekte tenester til rett tid		
Initiere prosess for å implementere bruken av Kvalitetslosen i heile organisasjonen (avklare systemansvarleg funksjon, gjennomgang av rutiner og organisering av opplæring)		Vi har gjennomført opplæring, men det gjenstår arbeid for å kome i mål i heile organisasjonen.








Økonomistaben

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Vere à jour med føring av rekneskapen gjennom året, og utarbeide tertialrapporter og årsrekneskap i samsvar med lov og regelverk		
Innfordring av korrekte skatter og avgifter til rett tid, samt vere ajour med innfordringa av kommunale krav		<p>For innfordring på skatt kan det være greit å bruke same resultatkrav som skatteetaten stiller. Her blir vi målt på innfordring av totalkrav, men med ulike krav pr skatteart. Gjennomsnittleg utgjør dette 99,3% av totale skatte- og avgiftskrav.</p> <p>Når det gjeld kommunale krav har vi som mål at krav ikkje skal være eldre enn 90 dager frå forfall før dei vert sendt til inkasso. Då har vi i forkant sendt ut inkassovarsel og betalingsoppfordring + evt betalingspåminning</p>
Betale fakturaer til rett tid		Vi mottar purringar som er unødvendig. Arbeider med betre rutinar for å redusere dette
Starte arbeidet med å etablere felles økonomifunksjon med Hornidal kommune (økonomireglement, rutinar, kontoplan m.m)		Hovudfokus i 2017 vert kartlegging
Sektorane oppleve god støtte og opplæring		Vi bør gå meir aktivt inn og vere pådrivarar for opplæring og kompetanseheving på fagområde økonomistyring
Økonomirapportering basert på gode oppdaterte rekneskapsgrunnlag, tidleg oppdaging av ev avvik og prognoser som gir god oversikt over økonomisk status		Målet er å bli meir ajour med fordelte utgifter og refusjonskrav ut. Som eit minimum må dette bli ajour ved kvar tertialrapport. I tillegg skal budsjettet periodiserast meir korrekt.
Nærver min 93,1 %		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		Gjennomført august
Utviklingsarbeid for å auke andel elektronisk faktura (i tråd med nasjonal satsing)		Vi er i dag oppe i 50 %. Arbeider også med å gjere behandlingane, spesielt konteringane meir

		effektiv i form av automatikk.
--	--	--------------------------------






Opplæring og oppvekst

MÅL 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Barselomsorga skal følgje nasjonal fagleg retningslinje.		Grunna prosjektmidlar blir det frå 15.09.17 oppstart med tidleg heimebesøk av jordmor
Etablere/vidareføre gruppetilbod <ul style="list-style-type: none"> ✓ For barn som opplever skilsmisse ✓ Jentegrupper i ungdomsskulen – 2 pr år ✓ Lågterskel foreldrerettleiing ✓ Gruppetilbod psykisk helse for minoritetsungdom 		Skilsmissegrupe OK. Jentegruppe truleg ei i år. Grunna prosjektmidlar vil det frå oktober bli tilsett foreldrerettleiar i 50 % stilling. Gruppetilbod psykisk helse for minoritetsungdom utsett.
Styrke innbyggerane sin kunnskap om kosthaldet og aktivitet gjennom tverrfagleg samarbeid inn mot foreldre til 1. klassingar.		
Gjennomføre ttervaksineriing med HPV-vaksine av jenter fødde i -91 t.o.m. -96 (nasjonal satsing)		Skal halde fram til sommaren 2019
Etablere felles helsestasjon for ungdom og studentar ved nye Øyra skule		Blir iverksett frå 01.01.18
Etablere formalisert samarbeid mellom helsestasjon og barnehage		Har hatt felles fagseminar og har samarbeid om kosthaldsbrosjyre og barnehagestart. Meir etablerte møter må vente i påvente av meir personell ved helsestasjonen
Tidleg oppdage barn som treng ekstra hjelp og støtte og utarbeide rutinar for tiltak og oppfølging		Tilsett person i 60 % prosjektstilling i 4 mnd for å sjå på tiltak og oppfølging i Volda kommune
Oppretthalde minst 50 % pedagogtettleik i dei kommunale barnehagane		
Tilsyn og godkjenning av barnehagar etter oppsett plan.		
Sikre kompetanseheving i samband med ny rammeplan i barnehagane		Slik kompetanseheving er igongsett
Gjennomføre overgangssamtalar barnehage-barneskule-ungdomsskule		Vil vidareutvikle innhaldet i høve til struktur/form/innhald
Volda skal ha ei skulefritidsordning som støttar den språklege og sosiale utviklinga til elevane.		Særleg for born frå språklege minoritetar er SFO ein viktig arena for språkleg utvikling.
Innføre Ipad som pedagogisk verkty i barnehage og småskulen		Med særleg vekt på språkutvikling og bruk av IKT som pedagogisk verkty
Grunnskulepoeng og resultatata på eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.		Får resultatata hausten 2017
Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med skuleåret 15/16		Får resultatata hausten 2017
Med støtte i gode program styrke den psykiske helsa til barn og unge		Opplæring og oppvekst er inne i fleire prosjekt i dette arbeidet som Tidleg inn, Voldaprojektet og Zippys venner. Volda













		kommune har i tillegg eigen psykolog
Ei styrking av den ordinære undervisninga skal redusere behovet for spesialundervisning.		Usikkert om ein vil nå dette målet
Alle einslege mindreårige flyktningar skal gå ut med greidd grunnskuleeksamen		
60 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til arbeid eller vidaregåande utdanning etter avslutta program.		Dette målet er ikkje fullt ut nådd. Viss ein reknar med dei som har hatt overgang til grunnskule i tillegg er overgang til arbeid/skule 67 %
Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta		
Identifisere og styrke tiltak som reduserer sjukefråværet		
Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert.		Arbeidet er igongsett
Utarbeide kvalitetsplan for sektoren		Planen er ferdig og vedteke i kommunestyret



Utvikling

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging		Høgt fokus
Søke om tilskot til minst eit friluftstiltak jf kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (KIFF-planen)		
Følgje opp KIFF-planen gjennom spelemiddelsøknadar		Skal gjerast no i vår og ny runde til hausten
Gjennomføre kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområda i kommunen		
Halde den økonomiske ramma		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		
Kritikkverdige forhold skal varslast i samsvar med kommunen sine rutiner etter arbeidsmiljølova		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		
Nærver skal aukast i høve til 2016 (ambisjonsnivå på min 95 %)		Grunna ein langtidssjukemelding vert dette målet ikkje nådd
Sjukefråver pga av arbeidsmiljø skal ikkje forekome		
Rett kompetanse i alle stillingar		










Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		Antal avvik og oppfølgingstiltak for å følge opp målsettinga
Alle som vender seg til Volda kommune skal få svar i samsvar med krava i forvaltningslova		
Koordinering av gjennomføring av planar saman med teknisk sektor		Prosessen vi starta på i fjor skal vi arbeide vidare med, men ser ut til at vi ikkje kjem i mål i år.
Utarbeide høyringsforslag av kommuneplanen sin arealdel med ROS-analyse og konsekvensutgreiing (KU)		
Revisjon av overordna ROS-analyse frå 2013		Arbeidet med denne står førebels på vent til vi får inn ein ny miljørådgjevar

Helse og omsorg












SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Medarbeidersamtale med alle fast tilsette		Helse- og omsorg har innarbeidd gode rutinar no for medarbeidersamtalar. Gjennom året skal alle tilsette ha gjennomført dette.
Initiere innovative/nytenkjande tiltak: Å prøve ut og ta i bruk velferdsteknologi		Screening av vannlatingsrytme på nokre pasientar, ”Tena identif”. Epialarm med varsling mot handholdt mobil, heimetenestene.
Handhaldne terminalar i heimetenesta kopla til fagstystemet Gerica gir oversikt over ATA (ansikt til ansikt tid) for å planleggje betre ressursbruken.		Ordning innført tidlegare, men utvida til fleire tenesteområder.
Nærvær på 91 %		Juni og juli har nærværprosenten vore 88,74 %.
Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren.		Rutine vedr. månedleg rapportering gjennomført, men tala viser at sektoren ikkje vil klare drifte innanfor ramma. Månadleg gjennomgang på leiarmøte.
Kvardagsrehabilitering er implementert frå prosjekt til ordinær teneste		Måltal –Effekt av kvardagsrehabilitering skal målast kvarttalsvis ved standardisert og anonymisert evalueringsverktøy og rapporterast til kommunestyret.
Tildelingskontoret er forvaltareining i sektor helse og omsorg, rett teneste på rett nivå.		Rett teneste på rett nivå. Nytt er kravet om venteliste, som vert litt målestokk for status. Standardardar vert forankra i kommunestyre.
Aktiv omsorg og frivillig koordinering i eldreomsorga. Deltaking i kulturelle aktivitetar. Frå prosjekt til implementering av Frivilligkoordinatorar i eldreomsorga ved sjukeheim og døgnbemanna bustad	  	Tal frivillege som engasjerer seg i høve brukarane. Tal kulturelle arrangement og tal deltakarar på arrangementa, både avdelingsvis og større arrangement t.d. kulturelle spaserstokk. Kartlegging tre gongar i 2017, januar, august og november.
Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus vert overtekne innan fristen, og kommunen skal ikkje betale for liggjedøgn på sjukehus		Januar og februar opplevde både sjukehus og kommunesektor ein uvanleg pågang eldre med influensasjukdom/ tilleggstilstandar. Tidvis har ein seinare også opplevd betalingsdøgn, der vi akkurat no også har ein topp som fører til betalingsdøgn.
Forpliktande oppfølging av tiltaksplanane for å utvikle leiingsdyktigheit og styrka arbeidsmiljø i heile sektoren, jfr oppfølging etter arbeidsmiljøundersøkinga		Milepelsoppfølging med involvering av tillitsvalte og verneombod.








<p>Etablere arena og program for kompetanseutvikling og for å drive utviklingsarbeid.</p>		<p>Kompetansaplanar på einingsnivå og sektornivå er utarbeidde. Fagdagar er planlagt og skal mellom anna bygge på behova som kjem fram i kompetanseplanane.</p>
<p>Gjennomføre utviklingsprosess for å peike ut tydeleg retning, konkretisering av mål og satsingsområde for å løyse utfordringane i sektoren, slik at ein får kontroll med utgiftsveksten.</p>		<p>Sak og prosess er i gang saman med THO(tenesteutval for helse- og omsorg). Har hatt dette oppe som sak både i leiarmøte og strategigruppa i sektoren.</p>



Service og kultur

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda		Gjennomsnittleg antal nyhendeoppslag pr veke på Facebook, Twitter og heimesida.
Elektroniske skjema på heimesida skal gi forenkla tenester for brukarane og frigjorde ressursar i administrasjonen.		Antal tenester det vert utvikla skjema for. Anslag på effekt for brukar og frigjort tid
Ingen negativ omtale av avdelinga i media		
Avklare lokale for ungdomsklubben og ta ein gjennomgang av behovet for bemanning samanlikna med opplegg i samanliknbare klubbar i andre kommunar. Ungdomsklubben skal opparbeide eit fungerande crew i rett aldersgruppe		Crew er ungdom som jobbar på dugnad på ungdomsklubben
Arrangere fire debattmøter i biblioteket		Den nye biblioteklova seier mellom anna at <i>"Folkebibliotek skal være en møteplass og arena for offentlig samtale og debatt"</i> .
Volda filmteater skal ha eit besøkstal på minimum 14000.		Kinoen kjem ikkje til å nå dette målet pga at kinoen har vore stengt frå medio mai til medio oktober. Besøkstala pr medio mai var 5726 besøkande.
Frivilligsentralen skal arrangere minimum eit opplæringstiltak/kurs for frivillig sektor		
Alle institusjonane i kommunen få tilbod om eit variert kulturtilbod frå den kulturelle spaserstokken.		
Ajuorføring av personsikkerheitshandboka å ivareta overordna funksjon for at denne er kjent ute i organisasjonen		Organisere opplæring av leiarane i personvernhandboka og sikre oppfølging av overordna rutinar

Teknisk

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 4 veker		Her har kommunalteknisk avdeling kome svært langt dette året, og tek sikte på å vera ajour i løpet av 2017.
Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjetttramma		Her jobbar vi med å legge om rekneskapsystemet slik at det vert mogleg for sektoren å ha oversikt gjennom året.
Behalde og rekruttere personell		
Nærver på min 90 %		
Brannberedskapen skal opplevast som god		
Brannberedskap som tilfredsstillar dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen		Har gjennomført ROS analyse som er sendt til DSB for godkjenning. Har ikkje fått svar. Analysen viser ingen behov for strakstiltak, men nokre utfordringar dei komande åra.
Lukke avvika brannvernet fekk i 2016 etter tilsyn frå Arbeidstilsynet og DSB.		Ikkje utført rein/skitten sone i garderobe for brannmanskaper, Men feiar har fått garderobe.
Risikobasert tilsyn i særskilte brannobjekt		Pga sjukefråvær er vi ikkje i rute med tilsyn. Dei viktigaste objekta er tekne så det reknast ikkje som kritisk.
Feiing etter behov og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar.		Ajour med feiing. Bustadtilsyn startar opp att til vinteren. Må vurdere meir feieresursar for å tilfredsstille krav i den nye forebyggande foreskrifta.
Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte		Vi fekk tilført kr 150.000,- til opplæring, noko som har hjelpt godt på. Men stadig nye krav gjer at det er viktig å halde kontinuitet i opplæringa.
Forebyggande brannvernopplæring for alle 6. klassingar i kommunen		Alle skulane deltok. Til saman opplæring for 9 6.klasser. Prosjekt i

		samarbeid med etilsynet.
Vedlikehald, rehabilitering og oppgradering for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse		Gjennomføre innovative prosjekt, planmessig gjennomføring av oppgradering, rehabilitering, vedlikehald, samt ny bygg.
God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp.		Sektoren arbeider for å drive etter denne prosjektmetodikken saman med utviklingssektoren og ass rådmann som er ansvarleg for grunnkjøp. Sektoren har også fått i oppdrag å gjennomføre systematisk evaluering av gjennomførte anlegg- og byggjeprojekt.
Fokus på miljø, sørgje for gode tiltak blir gjennomført i tråd med kommuneplan med satsing på klima og miljø.		Gjennomføring av EPC – programmet. Anbudskonkurransen for EPC-prosjektet for Ivar Aasen-huset vart avlyst. Prosjektbygg AS har stemna Volda kommune, og det er beramma rettsak i desember.
Starte arbeidet med å etablere ein oppgradert eller ny base for driftsoperatorane ved Myrtun i samsvar med arbeidsmiljølova.		Finansiering for prosjektering er på plass og prosjektnummer er oppretta. Ein må ta ei runde for å avklare kor kommunen får areal til ei utviding.
Regelmessige møter med alt personell og rutine på enkeltvis samtalar /medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall.		
Utarbeide rutinar og standardar for arbeidet som vært gjennomført ved drift og vedlikehald av kommunale vassverk og avløpsreinslegg		Dette arbeidet har avdelinga ikkje ressursar til å prioritere. Dette lider også gjennomføring av beredskapsøvingar og oppdatering av kritiske dokument som ROS analyse og beredskapsplanar.
Få på plass eit FDV system tilpasse drift og veldikehald av vassverk og avløpsreinslegg og leidningsnett.		FDV system er i kjøpt inn. Kurs er avholdt i Mai og ein ser for seg å kunne starte å nytte dette meir og

Prosjekt 701201B	7 tonn gravemaskin for VA (rt)	0	0	0	969 835
Prosjekt 701201D	Vassledning Porsemyrvegen - Kårstadveger	0	0	0	1 438 036
Prosjekt 701201E	Naudstraumaggregat til vassverk (rt)	0	0	0	6 258
Prosjekt 701215	Sunddal - Gjersdal	0	0	0	10 050
Prosjekt 701305	Hjartåbygda, behandlingsanlegg vatn (aaa)	730 642	0	0	1 039 592
Prosjekt 701400	Vikeneset og Mork Silanlegg (AAAS)	15 752	5 415 951	0	545 645
Prosjekt 701401	Utbygging bustadfelt K 10, Klepp	0	0	0	343 260
Prosjekt 701405	Sambindingsveg over Håmyra	175 271	0	0	0
Prosjekt 701409	VA-anlegg Gymnasvegen - Porsemyrvegen (32 787	0	0	0
Prosjekt 701515	Traktor (2015) (rto)	0	320 000	0	0
Prosjekt 701605	Avløp samleinvestering	924 495	1 958 859	12 000 000	117 260
Prosjekt 701605A	Utskifting av fellesledning Porsemyrvegen -	0	725 000	0	0
Prosjekt 701605B	Digitalisering	160 140	535 000	0	0
Prosjekt 701605C	Ny base for kommunalteknisk drift, Myrtun	42 320	1 500 000	0	0
Prosjekt 701605D	Leidningsutskifting	0	1 500 000	0	0
Prosjekt 701605E	VA utskifting Porsemyrvegen 2017	13 440	3 500 000	0	0
Prosjekt 701605F	Ny bil - avløp	362 528	500 000	0	0
Prosjekt 701605G	Avløpsreinsanlegg Fyrde	0	1 000 000	0	0
Prosjekt 701605H	Avløpsreinsanlegg Dravlaus	13 855	1 000 000	0	0
Prosjekt 701605I	Omlægging av avløpsledning Øyra skule	0	1 740 000	0	0
Prosjekt 701703	Vatn samleinvestering (LF)	1 355 922	475 501	28 000 000	0
Prosjekt 701703A	Leidningsutskifting (LF)	0	1 500 000	0	0
Prosjekt 701703B	VA utskifting Porsemyrvegen 2017 (LF)	0	3 500 000	0	0
Prosjekt 701703C	Naudstraumsagregat (LF)	2 616	1 300 000	0	0
Prosjekt 701703D	Reservevatn frå Ørsta (LF)	0	4 500 000	0	0
Prosjekt 701703E	Nytt vassinntak Lauvstad vassverk (LF)	395	5 300 000	0	0
Prosjekt 701703F	Nytt vassinntak Dravlaus vassverk (LF)	37 259	2 700 000	0	0
Prosjekt 701703G	Prosjektering oppgradering av vassverk (LF)	0	600 000	0	0
Prosjekt 701703H	Digitalisering vassverk (LF)	12 977	535 000	0	0
Prosjekt 701703I	Prosjektering av Dinglavatn dammar (LF)	0	400 000	0	0
Prosjekt 701703J	Ny base for kommunalteknisk drift, Myrtun (L	3 500	1 500 000	0	0
Prosjekt 701703K	Overvassledning Klokkekarvegen - Kleppeveg	0	4 000 000	0	0
Prosjekt 701703L	Høgdebaseng Fyrde (LF)	366 758	500 000	0	0
Prosjekt 701703M	Bjørnevegen reduksjonskum	5 940	500 000	0	0
Prosjekt 701703N	Engesetgeila reduksjonskum	0	500 000	0	0
Prosjekt 701703O	Heltnevegen trykkforsterking	302 259	500 000	0	0
Prosjekt 721601	Feiing	0	183 484	0	216 516
Sum: 51 Sjølvkostnader		4 866 616	48 188 795	40 000 000	9 120 328
Sektor Utvikling:					
Prosjekt 710900	Program GIS (jv)	0	272 969	0	0
Prosjekt 711000	Digitalt kartleggingsprosjekt (Ike)	0	283 803	0	8 750
Prosjekt 711200	Merking og gradering av turløyper i Volda koi	0	0	0	8 629
Sum: 60 Utvikling		0	556 772	0	17 379
Sum fordelt		126 575 879	426 989 113	271 617 000	120 895 703



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2017/1598
		Arkivkode:	611

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
189/17	Formannskapet Kommunestyret	14.11.2017

GBR 10/94 "CORNER" SPØRSMÅL OM KJØP AV AREAL

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune godkjenner vedlagde avtale d.s 30.10.2017 mellom Volda kommune og eigar av Gnr. 19 bnr. 94 om kjøp av areal.

Dekning: Ubunde kapitalfond. Rådmannen får mynde til å korrigere investeringsbudsjettet for 2017 tilsvarande.

Vedleggsliste:


- Avtale d.s 30.10.2017 mellom Volda kommune og eigar av Gnr. 19 bnr. 94 om kjøp av areal.

Samandrag av saka:

Volda kommune har i haust forhandla med eigar av Gbr. 19/94 om kjøp av tomte kalla «Corner». Etter forhandlingar har ein no kome fram til eit framlegg til avtale som rådmannen vil tilrå.

Saksopplysningar/fakta:

Volda kommune har i haust forhandla med eigar av Gbr. 19/94 om kjøp av tomte kalla «Corner».



Tomta ligg mellom no Circle Norge AS si tomt og Frie Evangeliske forsamling si tomt og er merka blått. Vidare ligg tomte vis a vis rutebilstasjonen.

Tomta har nemninga Gbr. 19/94 «Corner» og er på om lag 650 m².

Volda kommune ynskjer å legge til rette for utvikling av eit attraktivt og særprega Volda sentrum med tanke på mellom anna

auka handel og aktivitet. Vi ynskjer at fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum og at det skal vere trygt, triveleg og attraktivt. M.a anna er vi no saman med fylkeskommunen , private og næringslivet i "startgropa" for å gjere "Elvadalen" meir attraktiv med gangveg langs med elva som bind Prestholmen saman med fjorden.

Med det som bakteppe og stadige signal om alternativ utnytting av kommunen sitt areal rundt rutebilstasjonen er ein av den oppfatning at arealet som vi no har forhandla fram ei løysing om overtaking av, vil vere svært strategisk og attraktivt for kommunen i eit utviklingsperspektiv.

Samfunnsplanen:

Sikring av det aktuelle området vil kunne lette gjennomføring av mål og strategiar for utvikling av Volda sentrum og gjennom den pågåande arealplanen vil ein kunne legge til rette for ein meir effektiv utnytting av arealet kring rutebilstasjonen i sambruk med dei interessene som er i området. Måla og strategiane for Volda sentrum, Klima- og miljø, Attraktivitet og Volda i regionen som ligg i den vedtekne samfunnsplanen støttar godt opp under at ein sikrar seg dette området.

Økonomiske konsekvensar:

Kostnaden med overtaking av arealet er sett til kr. 1,5 mill og ein vil tilrå at kjøpet vert dekt ved å nytte ubunde kapitalfond.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen har ikkje særleg meir å legge til saka. Kostnaden med å sikre seg dette arealet er svært høg, men opp mot dette må ein sjå at arealet vil kunne gje vesentleg auka muligheiter for utnytting av heile arealet rundt rutebilstasjonen. Eg vil difor tilrå kjøp av arealet i samsvar med den vedlagde avtalen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass. rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

AM for vidare oppfølging

AVTALE

Mellom Volda kommune (VK), org. nr. 939760946

og

Brit H. Friisvold, eigar av gnr./bnr. 19/94 i Volda kommune

er det inngått slik avtale:

1. Grunneigar av gnr./bnr 19/94 «Corner» i Volda kommune overdreg eigedomen til Volda kommune.
2. Partane er samde om at vederlaget for tomta er på kr. 1.500.000,- (ein million femhundretusen). Kjøpar tek alle kostnadar med overdraging og oppgjær.
3. Seljar pliktar å utferde heftefritt skøyte seinast 1 månad etter at seljar har fått tilbod frå Volda kommune. Skøyte blir utarbeidd av Volda kommune og vert sendt seljar til underteikning. Advokat Tynes i advokatfirmaet Hove & co tek seg av transaksjonen.
4. Denne avtalen er bindande for seljaren ved underskrift og for kommunen ved ordføraren si underskrift etter nødvendig politisk godkjenning.

Eidsbygda 30. okt. 2017

Volda _____ 2017


Brit H. Friisvold

eigar av gnr./bnr. 19/94

Volda kommune v/ordføraren

Vedlegg

Kart som syner det omsøkte arealet;





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2015/2283

Arkivkode: Q31

Utvallsaksnr

Utval

Møtedato

190/17

Formannskapet

14.11.2017

ROVDEFJORDSAMBANDET - TEIKNING AV AKSJAR

Administrasjonen si tilråding:

1. Volda kommune teiknar seg for kr. 10.000,- i ny aksjekapital i Rovdefjordbrua AS.
2. Løyvinga vert å dekke frå næringsfondet/kraftfondet slik:
Utgiftsføring:
Teneste 325, post «kjøp av aksjar». Finansiering: Teneste 325 «finansieringsinntekter». Begge på aktuelt ansvar og prosjekt (1200-325-120961)

Vedleggsliste:

1. Invitasjon til aksjeutviding d.s. 01.09.2017
2. Brosjyre Rovdefjordsambandet
3. F.sak 198/15
4. K-sak 122/10, møte 11.11.10

Uprenta saksvedlegg:

Teikningsblankett

Samandrag av saka:

Rovdefjordsambandet AS inviterer til utviding av aksjekapitalen i selskapet. Det vert rådd til at kommunen takkar ja til invitasjonen med 2 andelar a kr. 5.000,- .

Saksopplysningar/fakta:

Ved brev datert 01.09.inviterer styret i Rovdefjordsambandet AS til utviding av aksjekapitalen i selskapet, jfr. *vedlegg 1*.

Det går fram av invitasjonen at Rovdefjordsambandet no har fått lagt fram for Møre og Romsdal Fylkeskommune **Planbeskrivelse, Finansierings- og kontantstraumsanalyse og Konseptval med vedlegg.**

Planarbeidet har gått føre seg i vel 4 år, og har i seg nye teknologiløysingar med flytebru/nedsenka røyrtunnel.

På ekstraordinær generalforsamling av 6.07.2016 sak 7/2016 vart det gjort vedtak om å utvide aksjekapitalen og i ordinær generalforsamling av 31.05.2017 sak 12/2017 gjorde ein vedtak om å utvide teikningstida til 31.12.2017.

Volda kommune er aksjonær i selskapet (K-sak 122/10 med kr. 10.000,-), og er såleis invitert til å kjøpe nye aksjar.

Helse og miljøkonsekvensar:

Er vurdert i k-sak 120/10

Økonomiske konsekvensar:

Ein gjer framlegg om å dekke aksjekjøpet frå næringsfondet/kraftfondet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Er vurdert i k-sak 120/10

Vurdering og konklusjon:

I k-sak 122/10, møte 11.11.10 teikna Volda kommune seg for aksjar i selskapet med kr. 10.000,-, jfr. *vedlegg 1*. Grunngevinga då var m.a. at dette sambandet vil medverke til vekstimpulsar for vidare næringsutvikling i storregionen Nordfjord/Sunnmøre, og ikkje minst knyte Vanylven tettare til den ABS-(arbeids-, bustad- og service) regionen som Eiksundsambandet var utløysande til.

I sak PS-sak 198/15 frå møtet 08.12.2015 avslo formannskapet å kjøpe nye aksjar i Rovdefjordsambandet AS. Dette med bakgrunn i at Volda kommune står framfor store utfordringar innan samferdselssektoren sjølv, slik at ressursar må setjast inn på å løyse desse framover. Sidan den tid har status for kommunen sine samferdselsprosjekt endra seg ved at Voldatunellen har kome med i NTP og at kommunen har gått inn som aksjeeigar i Voldafjordkryssing AS.

Rådmannen syner til grunngevinga for at kommunen kjøpte aksjar i Rovdefjordbrua AS i 2010 og ser det no slik at tida er inne for å kome vidare i arbeidet med dette sambandet og samanknytninga av ABS-regionen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Rovdefjordsambandet AS
Rådhuset,
6143 Fiskå

Herøy kommune
v/ordfører Camilla Storøy
6099 Fosnavåg

01.09.2017

INVITASJON TIL TEIKNING AV AKSJAR/ARBEIDSKAPITAL - ROVDEFJORDSAMBANDET

Rovdefjordsambandet as har no fått framlagt for Møre og Romsdal fylkeskommune:
Planbeskrivelse, Finansierings- og kontantstrømsanalyse og Konseptval med vedlegg.
Oversendt MRFK 11.08.2016, oppdatert 04.07.2017 for vidare handsaming.

Selskapet har lagt ned eit grundig arbeid for realisering av bruprosjekt over Rovdefjorden og er no avhengig av å sikre god framdrift av prosjektet.

På ekstraordinær generalforsamling 6. juli 2016, sak 7, vart det gjort fylgjande vedtak:

Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til:

- a) å auke aksjekapitalen med inntil NOK 2.335.000 ved utferding av inntil 467 nye aksjar pålydande NOK 5.000. Fullmakta kan og omfatte kapitalauke med innskot i andre egedelar enn pengar.*
- b) Aksjonærane sin fortrinnsrett etter aksjelova § 10-4 kan fråvikast av styret.*
- c) Fullmakta gjeld frå registrering i Foretaksregisteret og fram til 30.06.2017.*

På generalforsamling 31. mai 2017, sak 12/2017 vart det gjort vedtak om å endre dato for avslutning av emisjon til 31.12.2017.

Rovdefjordsambandet er eit av dei viktigaste samferdselsprosjekta som er under planlegging på Sunnmøre. Sambandet er også viktig i forhold til realisering av Kystvegen Ålesund - Bergen.

For sterkare påverknad for framdrift i prosjektet må vi no sikre ei forutsigbar finansiering av selskapet sine aktivitetar/arbeid med reguleringsplan m.m. Selskapet har gjennom heile prosessen hatt god dialog med samferdselsavdelinga i MRFK inkludert sentrale politikarar og har stor tiltru til ei politisk handsaming framfor fylkestinget i inneverane år.

Det er svært viktig at vi klarer å få til eit breidt engasjement for prosjektet i regionen og håper at noverande aksjonærar kan være med å yte midlar til ein auka aksjekapital i selskapet, eventuelt midlar til reguleringsarbeid.

Vedl.: Status for Rovdefjordsambandet as pr. 01.08.2017, Info-foldar og Teikningsblankett for Rovdefjordsambandet as, Årsmelding/rekneskap 2016 – Aksjonærliste.



Magne Løvoll
Styreleiar

STATUS ROVDEFJORDSAMBANDET pr. 01.09.2017

Rovdefjorden er ei barriere mellom Søre Sunnmøre (45 000 innbyggjarar) og Nordfjordregionen (32 000 innbyggjarar). Fergene som går mellom Larsnes-Åram (rute 01) og Årvik-Koparnes (rute 02) krysser Rovdefjorden og er premissgjeverar for kommunikasjon mellom regionane. På grunn av høg verdiskaping spesielt på Søre Sunnmøre og folketallet i Nordfjordregionen, er det eit potensiale for ytterlegare vekst med mer effektive transportkanaler.

Kryssing av Rovdefjorden med fast samband har vore utgreia i flere sammenhenger. Dei tilgjengelege konseptane som undersjøisk fjelltunnel, hengebru og flytebru er alle utgreia i perioden frå 1971 fram til i dag.

Dagens situasjon består av ferjestrekket Årvik-Koparnes, rute 02, tilhørende FV61 og rute 01 Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøy som vert drifta som forbindelse primært for øyane i Sande kommune. Dette sambandet krysser Rovdefjorden frå Larsnes til Åram ca 6,5 km nordvest for rute 02.

Det er fleire teknisk moglege løysingar for kryssing av Rovdefjorden. Hengebru og undersjøisk fjelltunnel er det mest nærliggande basert på den erfaring som ein i dag finn i Norge.

Ei hengebru over Rovdefjorden vil kunne få eit hovudspenn på ca 1500m.

Utfordringa for hengebrualternativet er kravet om seglingshøgde på 75m og dei landskapsmessige påverknadane brutårna då vil få. Eit alternativ med undersjøisk fjelltunnel vil bil utfordra av dei nye stigningskrava i tunnellar på 5%. På grunn av fjordens djupte (360 m) og tilhøyrande volum av lausmasser vil ein fjelltunnel difor bli svært lang (opptil 15-18 km).

Dei ulike flytebrukonsepta varierer noko der den største skilnaden går på korleis ein løyser skipspassasjen. Dei tidlegaste forslaga gikk på ulike høgbrualternativ mellom Storeneset og Saudeholmen. Krav til seglingshøgde har auka frå om lag 35m på 1970-tallet til i dag 75m.

Krava til veg-geometri og stigning gjer at kobling mellom høgbru og flytebru aukar i kompleksitet ved stadig høgare seglingshøgder. Påkjøringsrampen til en høgbru vil ligge omtrent midt i Rovdefjorden ved ei seglingshøgde på 75m. Midtfjords har flytebrua vesentlige bevegelser og den strukturelle koblingen må derfor bli omfattande og kostbar.

For Rovdefjordsambandet er det gjort eit konseptutgreingsarbeid i perioda 2011-2016. Fire ulike løysingar er foreslått. Etter ein prosess med konseptvurderingar, er det kome til at ei flytebru kombinert med ei neddykka røybru er den økonomisk mest fordelaktige løysinga.

Ei neddykka røybru er derfor utreda og funne anvendelig for bruk mellom Saudeholmen og Storeneset. Her vil begrensninga ligge på seglingsdjupte og mulige skipsstøt.

Basert på ei total vurdering av alle dei moglege konseptane vil ei neddykka røybru være det minst usikre for kryssing av Rovdefjorden.

Det ligg no føre ein godkjend kommunedelplan i kommunane Sande og Vanylven for prosjektet der løysinga med flytebru og neddykket røybru er innarbeidd.

Analyser gjort av dagens ferjetilbod på FV61 viser at tilbodet er tilfredsstillande. Vesentlig trafikkauke på FV61 samt planer om en kystveg mellom Ålesund og Bergen gir likevel behov for å tenke fast forbindelse og dermed ei lengre ferjefri strekning nord/sør. På lang sikt er dagens løysing kostbar for samfunnet. Ved bygging av fast samband, vil kostnadene endrast frå å være driftskostnader til å bli investeringar og dermed på sikt kunne gje betydelege innsparingar.

Heile prosjektet med bygging av Rovdefjordsambandet er rekna til ei investering på 4253 MNOK inkl. mva (2016 kroner). Med ein bedriftsøkonomisk noverdiberekning vil prosjektet være sjølvfinansierande. Konstruksjonane er prosjektert med ei levetid på 100 år og det er vist at prosjektet har positiv noverdi etter 24 år.

Med Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) som vegeigar, vil Rovdefjordsambandet AS inneha rolla som utførande. Prosjektet vert finansiert i byggeperioden av Vanylven Utvikling AS (0,7%), Rovdefjordsambandet AS (26,3%), Bompengeselskapet AS (55,1%) og ved merverdiavgiftkompensasjon (17,9%).

Kostnader i driftsfasen (40 år) vil være renter, avdrag samt drift og vedlikehold. Dette vert finansiert med ferjeavløysingsmidler fra Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK). Det er berekna eit strukturert lån med 2,5% rente og avdrag tilpasset inntektene i driftsfasen. Det vert forutsett at MRFK kan sjå ei netto årlig innsparing på minst 28 MNOK (2016 kroner). Det er antatt at netto innsparing vert tilført Rovdefjordsambandet AS uavkorta og indeksregulert i driftsfasen over 40 år. Ferjeavløysingsmidler vil då bidra til ein balansert kontantstrøm frå første driftsår. Om det vert innført rentekompensasjon dei første driftsåra og/eller kortsiktig kassakreditt, vil behovet for ferjeavløysingsmidler kunne reduserast.

Bompengeselskapet AS betjener sine bankforpliktelser og driftsutgifter med inntekt frå bompengerelevante. Bompengesatsen er berekna til 113 NOK/passering (2016 kroner) og bompengeperioden er 25 år.

Det må også presiserast at prognosane for kostnadsutvikling i ferjeamboda er berekna lavare enn det som er realiteten i dag. Det er ikkje teke hensyn til nye og potensielt fordyrande miljøkrav til ferjedrifta. Trafikkprognosa etter bruåpning er også estimert lavare enn det ein har sett i prosjekt som Eiksundsambandet og Tresfjordbrua.

Etter at Rovdefjordsambandet er nedbetalt vil MRFK bruke berre 10% av dagens kostnader til drift av sambandet. Dei største og vesentlege innsparingane ved å bygge Rovdefjordsambandet vil difor som venta kome etter at prosjektet er nedbetalt.



Rovdefjordsambandet

- nøkkelen til Vestkappregionen

 **ROVDEFJORDSAMBANDET**

ROVDEFJORDSAMBANDET

Rovdefjordsambandet AS har som formål å arbeide for bygging av fastsamband mellom Koparnes/Bjørlykke i Vanylven kommune og Skredestranda i Sande kommune.

STYRET (pr 01.07.2015)

Magne Bjarne Løvoll (styreleiar)

Per Roar Gjerde (nestleiar)

Dag Vaagen

Knut-Erik Engh

Elfrid Kleven Hanstad

Kenneth Brandal

Idar Brekke

Olav Myklebust (vara)

Kristin Maurstad (vara)

SELSKAPET

stifta 20.01.2011

aksjekapital 2 270 000

driftskapital 500 000

AKSJONÆRAR (pr 01.07.2015)

Sparebanken Møre	100	22,0 %
------------------	-----	--------

Vanylven kommune	60	13,2 %
------------------	----	--------

Møre og Romsdal fylke	50	11,0 %
-----------------------	----	--------

Tussa Kraft AS	50	11,0 %
----------------	----	--------

Sande kommune	40	8,8 %
---------------	----	-------

Sparebank1Sunnmøre	20	4,4 %
--------------------	----	-------

Ålesund kommune	10	2,2 %
-----------------	----	-------

Selje kommune	10	2,2 %
---------------	----	-------

Ulstein kommune	10	2,2 %
-----------------	----	-------

Vågsøy kommune	10	2,2 %
----------------	----	-------

Bremanger kommune	10	2,2 %
-------------------	----	-------

Synste Møre	10	2,2 %
-------------	----	-------

Kleven Maritime	10	2,2 %
-----------------	----	-------





ALESUND

Ulsteinvik

Hareid

FOSNAVÅG

Lårsnes

Ørsta

Volda

Fiskå

Selje

Måløy

Nordfjordeid

Hornindalsvatnet

Svelgen

Sandane

417

Tanken om bru over Rovdefjorden vart lansert fleire tiår attende i tid.

BAKGRUNN

Første seriøse forsøk på å få dette nærare utgreidd fann stad då Jon Sætrenes tok opp tanken kring 1980. Prosjektet består av 2 hovuddeler; fjordkryssinga samt innkorting av Fv 61. Primært ser ein prosjektet realisert som eitt anlegg, men inndeling i 2 byggjestege er fullt mogleg ettersom dei kvar for seg "står støtt på eigne bein".

MÅL

Rovdefjordsambandet er eit viktig bindeledd mellom ytre Nordfjord og søre Sunnmøre, og vil skape gunstigare rammevilkår for maritimt og marint næringsliv, transport og for ein meir rasjonell bu- og arbeidsmarknad langs kysten.

Det er av lokal, regional og nasjonal interesse at prosjektet vert realisert raskt - kryssninga av Rovdefjorden er meir enn eit samferdselsprosjekt. Det er eit pionerprosjekt som vil endre korleis ein kryssar fjordar i Norge og internasjonalt. Utover å betre infrastrukturen for 62 142 innbyggjarar i Nordfjord og på Sunnmøre, vil prosjektet vise veg for utvikling og testing av ny rørtunnel-teknologi og modernisering av flytebruteknologi.



Pionerprosjekt på Sunnmøre: verdas første røyr tunnel

Forprosjektet på løysinga for verdas fyrste kombinerte røyr tunnel, som har sjø rundt seg på alle kantar, og flytebru, var ferdigstilt juli 2014. Bak prosjektet står Vanylven Utvikling AS, ingeniør- og entreprenørverksemda Reinertsen AS, Dr. techn Olav Olsen, Snøhetta og SINTEF.

Røyr tunnel har vore utreda fleire stadar, men er aldri bygd. Slike løysingar kan vise seg å bli framtidens løysingar også for å krysse dei breidaste og mest kompliserte fjordane i Noreg og i utlandet. Fjordkryssinga på Sunnmøre er spesielt egna som pionerprosjekt fordi lengden på røyret berre vert 230 meter.

Ei slik fjordkryssing vil binde saman den maritime klynga på Sunnmøre med dei ytre delane av Sogn og Fjordane og ytterligere medverke til å auke mobiliteten i ein blømande arbeidsmarknad, men også for Kystvegen Ålesund-Bergen.

Løysinga er totalt sett 3 500 meter lang. Konstruksjonen består både av tunnel i fjell, flytebru og sokalla ”neddykka røyrbru” – eller røyr tunnel. Seglingsdjupta over røyr tunnelen blir 14 meter – noko som vil tillate alle skip utanom dei aller største supertankarane og oljeriggane å gå over. Løysninga er planlagt med gang og sykkelsti.

Rovdefjord-kryssinga vil bli eit pilotprosjekt når den står ferdig. Prosjektgruppa som har jobba med dette har også erfaring frå tilsvarande freistnader på kryssing av Sognefjorden, Høgsfjord og Sulafjorden.

”Sammenlikna med disse kryssingane framstår Rovdefjord-prosjektet med røyrbru (røyr tunnel) som enklare. Prosjektet har likevel svært stor verdi som teknologikvalifiseringsprosjekt for neddykka røyrbru,” skriv Reinertsen AS i sin ekspertrapport.

Dersom ein tek vegstrekninga Kristiansand – Trondheim langs E 39 er der til saman 8 svært utfordrande fjordkryssingar. Skal løftet om fergefri E39 verte realisert må det truleg utviklast billigare og mindre visuelt skjemmaende løysingar for disse kryssingane.

Løysinga er i aller høgste grad konkurransedyktig med tradisjonelle løysingar.

Skal ein kunne bygge betre og smartare vegar må ny vegbyggingsteknologi utviklast. Med Rovdefjordsambandet vert ny teknologi realisert.

VESTKAPPREGIONEN

Hafast i nord og Kystvegen Måløy - Florø i sør vert inngangsportalanane til Vestkappregionen, ein maritim og marint sterk region med 70 000 innbyggjarar. Med Rovdefjordsambandet og Stad Skipstunnel i hjarte av dette området er det freistande å benevne regionen som eit samferdselslaboratorium - der utbygging av infrastruktur vil kunne utvikle korleis ressursane langs kysten vil kunne nyttast.

NATURGJEVNE FORHOLD TIL KJENTE OG TEKNOLOGIUTVIKLANDE LØYSINGAR

Dei naturgjevne forholda på staden ligg godt til rette for kryssing med bru. Lavbru over Bjørlykkeskjæra, vidare flytebru til Saudeholmen og ei neddykka rørbru herfrå over til Gurskøya. Sjølve Saudeholmen si naturgjevne utforming gjer dette strekket optimalt til å kunne teste ut teknologien som krevjast for å kunne krysse ein fjord med rørbru. Den er oppbygd som eit platå, og med eit strekk frå holmen og til "land" på vel 235 m gjer dette til eit byggeprosjekt som vil kunne gje kartleggingar og berekningsgrunnlag for ytterlegare utvikling - der rørbrua vert forankra i flytebru eller vert bygd over lengre strekk





MILEPÆLAR

- | | | | |
|------------|--|-----------|--|
| jan 2011 | Rovdefjordbrua AS vert stifta. | mai 2014 | Vanylven Utvikling AS set i gong forprosjekt for kryssning ved flytande rørbru som alternativ til høgbru. Prosjektet er eit samarbeid mellom Reinertsen AS, Dr. Tech Olav Olsen, Snøhetta og SINTEF. |
| okt 2011 | Vanylven og Sande kommune gjer positivt vedtak i prinsipp søknad om bompengefinansiering av Rovdefjordbru-sambandet. | juli 2014 | Forprosjektet for kryssning med rørbru vert lagt fram som eit potensielt pilotprosjekt for vegbygging. |
| mai 2012 | Rovdefjordbrua vert nemnt i regional transportplan etter samrøystes vedtak i samferdselsutvalet i Møre og Romsdal | mars 2015 | Kommunedelplan vert lagt ut for 2. gongs høyring. |
| sept 2012 | Likelydande støtteerklæring frå Bremanger, Vågsøy, Selje, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid kommunar, samt MAFOSS: <i>“... ser på Rovdefjord-bru-sambandet som eit viktig bindeledd mellom ytre Nordfjord og søre Sunnmøre. Rovdefjordbru-sambandet er vitkig for å skape gunstigare rammevilkår for maritim- og marint næringsliv, transport og for ein meir rasjonell bu- og arbeidsmarknad langs kysten.”</i> | juni 2015 | Selskapet endrar namn til Rovdefjord-sambandet AS |
| mai 2013 | Planprogrammet vert vedteke i begge kommunane. | jan 2016 | Godkjenndt kommunedelplan i begge kommunane |
| aug 2013 | Arbeid med kommunedelplan vert starta | aug 2016 | Planbeskrivelse, Finansierings- og kontantstrømsanalyse og Konseptval med vedlegg oversent MRFK. |
| april 2014 | Kommunedelplan vert lagt ut på 1. gongshøyring | | Igongsetjing av reguleringsplan. |
| | | | Gjennomslag for Rovdefjordsambandet som teknologiutviklande prosjekt som vil endre føresetnadane for korleis framtidige fjordkryssningar vert løyste - pilotprosjektet |

ROVDEFJORDSAMBANDET



I SAMARBEID MED:





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ernst Lundberg

Arkivsak nr.: 2015/2283

Arkivkode: Q31

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

Formannskapet

ROVDEFJORDSAMBANDET - TEIKNING AV AKSJAR

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune takkar nei til invitasjonen om kjøp av nye aksjar i Rovdefjordsambandet AS

Vedleggsliste:

1. Invitasjon til aksjeutviding
2. K-sak 122/10, møte 11.11.10

Uprenta saksvedlegg:

<http://www.rovdefjordsambandet.no/>

(Presentasjonsvideoen er laga av Volda-selskapet Firegrader AS: www.firegrader.com)

Samandrag av saka:

Rovdefjordsambandet AS inviterer til utviding av aksjekapitalen i selskapet. Det vert rådd til at kommunen takkar nei til invitasjonen.

Saksopplysningar:

Ved brev datert nov. 15 inviterer styret i Rovdefjordsambandet AS til utviding av aksjekapitalen i selskapet, jfr. *vedlegg 1*.

Det går fram av invitasjonen at Rovdefjordsambandet er no inne i sluttfasa for kommunedelplanvedtak i vertskommunane Sande og Vanylven. Planarbeidet har gått føre seg i 2 år, og har i seg nye teknologiløysingar med flytebru/nedsenka røyr tunnel.

Det vert utpå nyåret starta reguleringsarbeid for sambandet, og i denne samanheng har Rovdefjordsambandet AS i ekstraordinær generalforsamling av 18.05.2015 sak 7/2015 gjort fylgjande vedtak om å utvide aksjekapitalen.

Volda kommune er aksjonær i selskapet, og er såleis invitert til å kjøpe nye aksjar.

Vurdering og konklusjon:

I k-sak 122/10, møte 11.11.10 teikna Volda kommune seg for aksjar i selskapet med kr. 10.000,-, jfr. vedlegg 2. Grunngevinga då var m.a. at dette sambandet vil medverke til vekstimpulsar for vidare næringsutvikling i storregionen Nordfjord/Sunnmøre, og ikkje minst knyte Vanylven tettare til den ABS-(arbeids-, bustad- og service) regionen som Eiksundsambandet var utløysande til.

Slik stoda no er står Volda kommune framfor store utfordringar innan samferdselssektoren sjølv, slik at ressursar må setjast inn på å løyse desse framover. Såleis vert det rådd til at kommunen takkar nei til å bli med på aksjeutviding i Rovdefjordsambandet AS

Helse og miljøkonsekvensar:

Er vurdert i k-sak 120/10

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Er vurdert i k-sak 120/10

Rune Sjurgard

Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Rovdefjordsambandet AS

Rådhuset,

6143 Fiskå



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Vanylven kommune

6143 FISKÅBYGD

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2010/1744	9280/2010	Q31	SVK/ US	15.11.2010

MELDING OM POLITISK VEDTAK - ROVDEFJORDBRUA AS- TEIKNING AV AKSJAR

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 11.11.10, hadde føre ovannemnde som sak 122/10, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Volda kommune teiknar seg for 10.000,- kr. i ny aksjekapital i Rovdefjordbrua AS (eit selskap undr skiping).**
- 2. Løyvinga blir dekke frå næringsfondet slik:
Utgiftsføring: teneste 325, hovudpost "overføring til andre" Finansiering: teneste 325, hovudpost "finansieringsinntekter" Begge på aktuelt ansvar og prosjekt (1200-325-120961).**

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:

Revisor
Leiar rekneskap Gunnar L. Lillebø
Økonomisjef Henrik Skovly
Samordn. og utvikl.stab v/Arne Eliassen
Sakshandsamar Per Ernst Lundberg

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar	Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2010/1744
		Arkivkode:	Q31

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
135/10	Formannskapet	18.10.2010
122/10	Kommunestyret	11.11.2010

ROVDEFJORDBRUA AS- TEIKNING AV AKSJAR

Handsaming i kommunestyret:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 11.11.2010

1. ***Volda kommune teiknar seg for 10.000,- kr. i ny aksjekapital i Rovdefjordbrua AS (eit selskap undr skiping).***
2. ***Løyvinga blir dekke frå næringsfondet slik:
Utgiftsføring: teneste 325, hovudpost "overføring til andre" Finansiering: teneste 325, hovudpost "finansieringsinntekter" Begge på aktuelt ansvar og prosjekt (1200-325-120961).***

Handsaming i formannskapet:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding frå Formannskapet - 18.10.2010 til kommunestyret:

1. ***Volda kommune teiknar seg for 10.000,- kr. i ny aksjekapital i Rovdefjordbrua AS (eit selskap undr skiping).***
2. ***Løyvinga blir dekke frå næringsfondet slik:
Utgiftsføring: teneste 325, hovudpost "overføring til andre" Finansiering: teneste 325, hovudpost "finansieringsinntekter" Begge på aktuelt ansvar og prosjekt (1200- 325-120961).***

Administrasjonen si tilråding:

1. *Volda kommune teiknar seg for 10.000,- kr. i ny aksjekapital i Rovdefjordbrua AS (eit selskap undr skiping).*
2. *Løyvinga blir dekke frå næringsfondet slik:
Utgiftsføring: teneste 325, hovudpost "overføring til andre" Finansiering: teneste 325, hovudpost "finansieringsinntekter" Begge på aktuelt ansvar og prosjekt (1200-325-120961).*

Vedleggsliste:

1. Brev av 14.9.10 frå ordførarane i Sande og Vanylven
2. Forslag til vedtekter og teikningsblankett

Uprenta saksvedlegg:**Samandrag av saka:**

Ordførarane i Sande og Vanylven har sendt oppmoding til kommunane og dei to fylkeskommunane om å teikne aksjar i selskapet Rovdefjordbrua AS (eit selskap under skiping).

Eg rår til at kommunen teiknar seg for kr. 10.000,-.

Saksopplysningar:

I brev av 14.9.10 frå ordførarane i Sande og Vanylven vert kommunar på Sunnmøre og i Nordfjord og fylkeskommunane oppmoda om å teikne aksjar i selskapet Rovdefjordbrua AS (eit selskap under skiping).

Selskapet skal ha som føremål å arbeide for at ferjesambandet Koparnes-Årvik vert erstatta av fast samband. Vidare ser ein føre seg vegen ført gjennom fjellet til Gursken.

Ordførarane ser at fordelane med prosjektet er fleire:

- Veglengda nord-sør vert innkorta med fleire kilometer.
- Vegstandarden vert heva vesentleg.
- Fjellovergangen Drageskaret forsvinn som hovudveg med dei trafikale problem dette har skapt; særleg på vinteren.
- Reisetida vert redusert.
- Arbeidsmarknadsregionen vert utvida ved at synste delen av Møre/Nordfjord vert knytt nærare opp mot resten av Sunnmøre. Det samla samkvemet mellom bygdene vert tettare. M.a. vil den sosiale og kulturelle fellesskapen nyte godt av sambandet.

Sentrale oppgaver for selskapet vil vere å arbeide så vel med utgreiing/planarbeid som med påvirkning andsynes det politiske nivået. Målsettinga er vidare at utgreiingsarbeidet vert ført fram til eit nivå der det er rimeleg å anta at fylket som veghaldar tek hand om arbeidet med å føre prosjektet fram til ferdigstilling.

Ordførarane meiner at i utgangspunktet synast det realistiske alternativet vere å bygge ei kombinert flytebru/høgbru mellom Bjørlykke og Breivikneset. Skipsleia (for større båtar) vil

då gå mellom Saudeholmen og Gurskøylandet. Mindre båtar vil kunne passere under flytebrua på heile lengda. Prosjektet er meint å inngå som del av Fv 61 Kystvegen Ålesund-Bergen.

Vurdering og konklusjon:

Alt i 2004 i den såkalla "Sunnmørspakken" er prosjektet omtalt i *marginallista*, dvs. at riksvegar som ikkje kom med i pakken vart vedteke å føre opp i ei "venteliste" i uprioritert rekkefølge. Og her finn vi dette prosjektet, då omtalt som

- Kryssing av Rovde-/Voldsfjorden

Dette er seinare stadfesta i den reviderte Sunnmørspakken av juni 2010, då omtalt som

- Kystvegen (RV 61) Ålesund – Sogn og Fjordane

Dette sambandet vil medverke til vekstimpulsar for vidare næringsutvikling i storregionen Nordfjord/Sunnmøre, og ikkje minst knyte Vanylven tettare til den ABS-(arbeids-, bustad- og service) regionen som Eiksundsambandet var utløysande til.

Helse og miljøkonsekvensar:

Betra vegstandard bygd etter dagens krav vil gje tryggare ferdsel. Betra vegstandard og innkortingar mellom område der folk bur og arbeider vil også gje grunnlag for betra kollektivtransport, noko som vil vere betre for miljøet.

Økonomiske konsekvensar:

Aksjekjøpet gjer eg framlegg om vert dekkja frå næringsfondet. På næringsfondet er det no kr. 117.940,- som ikkje er disponert. Om samla løyving i denne og andre saker i dette møte skulle overstige denne summen, vil det verte å dekke av neste års tilvekst til fondet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Betra kommunikasjonar vil gje høgare beredskap.

Jarle B Krumsvik
adm. sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Vanylven kommune
6143 Fiskåbygd

Kopi:

Økonomisjef Henrik Skovly
Rekneskapsseksjonen v/Gunnar L. Lillebø
Samordnings- og utviklingsstaben v/Arne Eliassen
Revisor
Sakshandsamar Per Ernst Lundberg

PS 191/17 Orienteringssaker

For journalføring:

Per Heltne: Det som gjeld regulering E 39/Voldatunnelen

Asbjørn Moltudal: Det som gjeld innspel til samferdselsavdelinga/rutetilbod

Send også ut som orienteringssak for FSK 14. november

Fra: Johann Roppen [jr@hivolda.no]

Sendt: 3. november 2017 13:41

Til: Rune Sjugard; Jørgen Einar Amdam

Kopi: Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen; Jens Standal Groven

Emne: Ang busstilbod til Høgskulen

Hei!

Ei sak som har gått litt under radaren - i det minste min radar – er busstilbodet til og frå Høgskulen og for så vidt også sjukehuset.

Slik planen for ny E39 no ser ut er det ikkje lagt til rette for buss på ein forsvarleg måte i framtida og det kjem vi til å gi beskjed om i form av ei høyringsfråsegn. Vi håper Volda kommune og Helse Møre og Romsdal støttar oss i dette og reknar med at også samferdselsavdelinga i fylket ser at slik planen no er det i alt for liten grad planlagt for kollektivtrafikk.

Men på kort sikt er det heller ikkje eit godt nok busstilbod til og frå HVO. Manglande buss til og frå flyplassen er for så vidt vel kjent, men er ikkje mindre presserande av den grunn. Verre er det at busstilbodet som faktisk finst er så fryktelege vanskelege å orientere seg om at ikkje ein gong sjåførane alltid veit korleis dei skal køyre. Det har eg sjølv erfart - og fått dokumentert i form av refundert drosjerekning frå busselskapet.

Tilsette og studentar som prøver å pendle til og frå høgskulen opplever også at busstilbodet er svært upraktisk å nytte. Ein tilsett som bur i Fosnavåg fortel at turen tek 45 min om han køyrer eigen bil. Med buss vil turen ta 1,5-2 timar. Så dette er også ei regional sak.

Eg meiner difor det er viktig at Volda kommune – som er høyringsinstans i samferdselsaker i fylket – også involverer HVO i prosessar/høyringar/planlegging som gjeld samferdsel, som til dømes på våre faste samråd.

Eg har inntrykk av at Ålesund kommune som vertskommune for NTNU Ålesund har vore svært aktiv og pressa på for å få betre busstilbodet til og frå Campus Ålesund. Samferdselutvalet i fylket har vel ei nøkkelrolle i å vurdere det samla busstilbodet i fylket og med samordna og gode innspel bør vi kunne styrke busstilbodet i Volda og regionen.

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 20

www.hivolda.no



VOLDA KOMMUNE

Ordfører

Statens vegvesen Region Midt
Postboks 2525

6404 MOLDE

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/73	13636/2017	N33	ORDF/ JORAMD	26.10.2017

TOALETT FOLKESTAD FERJEKAI

Vi viser til planane om å ha 0-utslepp fergjer på sambandet Volda – Folkestad. Vi er takksame for at planane om utbygging på Volda-sida omfattar venterom med toalett.

Volda kommune forutset at også Folkestad ferjekai må ombyggast og i samband med dette vil vi be om at det blir bygd venterom med toalett som på Volda-sida. Spesielt om det blir 40 minutt avgangar, kanskje lenger på ettermiddag / kveld, vil behovet vere presserande.

Med helsing

Jørgen Amdam
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Styremøte, Volda Næringsforum (032017)

Protokoll

Dato: Måndag 30. oktober 2017

Tid: kl. 19.00 – 20.00

Stad: Hornindal, Raftevolds hotell

Frammøtt:

- Hallvard Bjørneset (HB, styreleiar og AU) (ordstyrar)
- John Abraham Nymark (JAN, nestleiar og AU)
- Jan Heltne (JH, styremedlem og AU)
- Eiliv P. Halkjelsvik (EH, styremedlem og AU)
- Kirsti Gjørvad (KG, styremedlem)
- Mette Ryste (MR, styremedlem)
- Anita Kragset (AK, styremedlem)
- Jørgen Amdam (JA, møte-/talerett, ordførar Volda Kommune)
- Rune Sjurgard (RS, møte-/talerett, rådmann, Volda Kommune)
- Stefan N. Halck (SNH, dagleg leiar VNF, referent)

Meldt forfall:

- Frank Vatne (FV, styremedlem og AU)
- Karl Erik Rønnestad (KER, styremedlem)

Sakliste:

Sak nr	Beskriving	Ansvarleg	Frist
1	Godkjenning av innkalling og sakliste - Godkjent uten merknader		
2	Godkjenning av protokoll frå styremøte 032017 - Godkjent uten merknader		
3	Styreleiar orienterer (munnleg orientering) - Tatt til orientering		
4	Dagleg leiars orientering (lagt ved) - Tatt til orientering		
6	Budsjett 2018 - Forslag: <ul style="list-style-type: none"> ○ VNF sender en begrunnet søknad om årlig tilskudd til Volda kommune, som på grunnlag av dette utformer en innstilling til eget protokollført vedtak ○ Destinasjon Volda: Ta en gjennomgang i styret, og komme med en uttale inn mot Nye Volda kommune (fellesnemnda) angående videre prosess. Blant annet få med punkt angående valg av destinasjonsselskap 	SNH SNH	Sette tidspunkt etter diskusjon i AU



7	<p>Samhandling og kommunikasjon</p> <ul style="list-style-type: none">- Innspill fra Volda kommune:<ul style="list-style-type: none">o God forretningsorden er viktigo Jevnlige dialogmøter underveis for best mulig kommunikasjono Avklare forventninger til hverandre- Innspill fra styret i VNF til Volda kommune<ul style="list-style-type: none">o Avklare konkret hvordan vi forholder oss til framtidig struktur på næringsarbeido Viktig at VNF i større grad er involverto VNF jobber for å være en tydelig stemme for næringslivet i Voldao Uklare roller mellom Volda kommune og VNF<ul style="list-style-type: none">▪ Etterlyser klarere rolleavklaringo Fortsatt fokus på åpenhet og dialogo Må være takhøyde for at man er uenige og har ulike innfallsvinkler og meninger- Henvendelser fra VNF rettes til Volda kommune, som tar dette videre til fellesnemnda for Nye Volda	AU (styret)	2017
8	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none">- Orientering om status, kulturhus<ul style="list-style-type: none">o Volda kommune fikk oversendt økonominotat fra Statsbygg fredag 27. oktober 2017<ul style="list-style-type: none">▪ HVO ble anbefalt å ikke gå videre med kulturhus-/kino-prosjektet▪ 10-11 MNOK i årlige utgifter (+mva)▪ Et sannsynlig utfall at Volda kommune vil trekke seg ut av prosjektet, og fokusere på andre prosjekter (som i større grad er knyttet til lovpålagte oppgaver, mv.)▪ Sannsynligvis mye billigere å bygge kulturhus/kino selv- Til orientering: StudiebygdA-partnerskapet skal ha møte i slutten av november 2017<ul style="list-style-type: none">o Forslaget er at partnerskapet går over til å bli et Utviklingsforum for Volda (se framover på felles utviklingsmuligheter, med fokus på synergier og samhandling). VNFs rolle i et slikt utviklingsforum vil behandles i et senere AU-møte.		

Invitasjon til eigarmøte fredag 1. desember 2017 kl. 09.30

Tussa Kraft held årleg eigarmøte i månadsskiftet november/desember. Det skal haldast i år også, og med dette vert **ordførarar, varaordførarar og rådmenn** i eigarkommunane, samt **KLP og styreleiar i Hornindal Kraftlag** invitert til eigarmøte på Tussatun i Hovdebygda fredag 1. desember kl. 09.30. Frå Tussa deltek styreleiar og adm. direktør.

Aktuelle emne på årets samling er

1. Utvikling for forretningsområda.
2. Mørenett status.
3. Aktuelle energipolitiske saker
4. Revisjon av aksjonæravtalen
5. Eventuelle tilbakemeldingar frå eigarane.

Møtet vert avslutta med mat i kantina.

Ver vennleg å melde attende på tlf. 70 04 62 00 eller e-post: firmapost@tussa.no innan onsdag 30. november om det høver for deg å delta.

Med venleg helsing

for **Elling Dybdal** | Konsernsjef | TUSSA

Lillian Tvergrov | Administrasjonskonsulent | TUSSA KRAFT AS

Tlf. dir.: 70 04 62 16 | Mobil: 958 19 623 | lillian.tvergrov@tussa.no | www.tussa.no | [Facebook](#)

TUSSA – MED KRAFT TIL Å SKAPE



NOTAT

Interne mottakarar:
Servicekontoret Inger-Johanne Johnsen

Sak: Matpengar på Hamna dagsenter

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/2048	13489/2017	231	HDS/INGUGJE	24.10.2017

SVAR PÅMINNING FRÅ FORMANNSKAPET I HØVE MATPENGESETSEN VED HAMNA DAGSENER

Administrasjonen har sett på saka om matpengesatsen ved Hamna dagsenter og har vedteke å sette ned prisen per måned til kr 500,-.

Saka blir behandla i budsjett 2018.

Med helsing

Ingunn Gjengedal
Leiar Hamna dagsenter